



DET KONGELEGE
FISKERIDEPARTEMENT

St.meld. nr. 45

(2003–2004)

Om dei fiskeriavtalane Noreg har inngått
med andre land for 2004 og fisket etter
avtalane i 2002 og 2003

Forord

Fiskeridepartementet legg med dette fram ei melding til Stortinget om dei fiskeriavtalane Noreg inngår med andre land. Ei slik melding skal leggjast fram årleg. Meldinga vart første gong lagt fram i 1995. Ein viser i den samanheng til St meld nr 49 (1994-95) om dei årlege fiskeriavtalane Noreg inngår med andre land. I denne meldinga la Fiskeridepartementet vekt på å gje ei omtale av det rammeverket som vart inngått i tilknytning til utvidinga av den norske økonomiske sona på syttitalet, og som ligg til grunn for dei årlege kvoteforhandlingane (rammeavtalane). Desse avtalane er ikkje særskilt omtalt i denne meldinga.

Denne meldinga omtalar kvoteavtalane for 2004, norsk deltaking i fleirsidig fiskerisamarbeid og i regionale forvaltningsorganisasjonar. Det vert vidare gjort greie for bestandsutrekning, rådgjeving, tilstandsrapportar og langsiktige forvaltningsplanar for dei viktigaste bestandane som Noreg deler med andre land. Meldinga omtalar også dei kontrolltiltaka som er sette i verk i Noreg si økonomiske sone (NØS) for å kontrollere norsk og utanlandsk fiske på tildelte kvotar, i tillegg til kontrollsamarbeidet med andre land og tiltak mot uregulert fiske. Til sist gir meldinga ei oversikt over utnyttinga av kvotar av norske og utanlandske fiskarar i 2002 og 2003, og kva slags fartøygrupper som fiskar på dei kvotane Noreg har i andre land sine soner.

Kvoteavtalane for 2004 finst på Fiskeridepartementet sine heimesider: <http://www.dep.no/fid/>

Innhald

1	Samandrag	7	4.2.1	Norsk-arktisk torsk	33
2	Innleiing	10	4.2.2	Norsk-arktisk hyse	34
2.1	Oppretting av dei økonomiske sonene	10	4.2.3	Norsk arktisk sei	35
2.2	Regulering av utanlandsk fiske i norske jurisdiksjonsområde	10	4.2.4	Lodde i Barentshavet.....	37
3	Dei ulike fiskeriatvatalane for 2004	13	4.2.5	Norsk vårgytande sild	38
3.1	Det førebuande arbeidet.....	13	4.2.6	Nordsjøsild	40
3.2	Kvoteatvatalane for 2004.....	14	4.2.7	Makrell	42
3.2.1	Noreg – Russland	14	4.2.8	Sei i Nordsjøen og vest av Skottland...	44
3.2.2	Noreg – EU (fisket i Nordsjøen, Barentshavet, vest av Dei britiske øyane og ved Grønland)	16	4.2.9	Torsk, hyse og kviting i Nordsjøen	45
3.2.3	Noreg – Færøyane.....	18	4.3	Langsiktige forvaltningsplanar	48
3.2.4	Noreg – Grønland.....	19	4.3.1	Presentasjon av dei ulike forvaltningsplanane.....	48
3.2.5	Noreg – Island	20	4.3.2	Generelle merknader.....	51
3.2.6	Noreg – EU (fisket i Skagerrak/Kattegat)	20	5	Kontrollordningar	52
3.2.7	Noreg – EU (Sverige)	21	5.1	Kontroll av fiske i norske jurisdiksjonsområde.....	52
3.2.8	Noreg – Polen	21	5.2	Kontrollsam arbeid	53
3.3	Fleirsidig fiskerisamarbeid.....	21	5.3	Tiltak mot uregulert fiske.....	53
3.3.1	Regulering av norsk vårgytande sild i Nordaust-Atlanteren.....	21	6	Fisket etter avtalande i 2002 og 2003	55
3.3.2	Regulering av lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen.....	22	6.1	Norsk utnytting av kvotar.....	55
3.3.3	Forhandlingar om eit forvaltningsregime for kolmule	22	6.1.1	Noreg – Russland	55
3.3.4	Regulering av makrell.....	22	6.1.2	Noreg – EU	56
3.4	Regionale forvaltningsorganisasjonar	22	6.1.3	Noreg – Færøyane	58
3.4.1	NAFO	22	6.1.4	Noreg – Grønland	58
3.4.2	NEAFC	24	6.1.5	Noreg – Island, om fisket etter botnfisk ved Island, og fisket etter lodde	59
3.4.3	IWC, NAMMCO OG CITES	26	6.1.6	Noreg-Grønland-Island; lodde ved Jan Mayen, Grønland og Island.....	59
3.4.4	CCAMLR.....	27	6.1.7	Noreg – EU (Sverige – Danmark), om fisket i Skagerrak/Kattegat.	60
3.4.5	ICCAT.....	27	6.1.8	Norsk fiske i det nordvestlege Atlanterhavet.	60
3.4.6	SEAFO	28	6.1.9	Norsk fiske i Irmingerhavet.	61
4	Bestandsutrekning, rådgjeving, tilstandsrapportar og langsiktige forvaltningsplanar	29	6.1.10	Norsk vårgytande sild – Fempartsavtala	61
4.1	Bestandsutrekning og rådgjeving.....	29	6.2	Utanlandsk utnytting av kvotar i norske havområde i 2002 og 2003	62
4.1.1	Bestandsutrekning	29	6.2.1	Russland – Noreg	62
4.1.2	Metodar for utrekning av bestandar...	30	6.2.2	EU – Noreg	62
4.1.3	Forvaltningsplan og rådgjeving	30	6.2.3	Færøyane – Noreg	63
4.1.4	Rådgjeving frå Det internasjonale råd for havforskning (ICES)	32	6.2.4	Grønland – Noreg	64
4.2	Tilstandsrapportar og rådgjeving for dei viktigaste fiskebestandane i norske farvatn	33	6.2.5	Island – Noreg	64
			6.2.6	EU (Sverige – Danmark) – Noreg, om fisket i Skagerrak/Kattegat	64
			6.2.7	Sverige – Noreg.....	65
			6.2.8	Polen – Noreg.....	66



DET KONGELEGE
FISKERIDEPARTEMENT

St.meld. nr. 45

(2003–2004)

Om dei fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003

*Tilråding frå Fiskeridepartementet av 18. juni 2004,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Samandrag

Kvoteartalane for 2004, deltaking i fleirsidig fiskerisamarbeid og i regionale forvaltningsorganisasjonar

I fiskeriforhandlingane med Russland om ein kvoteartale for 2004 vart partane samde om ein totalkvote (TAC) for norsk arktisk torsk på 486.000 tonn, medrekna 40.000 tonn murmansk-torsk. Dette er i tråd med forvaltningsplanen vedteke under den 31. sesjonen i fiskerikommisjonen. Den bekymringsfulle situasjonen for norsk kysttorsk medførte ein drastisk reduksjon av denne kvoten. Kvoten for 2004 inneber ei halvering av fjorårets kvote til 20.000 tonn.

Noreg og Russland har sett ein totalkvote for norsk arktisk hyse på 130.000 tonn for 2004. Ettersom loddebestanden no er på eit botnnivå blei det derimot ikkje opna for fiske etter lodde i 2004. Noreg og Russland er også for 2004 samde om eit kvotebytte på eksklusive bestandar.

Noreg og Russland har fastsett ein totalkvote på 780.000 kongekrabbar for 2004, fordelt med 500.000 krabbar til Russland og 280.000 til Noreg. I forståing med Russland vil Noreg i 2004 innføre ei vestgrense for den felles forvaltninga av kongekrabbe ved 26° austleg lengdegrad (Magerøya)

for å kunne redusere spreinga av kongekrabbe vest for denne grensa.

Eit hovudfokus for samarbeidet mellom Noreg og Russland om forvaltning og kontroll i Barentshavet i 2004 vil vere arbeidet med ein styrka kontroll med omlasting av fisk i Barentshavet. Partane er einige om å utforma eit kontrollregime retta mot denne aktiviteten i løpet av fyrste halvår 2004.

Som for 2003, speglar også kvoteartalen med EU for 2004 den vanskelege bestandssituasjonen for fleire av botnfiskbestandane i Nordsjøen. Partane har mellom anna vedteke å føre vidare kvotane for torsk og kviting på same nivå som i 2003 då desse vart kraftig redusert. Noreg og EU er også samde om å fortsette det felles arbeidet med å forbetre beskatninga av botnfisk. Som ledd i dette har ein i 2004 innleidd eit samarbeid for å revidere forvaltningsplanane for torsk, hyse, sei, raudspette og sild.

I 1999 vart Noreg, EU og Færøyane samde om ei trepartsavtale for forvaltning av makrell i Nordaust-Atlanteren. Med denne avtalen aksepterte Noreg og EU at Færøyane er kyststat til makrellen. Partane har inngått tilsvarende avtalar for 2001, 2002 og 2004.

Fordelinga av makrell mellom Noreg og EU er eit spørsmål som partane forhandlar om og følgjer opp i dei årlege tosidige forhandlingane.

Referanse-TAC'en som vart vedteke av dei tre kyststatane vart utgangspunkt for drøftingane i NEAFC om regulering av makrellfisket i internasjonalt farvatn for 2004. På årsmøtet i NEAFC vedtok partane ei regulering av makrell i internasjonalt farvatn som inneber ein kvote for dette området på 52.192 tonn. Både Russland og Island har sett fram formelle reservasjonar mot denne reguleringa.

Noreg har for 2004 inngått kvoteavtalar med EU om fisket i Skagerrak/Kattegat og om svensk fiske i den norske delen av Nordsjøen. Noreg har vidare inngått bilaterale kvoteavtaler for 2004 med Færøyane og Grønland. Som fylgje av det polske EU-medlemskapet frå 1. mai 2004, har Noreg sagt opp den bilaterale rammeavtalen med Polen. Det er for 2004 også utveksla kvotar med Island i tråd med «Smottholavtalen» og den tilhøyrande tosidige avtalen, og Noreg har i 2003 forhandla frem ein ny trepartsavtale med Island og Grønland om regulering av lodda i området mellom Island, Grønland og Jan Mayen.

Det er ikkje inngått ei fempartsavtale mellom Noreg, Russland, EU, Færøyane og Island om regulering av fisket etter norsk vårgytande sild i Nordaust-Atlanten for 2004. Noreg har i mangel av ein fempartsavtale underskrive ein førebels bilateral avtale med Russland for 2004. Avtalen med Russland inneber at dei kan fiske 80.000 tonn sild i NØS nord om 62°N og i fiskerisona rundt Jan Mayen.

Sidan 1999 har dei landa som er definert som kyststatar til kolmule – Noreg, EU, Færøyane, Island og Grønland – arbeidd med å etablere eit forvaltningsregime for heile kolmulebestanden. Desse partane er einige om at ein må sikte seg inn mot eit reguleringssystem med to komponentar, eit kyststatsregime og ein separat NEAFC-regulering av fisket i internasjonalt farvatn. Kyststatane har sidan februar 2000 hatt tolv drøftingar om kolmuleforvaltninga utan å kome til ei endeleg løysing.

Med verknad frå 1996 vedtok NEAFC ei multilateral avtale for fiske av uer i Irmingerhavet. Noreg er etter denne avtala tildelt ein kvote på 4.290 tonn i 2004.

Delar av uerbestanden i Irmingerhavet som vert forvalta av NEAFC har dei seinaste åra vore observert og delvis utnytta i NAFO-området. Den norske uerkvoten for 2004 er, som i åra 2001 til 2003, ein totalkvote for begge områdene.

Rekefisket ved «Flemish Cap» (NAFO

område) har sidan 1996 vore regulert gjennom grenser for talet på fartøy som kan delta i fisket og grenser for det samla talet på døgn som fartøya kan fiske. Norske fartøy kan samanlagt fiske i 1.985 fiskedøgn i 2004. 32 norske fartøy kan ta del i fangsten.

Noreg har også i 2003 vore representert i ulike møte i globale og regionale forvaltnings- og verneorganisasjonar som IWC, NAMMCO, CITES, CCAMLR og ICCAT. Noreg er også medlem i SEAFO.

Bestandsutrekning, rådgjeving, tilstandsrapportar og langsiktige forvaltningsplanar

Dei årlege forhandlingane Noreg fører med andre land er baserte på rådgjevinga frå Det internasjonale havforskningsrådet, ICES («International Council for the Exploration of the Sea»). Rådgjevinga frå ICES blir utarbeidd av Den rådgjevande komitéen for fiskeriforvaltning, ACFM («Advisory Committee on Fisheries Management»). ACFM hentar inn vitenskapleg bakgrunnsmateriale frå medlemslanda og gir årlege råd om fangstmengder for dei viktigaste fiskeslaga i Nordaust-Atlanten.

Sidan 1997 har Noreg vore med på å vedta langsiktige forvaltningsplanar for alle fellesbestandane i Barentshavet saman med Russland, dei viktigaste botnfiskbestandane og sild i Nordsjøen saman med EU, makrell i Nordaust-Atlanten saman med EU og Færøyane, og norsk vårgytande sild saman med EU, Russland, Island og Færøyane. Slike planar er ein viktig føresetnad for å oppnå målet om ei berekraftig forvaltning av alle dei kommersielle fiskebestandane som Noreg deler med andre land.

Kontrollordningar

Noreg har no fått på plass kontrollavtalar og avtalar om gjensidig satellittsporing med dei viktigaste samarbeidspartane på fiskerisektoren mellom anna med Russland og EU-landa.

Fiskeridepartementet vedtok 1. juni 2000 satellittovervaking av alle norske fiske- og fangstfartøy over 24 m. Slike fartøy vil vere underlagt sporing i område både under norsk og utanlandsk fiskerijurisdiksjon. Vidare vil alle norske fartøy, uavhengig av storleik, sporast ved fiske i internasjonalt farvatn. Utanlandske fiskefartøy vert underlagt krav om satellittsporing i Noreg si økonomiske sone i tråd med det tidspunkt som er avtala i dei ulike tosidige avtalane.

Norske myndigheiter har dei seinare åra innført ei rekkje tiltak for å hindre ulovleg og uregulert fiske. Eit sentralt tiltak har vore den såkalla «svartelistinga» av fartøy som har drive uønska aktivitet i område utanfor norsk jurisdiksjon. Fartøy som har delteke i uregulert fiske i internasjonalt farvatn kan bli nekta lisens i Noreg si økonomiske sone. Ein kan vidare nekte fartøyet å føre norsk flagg og under visse vilkår også nekte slike fartøy å lande fangst.

Norsk utnytting av kvotar

Dei norske fartøya har nytta kvotane på fellesbestandane torsk og hyse nord om 62°N fullt ut i 2002 og om lag fullt ut i 2003.

I Nordsjøen vart dei norske kvotane på fellesbestandane makrell og sild oppfiska i 2002, medan sei ikkje vart nytta fullt ut i 2002. Det stod att ein rest av både makrell, sild- og seikvoten i 2003. Kvotane på dei andre konsumfellesbestandane vart ikkje utnytta i same høge grad.

Til saman vart det i 2002 fiska 225.000 tonn kolmule i internasjonalt område medan det i 2003 vart fiska 465.000 tonn. I 2002 og 2003 vart kolmulekvotane i både Færøy-sona og EU-sona nytta fullt ut.

Norske linefartøy utnytta omlag 56 % av botnfiskkvotane av blålange, lange og brosme i EU sine farvatn i 2002 og om lag 53 % i 2003. I færøyske farvatn har norske fartøy fiska heile botnfiskkvoten i både 2002 og i 2003.

Noreg har kvotar ved Grønland etter dei årlege kvoteavtalane med Grønland og EU. For norske fiskarar er kvotane på blåkveite, kveite, uer og reker av stor verdi. Desse kvotane blir godt utnytta.

I sesongen 2002/2003 og 2003/2004 nytta dei norske fartøya heile den norske loddekvoten i områda ved Jan Mayen, Grønland og Island.

Det norske fisket i Skagerrak var i hovudsak konsentrert om reker og sild i 2002 og 2003.

Rekefisket ved Flemish Cap vart innsatsregu-

lert i 1996. Rekefisket ved Flemish Cap er eit viktig potensielt driftsalternativ for rekeflåten, særleg er dette tilfelle for Grønlandsrekeflåten. Det var elleve fartøy som deltok i rekefisket ved Flemish Cap både i 2002 og 2003.

I tillegg til fisket innanfor kvoteavtalar med andre land, har norske fartøy sidan 1990 fiska uer i internasjonalt område i Irmingerhavet. Dette fisket nådde ein topp i 1992 og 1993 med omlag 14.600 tonn begge åra. I 2002 vart det fiska om lag 4.600 tonn, i 2003 om lag 3.200 tonn.

Utanlandsk utnytting av kvotar

Når det gjeld utanlandsk utnytting av kvotar er det eit generelt trekk at kvotane av torsk, hyse og sei nord om 62°N er godt utnytta av dei landa som har kvoterettar i området.

Hovudtyngda av EU sitt fiske i Nordsjøen og i Skagerrak skjer på botnfiskartar (torsk, hyse, sei o.a.), sild, makrell og industrifisk som tobis, augepål og kolmule. I følgje offisiell fangststatistikk har EU i dei seinare åra hatt relativt god utnytting av kvotane sine av torsk, hyse og sei i Nordsjøen. Utnyttinga av dei fastsette kvotane i Skagerrak var også gjennomgåande høg for EU.

Når det gjeld EU sitt fiske i NØS i Nordsjøen var det låg utnytting av kvotane med unntak for makrell der kvoteutnyttinga var høvesvis 77 % og 70 % i 2002 og 2003.

I 2002 fiska Færøyane nesten heile seikvoten sin i NØS i Nordsjøen, i 2003 vart berre 35 % av seikvoten i NØS i Nordsjøen utnytta. I høve til kvotane sine har Færøyane fiska mykje sild og makrell i Nordsjøen i 2002 og 2003.

Grønland har sidan kvoteavtala vart inngått i 1991 vore lite aktiv i fiske på konsumartar i Nordsjøen. I 2002 og 2003 har det vore aktivitet frå eitt grønlandsk fartøy.

I hovudsak utnyttar Sverige godt dei svenske bilaterale kvotane sine i norsk del av Nordsjøen, og Polen har tradisjonelt nytta seikvoten sin godt.

2 Innleiing

Ved Regjeringa si erklæring av 26. september 1974 vart hovudlinene i fiskeripolitikken presenterte. Ved opprettinga av økonomiske soner i tråd med det nye havrettsregimet, ønskte Regjeringa å medverke til at nyordningane i fiskeria i verda ikkje skulle verke forstyrrande på forholdet til andre land. Den norske fiskeripolitikken skulle gjennomførast i kontakt og forhandlingar med dei landa som vart påverka av dei norske utvidingstiltaka.

Regjeringa freista såleis å kome fram til ordningar med desse landa, som bygde på byterelasjonar, nedtrapping av fiske over tid eller som tok omsyn til særlege interesser og vilkår.

Ein omfattande del av norsk fiske (målt i vekt) skjer på bestandar som vi deler med andre land. Dette var bakgrunnen for at Regjeringa forhandla fram rammeavtaler som både gav fiskekvotar til dei landa som utvidinga til 200 n. mils økonomisk sone fekk verknad for frå 1. januar 1977, og som tok vare på tradisjonelle norske fiskeinteresser i dei økonomiske sonene til andre land.

Etter FN sin havrettskonvensjon av 10. desember 1982, har kyststatane suverene rettar til å utnytte ressursane i havet innanfor dei økonomiske sonene. Dei kyststatane som deler ein eller fleire fiskebestandar skal samarbeide om regulering og vern av bestandane.

Utvidinga av nasjonal fiskerijurisdiksjon til 200 nautiske mil på slutten av syttitalet, førte såleis til ein overgang frå fleirsidige forhandlingar innan ramma av NEAFC (Northeast Atlantic Fisheries Commission) til tosidige forhandlingar mellom dei kyststatane som saman har suverene rettar til fiskebestandane. Dette inneber at såkalla tredjeland som ikkje har rettar som kyststat i det aktuelle området, ikkje tek del i avgjerder om forvaltninga av bestandane, slik dei gjorde tidlegare.

Kyststatane har ei plikt til å fremje ei forsvarleg ressursforvaltning som samstundes skal ta omsyn til dei økonomiske behova til kystbefolkninga. Norske styresmakter legg vekt på dette når den norske fiskeripolitikken blir utforma. I tråd med dette fører Noreg årleg to- og fleirsidige forhandlingar med ei rekkje land om forvaltning og vern av fiskebestandar, om gjensidig fangst-

løyve- og fiskekvotar, og om einssidig løyve for nokre land sine fiskarar til å fiske i dei norske 200-mils sonene. Noreg har inngått ulike typar fiskeriatvoter som opnar for utanlandsk fiske i norske havområde. Noreg har mellom anna inngått avtaler om forvaltning av felles fiskebestandar og kvotebytte på eksklusive bestandar med Russland og EU, og avtaler om gjensidige fangstrettar med Færøyane, Grønland og Island (for meir informasjon om rammeavtalene, sjå St meld nr 49 (1994-95)).

Stortinget gav 11. juni 1996 samtykke til ratifikasjon av FN's havrettskonvensjon av 10. desember 1982 og FN-konvensjonen av 4. desember 1995 om fiske på det opne hav, som supplerer FN's havrettskonvensjon av 10. desember 1982. FN-avtala om fiske på det opne hav forpliktar også til samarbeid om forsvarleg forvaltning av vandrane og langt migrerande bestandar. Noreg har derfor i aukande grad og på ulikt sett tatt del i samarbeidet i ulike relevante internasjonale organisasjonar.


2.1 Oppretting av dei økonomiske sonene

Ved kgl. res. av 17. desember 1976 vart Noreg si økonomiske sone på 200 nautiske mil oppretta med verknad frå 1. januar 1977. Vidare vart det ved kgl.res. av 3. juni 1977 oppretta ei fiskevernsone på 200 nautiske mil rundt Svalbard med verknad frå 15. juni 1977. Ved kgl.res. av 23. mai 1980 vart ei fiskerisone på 200 nautiske mil rundt Jan Mayen oppretta med verknad frå 29. mai 1980.

Figur 2.1 viser dei ulike sonene under norsk jurisdiksjon og dei internasjonale havområda «Smottholet» i Barentshavet og «Smotthavet» i Norskehavet.

2.2 Regulering av utanlandsk fiske i norske jurisdiksjonsområde

Det er eit generelt forbod mot fiske i Noreg si økonomiske sone og i fiskerisona rundt Jan



Figur 2.1 Soner

Mayen for fiskarar som ikkje er norske statsborgarar. Regjeringa kan likevel fastsetje forskrifter som opnar for eit regulert og avgrensa utanlandsk

fiske i samsvar med dei fiskeriavtalane som er inngått med andre land.

I forskrift av 13. mai 1977 «om utlendingers

fiske og fangst i Norges økonomiske sone», er det fastsett detaljerte reglar for utøvinga av fiske. Det er krav om lisens for utanlandske fartøy som skal fiske i norsk sone, for å sikre at fangststigningsraten er i samsvar med dei tildelte kvotane og for å gjere ein effektiv kontroll mogleg. Utanlandske fartøy skal sende fangstrapportar til norske styresmakter kvar veke.

I forskrift av 23. desember 1980 «om utlendingers fiske og fangst i fiskerisonen ved Jan Mayen», er det fastsett detaljerte reglar for utanlandsk fiske i fiskerisona rundt Jan Mayen. Dette regelverket er i hovudsak samanfallande med reglane for utanlandsk fiske i Noreg sin økonomiske sone.

Forskrifter for fiskevernsona ved Svalbard er sette i verk på ikkje-diskriminerande grunnlag for både norske og utanlandske fartøy. Det er fastsett forskrifter for rapportering av fangstar, bruk av

reiskap, reglar om minstemål og område med forbod mot fangst for å verne om ungfisken. Frå 1986 er det fastsett årlege kvotereguleringar i fiskevernsona for fiske etter norsk arktisk torsk. Frå og med 1995 har det av omsyn til bestandssituasjonen, vore fastsett forbod mot fiske etter blåkveite, sild, lodde og frå 1997 vart det også innført eit forbod mot fiske etter uer. I forskrifter av 19. juli 1996 vart rekefisket ved Svalbard regulert gjennom fastsetting av grenser for innsats i fisket.

Etter forskriftene kan berre nasjonar som har drive eit tradisjonelt fiske etter reker ved Svalbard, delta i dette fisket med eit avgrensa tall på fartøy (Canada, Estland, Litauen, Færøyane, Grønland, Island, EU, Noreg, Russland). For å motverke at rekefisket ekspanderer, vart rekefisket frå 1997 for dei aktuelle landa også regulert med fiskedøgn.

3 Dei ulike fiskeriavtalane for 2004

I tråd med dei etablerte rammeavtalane fører norske styresmakter kvart år forhandlingar med andre land.

Dei viktigaste bilaterale forhandlingane for 2004 er førte med Russland, EU, Færøyane og Grønland. Det er også ført forhandlingar med EU på vegne av Danmark og Sverige om fiske i Skagerrak og Kattegat, og med EU på vegne av Sverige om ei avtale om svensk fiske i Noreg si økonomiske sone. Som fylgje av det polske EU-medlemskapet frå 1. mai 2004, har Noreg sagt opp den bilaterale rammeavtala med Polen.

Noreg har i 2003 forhandla frem ei ny trepartsavtale med Island og Grønland om regulering av lodda i området mellom Island, Grønland og Jan Mayen, og med Island om kvotebytte og oppfølging i tråd med Smottholavtala.

Det er også gjennomført fempartsforhandlingar om norsk vårgytande sild mellom Noreg, Island, Færøyane, EU og Russland.

Noreg tek vidare del i forhandlingane om makrell både i forhold til trepartsavtala mellom Noreg, EU og Færøyane og i forhandlingane om internasjonale makrellreguleringar. Noreg er dessutan med i forhandlingane om etablering av eit internasjonalt forvaltningsregime for kolmule.

Noreg er medlem og tek del i dei årlege møta i dei regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonane NAFO («Northwest Atlantic Fisheries Organization») og NEAFC («North East Atlantic Fisheries Commission»). Frå norsk side deltek ein også i IWC («International Whaling Commission») og NAMMCO («North Atlantic Marine Mammal Commission») i forhold til forvaltninga av kval. Partsmøtene til CITES («Convention of International Trade on Endangered Species of Fauna and Flora»), som Noreg deltek i, er også viktige i forhold til forvaltninga av kval. Som medlem i CCAMLR («Commission for the Conservation of Antarctic Marine Living Resources») er Noreg representert på organisasjonen sine møter. Noreg tek også del i det internasjonale fiskerisamarbeidet innan organisasjonen ICCAT («International Commission for the Conservation of Atlantic Tunas») som observatør. Noreg er dessutan medlem i den regionale forvatningsorganisasjonen

SEAFO («South East Atlantic Fisheries Organization»).


3.1 Det førebuande arbeidet

Noreg er medlem i Det internasjonale havforskningsrådet, ICES («International Council for the Exploration of the Sea»). ICES er ein ubunden, vitskapleg organisasjon som gir regionale fiskeri- og miljøorganisasjonar, EU og statane ved Nord-Atlanteren råd om forvaltninga av dei marine ressursane og det marine miljøet i området. ICES har ein rådgjevande komité for fiskeriforvaltning, ACFM («Advisory Committee on Fisheries Management»). ACFM hentar inn vitskapleg bakgrunnsmateriale frå medlemslanda og gir årlege råd om fangstmengder for dei viktigaste fiske- slaga i Nordaust-Atlanteren.

Dei årlege forhandlingane Noreg fører med andre land er baserte på rådgjevinga frå ICES.

Til grunn for Fiskeridepartementet si utnemning av delegasjon til dei forskjellige fiskeri-forhandlingane som Noreg deltek i ligg ei balansert vurdering som i hovudsak byggjar på at dei partane forhandlingane vedkjem skal vere representert, at delegasjonen må ha ein handterleg storleik og forhandlingstaktiske omsyn. Tradisjonelt har delegasjonane bestått av representantar frå Fiskeridepartementet, Utanriksdepartementet, Fiskeridirektoratet, Havforskningsinstituttet, Norges Fiskarlag, Norsk Sjømannsforbund og Fiskeri- og havbruksnæringens Landsforening. Kven forhandlingane kan seiast å vedkoma vil like fullt kunne vurderast på sjølvstendig grunnlag frå år til år. Norges Kystfiskarlag var for fyrste gong representert i den norske delegasjonen til fiskeriforhandlingane med Russland hausten 2003.

Før forhandlingane med andre land om forvaltningsspørsmål startar, held Fiskeridepartementet konsultasjonar med organisasjonane i næringa. På desse møta blir det gjort greie for tilrådingane frå ICES, og opplegget for forhandlingane med dei enkelte landa blir drøfta. Her blir grunnlaget for kva som skal vere instruksen for forhandlingsdelegasjonen lagt. Denne instruksen



Figur 3.1 viser dei ulike statistikkområda som ICES nyttar i si rådgjeving.

blir endeleg klarert av fiskeriministeren. Dersom særlege omsyn talar for det, rådfører fiskeriministeren seg med resten av Regjeringa.

3.2 Kvotavtalar for 2004

Avtalar om gjensidige fangstkvotar

3.2.1 Noreg – Russland

Dei viktigaste fiskebestandane i Barentshavet har eit utbreiingsområde som dekkjer norsk og russisk sone og fiskevernsona rundt Svalbard. År om anna er det også mogleg å fiske torsk i internasjonalt farvatn.

I regi av Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen fører Noreg og Russland årleg kvoteforhandlingar om totalkvotar for fellesbestandane i Barentshavet. Fellesbestandane er norsk

arktisk torsk, norsk arktisk hyse og lodde. Partane avtalar også fordeling av kvotane mellom Noreg, Russland og tredjeland. Det er semje mellom partane om ei fast prosentvis fordeling av fellesbestandane. Etter avsetjing til tredjeland, blir kvotane for norsk arktisk torsk og norsk arktisk hyse fordelt med 50 % til kvar av partane. Tredjelandskvoten av norsk arktisk torsk og hyse blir fordelt med 60 % til Noreg si økonomiske sone (NØS) og 40 % til Russland si økonomiske sone (RØS). Avtala opnar for at partane kan fiske delar av sine kvotar på desse bestandane i den andre parten si sone. Loddebestanden er fordelt med 60 % til Noreg og 40 % til Russland. Avtala inneber også kvotebyte på eksklusive, nasjonale fiskebestandar.

Kvotavtala for 2004 mellom Noreg og Russland vart underskriven i St. Petersburg 14. november 2003.

Partane vart samde om ein totalkvote (TAC) for norsk arktisk torsk på 486.000 tonn, medrekna 20.000 tonn murmanskorsk. Dette er i tråd med beskatningsstrategien vedteke under den 31. sesjonen i fiskerikommisjonen. Den bekymringsfulle situasjonen for norsk kysttorsk medførte ein drastisk reduksjon av denne kvota. Kvota for 2004 inneber ei halvering av fjorårets kvote til 20.000 tonn.

Noreg og Russland vart vidare samde om å vidareføre ein langsiktig forvaltningsplan for torsk som tok til å gjelde frå 2004. I korte trekk går forvaltningsplanen ut på at ein arbeider for å halde det gjennomsnittlige fiskedøyingstalet på føre-var nivå i gåande 3-års periodar samstundes som kvotesvingingane jamnast ut frå år til år med maksimalt +/- 10 %.

Det er sett av ein torskekvote til tredjeland på 68.800 tonn. Av dette kan 19.400 tonn verte fiska i fiskevernsonen ved Svalbard. Resten av kvoten til tredjeland er fordelt med 28.700 tonn til NØS og 20.700 tonn til RØS. Russland har overført 6.000 tonn norsk arktisk torsk til Noreg også i 2004. Etter overføringa er den samla norske kvoten for norsk arktisk torsk på 224.600 tonn, medrekna 20.000 tonn norsk kysttorsk. Den samla russiske torskekvoten, medrekna 20.000 tonn murmanskorsk, er på 212.600 tonn.

For norsk arktisk hyse har Noreg og Russland sett ein totalkvote på 130.000 tonn. Det er sett av ei hysekvote til tredjeland på 6.000 tonn, som er delt med 3.600 tonn til NØS og 2.400 tonn til RØS. Russland har overført 4.500 tonn norsk arktisk hyse til Noreg i 2004. Etter overføring er den norske kvoten på 66.500 tonn og den russiske på 57.500 tonn. Noreg og Russland vidarefører også ein forvaltningsplan for hyse tilsvarende den som vil gjelde for torsk, men med den skilnad at kvotesvingingane her kan jamnast ut frå år til år med inntil +/- 25 %.

Noreg har tradisjonelt gitt Russland tilgang til å fiske store delar av torske- og hysekvotane sine i Noreg si økonomiske sone. Av omsyn til balansen i kvoteavtala er Noreg og Russland også for 2004 samde om like høve til å fiske torsk og hyse i partane sine soner. I 2004 kan såleis Russland fiske 140.000 tonn torsk og 20.000 tonn hyse av sine kvotar i Noreg si økonomiske sone, og Noreg har høve til å fiske det same kvantumet torsk og hyse i Russland si økonomiske sone.

I perioden 1993-1999 vart det ikkje fiska lodde i Barentshavet. I 1999 vart det opna opp for eit eksperimentelt fiske av lodde innanfor ein kvote

på 80.000 tonn, og frå 2000 – 2002 vart kvoten auka til høvesvis 435.000, 630.000 og 650.000 tonn. For 2003 vart det fastsett ein kvote på 310.000 tonn lodde. Lodda har store naturlege svingingar i størrelsen på bestanden og er nå på eit botnnivå. Det blei på denne bakgrunn ikkje opna for fiske etter lodde i 2004.

Når det gjeld russisk fiske på eksklusive norske bestandar i 2004, har Russland denne gong ikkje blitt tildelt ein kvote for eit direkte fiske på snabeluer (*Sebastes mentella*) på grunn av den vanskelege situasjonen for bestanden. Russland sin kvote for bifangst av vanleg uer (*Sebastes marinus*) og snabeluer er vidareført frå i fjor og utgjør 2.000 tonn.

Vidare har Russland ein kvote på 10.000 tonn sei som bifangst ved fiske av torsk og hyse og 2.000 tonn steinbit for eit direkte fiske og bifangst.

I tillegg kan Russland fiske 50.000 tonn kolmule i eit nærmare avgrensa område i Noreg si økonomiske sone og i fiskerisona ved Jan Mayen utanfor 4 nautiske mil. Russland kan vidare fiske 3.000 tonn andre artar som bifangst.

I lys av bestandssituasjonen for blåkveite vil Russland føre vidare forbodet mot eit direkte fiske etter blåkveite i si sone i 2004. Med unntak av eit avgrensa tradisjonelt kystfiske med konvensjonelle reiskap, vil det også i område under norsk fiskerijurisdiksjon vere forbod mot eit direkte fiske etter blåkveite i 2004.

Når det gjeld norsk fiske på eksklusive russiske bestandar i 2004, har Noreg fått desse kvotane i russisk økonomisk sone: 3.000 tonn reker, 1.500 tonn steinbit og 1.000 tonn flyndre for både direkte fiske og bifangst, og 500 tonn andre artar som bifangst. Den norske kvoten på grønlandssel i Austisen er vidareført frå i fjor med 10.000 dyr.

Noreg innfører i forståing med Russland i 2004 ei vestgrense for den felles forvaltninga av kongekrabbe ved 26o austleg lengdegrad (Magerøya) for å kunne redusere spreinga av kongekrabbe vest for denne grensa. Noreg vil med dette stå fritt til å vedta dei tiltak ein finner nødvendige og tenelege vest for denne grensa for å avgrense den vidare spreinga av kongekrabbe, inntil ein veit meir om dei økologiske effektane av denne introduserte arten. Noreg og Russland blei einige om ein norsk kvote på 280.000 krabbar, ein auke på 80.000 frå år 2003. Den russiske kvoten for 2004 er på 500.000 krabbar. Landa er vidare einige om å vidareføre samarbeidet om forskning om kongekrabbens biologiske og økologiske effektar.

Kontroll

Innanfor ramma av Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen har Noreg og Russland dei seinaste åra gradvis utvida fiskerisamarbeidet til nye område. I 1992 vart partane samde om å innleie eit utvida samarbeid om forvaltnings- og kontrollspørsmål under fiskerikommisjonen. I 1993 vart dei samde om å etablere «Det permanente utval for forvaltnings- og kontrollspørsmål på fiskerisektoren». Gjennom dette samarbeidet er ei rekkje konkrete tiltak sette i verk for å betre kontrollen med ressursane både på sjø- og landsida. Mellom anna er det etablert rutinar for eit auka samarbeid mellom dei to landa sine kontrollmyndigheiter, inkludert utveksling av informasjon om fangst- og landingsdata.

Noreg og Russland innførte satellittsporing av fiskefartøy i kvarandre sine soner frå 1. september 2000. Under forhandlingane i Tromsø i november 2000 vart det vidare undertekna eit memorandum om kontrollsamarbeid mellom Fiskeridirektoratet og Kystvakta på norsk side og Murmanrybvod og Grensetenesta på russisk side. Dette dokumentet formaliserer i stor grad samarbeidet om utveksling av informasjon og inspektørar, og styrker kontrollen med fiskeria i begge land.

Eit hovudfokus for Det permanente utval i 2004 vil vere arbeidet med ein styrka kontroll med omlasting av fisk i Barentshavet. Ein er einige om i første halvår av 2004 å utforma eit kontrollregime retta mot denne aktiviteten, med følgjande hovudelement: Det skal etablerast kontrollpunkt for omlasting både til havs og ved hamn, kontroll- og informasjonsarbeidet skal styrkast med løpande utveksling av opplysningar om kvotar på reiarlag- og fartøynivå, utveksling av satellittsporingssdata, samt innføring av eit system for nekt av lisens ved grove kvoteoverskridingar.

3.2.2 Noreg – EU (fisket i Nordsjøen, Barentshavet, vest av Dei britiske øyane og ved Grønland)

Strukturen i avtalande

På grunnlag av rammeavtala med EU om fiskeri, har Noreg frå 1978 og fram til i dag inngått årlege kvoteavtalar om Noreg og EU sitt fiske i Nordsjøen, Noreg sitt fiske vest av Dei britiske øyane samt EU sitt fiske i Noreg si økonomiske sone i Barentshavet. Noreg blir også tildelt kvotar frå EU i grønlandske farvatn. Avtala inneheld føresegnar om forvaltning av felles fiskebestandar og

gjensidig løyve til å fiske i den andre parten si fiskerisone. Partane har såleis eit felles ansvar for å forvalte fiskeressursane i Nordsjøen, mellom anna ved årleg å fastsette største tillatne fangstmengd (totalkvotar) for desse bestandane. Det har frå 1979 vore semje mellom Noreg og EU om delinga av totalkvotane for fellesbestandane av torsk, hyse, sei, kviting og raudspette i Nordsjøen. Partane kom i 1997 fram til ei avtale om fast fordeling av totalkvotane for nordsjøild.

Eit anna element i kvoteavtala er byte av kvotar på dei eksklusive bestandane og på enkelte bestandar i Nordsjøen og vest av Dei britiske øyane. I denne utvekslinga av kvotar skal det vere balanse i dei gjensidige tildelingane.

Nivået og omfanget av kvotebytet er grovt sett ei vidareføring av tidlegare fiskemønster hjå partane, men nivået avheng også av variasjonar i storleiken på dei ulike bestandane.

I samarbeidet mellom Noreg og EU er det framleis område der det trengst felles tiltak for å betre fiskeriforvaltninga.

Etablering av forvaltningsstrategiar og betring av beskatningsmønsteret

Både innanfor ramma av det bilaterale fiskerisamarbeidet og i andre fora som Nordsjøkonferansen, er Noreg i ein prosess med EU i spørsmålet om langsiktige tiltak i forvaltninga av viktige kommersielle fiskebestandar i Nordsjøen. Det har vore ein tidkrevjande prosess frå einseitige norske tilførsalar i dei årlege kvoteavtalande, til eit meir forpliktande samarbeid for å finne løysingar på problemene. Noreg og EU inngjekk i 1997 ei avtale om forvaltning og fordeling av nordsjøild. Forvaltningsavtala vart fornya i 2001 for tre år. I 1999 vedtok Noreg og EU forvaltningsstrategiar for sei, torsk, hyse og raudspette som legg fast bestandsnivå og tiltaksgrenser som grunnlag for å fastsetje kvotar. Det står att å få på plass ein forvaltningsstrategi for kviting.

I samarbeidet mellom Noreg og EU er det vidare ei hovudutfordring å betre beskatningsmønsteret i Nordsjøen.

I samanheng med arbeidet med betring av beskatningsmønsteret i Nordsjøen er utkast av fisk eit særleg og samansett problem. Utkast skjer ofte når ein tek opp fisk som det ikkje er att kvote på, når fisken er under gjeldande minstemål eller når fisken er teke i strid med gjeldande bifangstreglar. I tillegg blir det ofte fiska meir enn naudsynt, for å kunne velje ut den økonomisk sett mest verdfulle fisken («highgrading»). Resten blir

kasta ut, og dette undergrev dei fastsette forvaltningstiltaka. Fisken som blir kasta ut går ikkje inn som ein del av fangststatistikken, sjølv om han døyr når han blir kasta ut. Når fisken ikkje blir tatt i land eller registrert som fangst, blir det naturleg nok eit avvik mellom registrert fiskedøying og faktisk døying. EU praktiserer eit utkastpåbod, medan utkast er forbode i Noreg for alle kommersielt viktige fiskeslag. Ei løysing på utkastproblemet er ei hovudutfordring for Noreg og EU. Som eit ledd i reformen av EU sin felles fiskeripolitikk som vart vedteken i desember 2002 har Europakommisjonen lagt fram ein handlingsplan som tek sikte på å innføre tiltak som kan redusere utkastet. Mellom anna vurderer Kommisjonen å foreslå eit forbod mot utkast frå 2006 på grunnlag av pilotprosjekt og dialog med medlemslanda og fiskerieringa.

I samband med den såkalla «torskekrisa» inngjekk Noreg og EU i 2001 egne avtalar om særskilde tiltak for å betre beskatningsmønsteret i Nordsjøen. Situasjonen for fleire av botnfiskbestandane i Nordsjøen er sidan dette ytterlegare forverra, og då særleg for nordsjøtorsken. Totalkvoten for torsk blei difor i 2003 redusert med 45% frå 2002, og Noreg og EU vart i kvoteavtala for 2004 samde om å føre vidare denne kvoten på same nivå som året føre. Samtidig vart partane også samde om å fortsette det felles arbeidet med å forbetre beskatninga av botnfisk. Som ledd i dette har ein i 2004 innleidd eit samarbeid for å revidere forvaltningsplanane for torsk, hyse, sei, raudspette og sild.

Makrell

Fram til 1999 fastsette Noreg og EU ein «referanse-TAC» for makrell i Nordaust-Atlanteren, som i tillegg til kvotar til Noreg og EU omfattar ein kvote avsett til Færøyane. Fisket i internasjonalt farvatn, som har vore oppe i relativt store kvanta, vart for første gong regulert i 1999 (sjå punkt 3.3.4).

Forvaltningsregimet for makrell har vore gjenstand for usemje mellom Noreg og EU ei lang rekke år. Hovudproblemet er deling av kvota mellom partane. Til no har Noreg og EU berre avtalt årlege ad hoc arrangement for makrellen. På grunnlag av kjennskap til makrellen sitt utbreiingsmønster, har ein på norsk side meint at ein har eit rettkome krav til ein høgare del av makrellen. Det norske kravet er til no avvist frå EU si side.

Det vert i dag sett makrellkvotar for tre for-

valtningsområder. Ut frå ei vurdering av utbreiinga til bestanden, tilgjenge og beskatningsmønster, har Noreg gjort framlegg overfor EU om å opprette eitt forvaltningsområde for makrell med ein TAC som fordelast mellom partane. Noreg har til no ikkje fått gjennomslag for dette. Eit tilleggsproblem er at EU fastsett ein særskilt makrellkvote i bestanden sitt sørlegaste utbreiingsområde (Biscaya).

Kontroll

Generelt er arbeidet for å skjerpa kontroll og overvaking av ressursuttaket i Nordsjøen ei viktig oppgåve. Dette blir gjennomført til dømes gjennom utveksling av fangststatistikk og landingsdata, inklusive fiskeaktivitet frå tredjeland, utveksling av observatørar med omsyn til kontroll og overvaking, og satellittsporing av fiskefartøy. Gjensidig satellittsporing vart innført 1. januar 2000. Vidare er det eit hovudmål å sikre harmonisering av kontrollføresegnene. I denne samanhangen blei Noreg og EU under haustens kvoteforhandlingar samde om å innføre like prosedyrar for landing og veging av pelagiske fangstar, og ein standard vatntrekk frå slike fangster på 2 %, frå 1. februar 2004. Dette skal sikre lik kvoteavrekning for desse fangstane.

2004-avtala

Etter fire forhandlingsrundar underteikna Noreg og EU, i Brussel 24. januar 2004, ei kvoteavtale for 2004.

Kvoteavtala for 2004 reflekterer den vanskelege bestandssituasjonen for botnfisk i Nordsjøen. Partane har difor vedteke å føre vidare kvotane for torsk og kviting på same nivå som i 2003 då

Tabell 3.1 Følgjande kvotar er fastsett for fellesbestandane i Nordsjøen i 2004 (tonn):

Fiskeslag	TAC	Kvotar til Noreg	Kvotar til EU
Torsk	27.300	4.641	22.659
Hyse	77.000	15.391 ¹	61.609
Sei	190.000	98.800	91.200
Kviting	16.000	1.600	14.400
Raudspette	61.000	2.111 ¹	58.889
Makrell	57.731	37.246	20.485
Sild	460.000	133.400	326.600

¹ Kvote til Noreg etter overføring av respektive: 2.319 tonn hyse, og 2.159 tonn raudspette til EU.

Om dei fiskeriatvatalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalande i 2002 og 2003

Tabell 3.2 Etter avtala kan Noreg og EU fiske føljande kvantum fisk på andre fellesbestandar i 2004 (tonn):

Fiskeslag	Kvotar til Noreg i EU-sona	Kvotar til EU i norsk sone
Augepål	5.000	50.000
Kolmule	120.000	20.000
Tobis	45.000	131.000
Blålange	300	
Lange	9.500	
Brosme	5.000	
Kombinert kvote	600	
Pigghå	200	
Håbrann	100	
Reker	100	900
Hestmakrell	1.600	
Andre artar	5.000	11.000

desse vart kraftig redusert. Hyse er i ein betre tilstand og totalkvoten her er difor auka frå 51.735 tonn i 2003 til 77.000 tonn i 2004. Situasjonen for sei- og sildebestandane er framleis god, og kvotane er difor auka ytterlegare frå 2003 til 2004. Det er vidare sett ein bifangstkvote på 43.200 tonn Nordsjøsil i EU sitt fiske etter andre artar i Nordsjøen i 2004. Kvoten for raudspette er ytterlegare redusert frå 2003 til 2004. Partane har høve til å fiske delar av dei enkelte kvotane i den andre parten si sone i Nordsjøen.

Totalkvoten for makrell er i 2004 sett til 446.961 tonn mot 484.615 tonn i 2003. Av totalkvoten for 2004 kan 57.731 tonn fiskast i Nordsjøen og Skagerrak, 102.664 tonn i Noreg si økonomiske sone nord om 62°N og i internasjonalt farvatn, og 286.566 tonn kan fiskast i EU sitt jurisdiksjonsområde. Den norske makrellkvoten er etter avtala med EU på 139.910 tonn.

Avtala inneheld detaljerte føresegner om kvar

Tabell 3.3 EU er tildelt følgjande kvotar på eksklusive norske bestandar nord for 62°N i 2004 (tonn):

Fiskeslag	Kvote
Norsk arktisk torsk	20.120
Norsk arktisk hyse	2.000
Sei	3.600
Uer	500
Blåkveite (bifangst)	100
Anna (bifangst)	450

Tabell 3.4 Noreg er i 2004 tildelt desse kvotane på eksklusive EU-bestandar (inkludert bestandar i grønlandske farvatn) (tonn):

Fiskeslag	Kvote
Brisling (EU-sona)	15.000
Blåkveite (EU-sona)	950
Reker (Grønlands sone)	2.830
Blåkveite (Grønlands sone)	1.600
Uer (Grønlands sone)	5.230
Kveite (Grønlands sone)	400
Skolest og isgalt (Grønlands sone)	600
Lodde (Grønlands sone)	15.000

desse kvotane kan fiskast og føresegner om kva andre artar og mengder som kan inngå i fisket på dei enkelte kvotane.

Avtala for 2004 inneber ein auke av kvoten på tobis med 10.000 tonn frå 2003. Dei andre norske kvotane på fellesbestandane er på same nivå som i 2003. EU sine kvotar i norsk sone på fellesbestandane er ikkje endra frå 2002.

EU sin kvote på torsk nord for 62°N for 2004 er auka frå 2003, medan hysekvoten er redusert med 200 tonn frå i fjor. I tillegg til den uerkvoten som går fram av tabellen, har EU sidan 1986 då Portugal og Spania vart medlemmer i EU, fått eit tilleggskvantum uer. I tråd med brevveksling av 2. mai 1992 pliktar Noreg å gje EU denne tilleggskvoten av uer på permanent basis. Dette kvantumet er i 2004 på 500 tonn. Uerkvotane kan berre takast som bifangst nord om 70°N.

Dei norske kvotane på reker, uer og lodde i Grønlands sone er auka med høvesvis 330 tonn, 1.655 tonn og 8.300 tonn, medan dei resterande kvotane er uendra frå 2003 til 2004.

3.2.3 Noreg – Færøyane

Dei årlege avtalande mellom Noreg og Færøyane opnar for eit gjensidig fiske i partane sine soner. I forhandlingane med Færøyane vert det lagt vekt på at det skal vere nokolunde balanse i det gjensidige fisket.

Kvotavtala mellom Noreg og Færøyane for 2004 vart inngått i Oslo 29. januar 2004. Etter avtala er Færøyane tildelt kvotar i Noreg si økonomiske sone, i fiskerisona ved Jan Mayen og i fiskevernsona ved Svalbard.

I NØS nord om 62° N har Færøyane i 2004 høve til å fiske 1.700 tonn norsk arktisk torsk, 400 tonn hyse, 450 tonn sei og 50 tonn andre artar

(uer og blåkveite). Samanlikna med 2003, har torsk kvoten, kvoten på sei, hysekvoten og kvoten på andre artar hatt ei auke. Færøyane sin seikvote skal også dekkje bifangst i fiske etter torsk og hyse.

Færøyane har fått ein kvote på 1.375 tonn makrell nord om 62°N. Kvoten er 100 tonn lågare enn kvoten i 2003. Avtala opnar også for at makrellkvoten kan bli fiska i Nordsjøen nord om 57° 30' N.

Færøyane kan fiske inntil 500 tonn kolmule som forsøksfiske i eit nærmare avgrensa område. Denne kvoten er på same nivå som i 2003. Det blei ikkje gitt loddekvote for 2004.

I avtala for 2004 har Færøyane høve til å fiske inntil 9.700 tonn makrell i NØS nord om 57°30'N av den nasjonale færøyske kvoten avtala i trepartsforhandlingane mellom EU, Færøyane og Noreg.

I dei årlege avtalane mellom Færøyane og Russland får Færøyane kvotar mellom anna på nokre av dei artane som er nemnt ovanfor. For å sikre ei rasjonell utnytting av kvotane har Noreg i ei rekkje år gitt Færøyane høve til å fiske delar av dei kvotane dei har fått av Russland, i Noreg si økonomiske sone. I 2004 kan Færøyane gjennom denne ordninga fiske 3.000 tonn norsk arktisk torsk, 100 tonn hyse og 300 tonn andre artar (uer, sei og blåkveite) i Noreg si økonomiske sone nord om 62°N. Overføringane frå russisk til norsk sone går inn i balanserekneskapen for kvotutvekslinga mellom partane. Overføringa av kvotar frå russisk sone til fiske i NØS, skjer etter russisk aksept. Kvotane kan ikkje takast i fiskevernsone ved Svalbard.

I kvoteavtala pliktar Færøyane å avgrense sitt totale fiske i Barentshavet til dei artar og kvotar dei er tildelt av Noreg og Russland, utan omsyn til om fisket skjer i eller utanfor norsk eller russisk fiskerijurisdiksjonsområde.

Av den samla kvoten av andre artar nord om 62°N på 50 tonn tildelt av Noreg og 300 tonn tildelt av Russland, kan Færøyane ikkje fiske meir enn 150 tonn uer. Uer og blåkveite kan berre takast som bifangst.

I Noreg si økonomiske sone sør om 62°N er Færøyane tildelt 8.000 tonn augepål, 3.000 tonn tobis, 8.000 tonn kolmule, 500 tonn brisling og 280 tonn andre arter. Kvotane omfattar også bifangst av andre artar, utanom sei og sild. Vidare kan færøyske fartøy fiske 1.100 tonn sei og 700 tonn sild. Kvotane omfattar også bifangst i andre fiskeri. Færøyane kan også fiske 300 tonn håbrann/pigghå og 1.000 tonn hestmakrell. Kvotane av

håbrann/pigghå og hestmakrell kan også bli fiska nord om 62°N. Seikvoten vart redusert med 300 tonn i forhold til avtala for 2003. Dei andre kvotane er tilsvarende som i 2003.

I fiskerisona ved Jan Mayen er Færøyane tildelt ein kvote på 100 tonn kolmule, og 50 tonn reker som prøvafiske utanfor 4 n. mil. Begge kvotane er tilsvarende som i 2003. Når det gjeld fiskevernsone ved Svalbard, skal Færøyane avgrense sitt fiske til maksimum 1.007 tonn norsk arktisk torsk og inntil 242 tonn andre artar, vesentleg uer og blåkveite, som berre kan takast som bifangst. Den færøyske torsk kvoten blir fastsett etter dei same prinsippa som gjeld for utrekninga av kvotane til andre land som har hatt eit tradisjonelt torskfiske i sona. Færøyane pliktar å avgrense det færøyske rekefisket i fiskevernsone ved Svalbard i samsvar med gjeldande norske forskrifter.

I Færøyane si økonomiske sone er Noreg i 2004 tildelt ein kvote på 2.200 tonn lange/blålange, 1.800 tonn brosme, 400 tonn sei og 1.070 tonn andre artar. Botnfiskkvoten vart splitta opp i 2003 som følge av at Noreg splitta opp det færøyske industrifisket. Kvoten av andre artar skal berre fiskast som bifangst. Det er ein føresetnad at fisket skal drivast med seigarn eller bankline. Seikvoten kan likevel bli fiska med trål. Deltainga i dette fisket er avgrensa til maksimalt 12 fartøy samstundes. Ut over dette kan eitt fartøy drive forsøksfiske med teiner. Dei lisensierte fartøya kan fiske i eit nærmare bestemt område (Færøybanken) i inntil 10 dagar kvar tur, likevel ikkje ut over 30 dagar i løpet av 2004.

I Færøyane si økonomiske sone har Noreg i tillegg fått ein kvote på 36.200 tonn kolmule. Noreg er også tildelt 5.612 tonn makrell, ei reduksjon på 488 tonn. Noreg kan i tillegg fiske 300 tonn pigghå/håbrann som prøvafiske og drive eit direkte prøvafiske med garn på 75 tonn blåkveite og 25 tonn breiflabb. Hestmakrellkvoten er for 2004 fastsett til 230 tonn.

Med referanse til møtet 4. november 2003 mellom EU, Færøyane og Norge om ein trepartsavtale om makrell mellom Noreg, EU og Færøyane, var partane samde om at alt fiske etter nordatlantisk makrell bør vere gjenstand for felles forvaltning og såleis inngå i totalkvoten for partane sine jurisdiksjonsområde (den såkalla «referanse-TAC»).

3.2.4 Noreg – Grønland

Det har vore forhandla fram årlege fiskeriatvatar mellom Noreg og Grønland sidan 1991. For norske

fiskarar er kvotane på dei kommersielt viktige artane blåkveite og kveite av størst verdi. I tillegg til desse kvotane får Noreg mellom anna reke, blåkveite, uer og lodde frå EU i grønlandske farvatn.

Etter protokollen av 16. desember 2003 kan grønlandske fiskarar i 2004 ta følgjande kvanta i norske jurisdiksjonsområde:

I NØS nord om 62°N: 1.900 tonn norsk arktisk torsk, 330 tonn norsk arktisk hyse, 925 tonn norsk arktisk sei og inntil 150 tonn andre artar som bifangst (uer og blåkveite). Torskekvoten kan også fiskast i fiskevernsonen ved Svalbard. Nytt i protokollen for 2003 var at dette elementet gjeld så lenge trepartsavtala om lodde står ved lag. Nord om 62°N har kvoten på torsk auka med 200 tonn, kvoten på hyse er på same nivå som i 2003 og kvoten på sei har blitt redusert med 25 tonn. Som ein del av avtala kan Grønland fiske delar av dei torske- og hyskvotane som Grønland er tildelt av Russland i Noreg si økonomiske sone nord om 62°N, under føresetnad av russisk aksept av ei slik ordning. Også her var det nytt i 2003 at dette elementet gjeld så lenge trepartsavtala om lodde står ved lag.

I avtala pliktar Grønland seg til å avgrense sitt totale fiske i Barentshavet til dei artar og kvotar dei er tildelt i avtalande med Noreg og Russland, utan omsyn til om fisket skjer i eller utanfor Noreg og Russland sine jurisdiksjonsområde.

I NØS sør om 62°N: 1.000 tonn sei. Kvoten er på same nivå som i 2003. Det vert nytta eit bifangstregime lik det arrangement EU og Norge har blitt samde om, men avgrensa til 100 tonn.

Noreg har følgjande kvanta i Grønland si sone i 2004:

Ved Vest-Grønland: 650 tonn blåkveite. Kvoten har auka med 50 tonn. Ved fiske etter blåkveite ved Vest-Grønland i 2004, kan trålfiske finne stad sør for 64°30'N eller nord om 68°N med inntil 6 trålarar i sona samstundes. Nytt i 2004 er at Noreg må meddela innan 15. januar kor stor del av kvoten ein ønskjer å fiske nord for 68°N, maksimum er 200 tonn.

Ved Aust-Grønland: 525 tonn blåkveite, 725 tonn uer fiska med pelagisk trål, 100 tonn uer fiska med bunntål og 350 tonn kveite. Kvoten av uer fiska med pelagisk trål har auka med 425 tonn, kvotane av blåkveite og uer fiska med bunntål er dei same som i 2003 og kvoten av kveite har blitt redusert med 43 tonn.

Ved Vest- og Aust-Grønland: 600 tonn torsk. Kvoten er den same som i 2003.

I tillegg kjem 150 tonn av andre artar som bifangst.

Det var semje om at partane i 2004 skal inngå ein avtale om kontrollsamarbeid.

3.2.5 Noreg – Island

Gjennom den trilaterale avtala av 15. mai 1999 mellom Noreg, Island og Russland om visse samarbeidsforhold på fiskeriområdet («Smottholsavtala»), greidde norske og russiske styresmakter å gjere slutt på det uregulerte islandske fisket på regulerte bestandar i internasjonalt område i Barentshavet («Smottholsavtala» er gitt ei omtale i St meld nr 49 (1998 – 1999)). Den bilaterale avtala mellom Noreg og Island, også av 15. mai 1999, regulerer byttet av fisk mellom Island og Noreg.

Etter den bilaterale avtala kan Island i sesongen 2004/2005 fiske 4.505 tonn norsk arktisk torsk i NØS nord om 62°N. I tillegg kjem ein bifangstkvote av andre artar i torskefisket på 30 %. Som kompensasjon for den islandske torskekvoten har norske fiskarar ein kvote botnfisk og ein loddekvote i Island si økonomiske sone (IØS). Botnfiskkvoten ligg fast på 500 tonn pluss bifangst. Loddekvoten blir justert i takt med totalkvoten for norsk arktisk torsk. For 2004/2005 sesongen er loddekvoten sett til 17.212 tonn.

3.2.6 Noreg – EU (fisket i Skagerrak/Kattegat)

Dei årlege avtalande om fisket i Skagerrak/Kattegat vert inngått på grunnlag av trepartsavtala av 1966 mellom Noreg, Danmark og Sverige. EU forhandlar på vegne av Danmark og Sverige.

Avtala fastset totalkvotar og fordelinga av desse for bestandane torsk, hyse, kviting, raudspette, sild, brisling og reker. Fordelinga av totalkvotane er basert på tradisjonelt fiskemønster i området. Fordelingsmønstret har vore stabilt. Det norske fisket utgjer ein liten del av det totale fisket, og silde- og rekefisket er av størst interesse for norske fiskarar. EU (Danmark og Sverige) har størstedelen av dei enkelte kvotane.

Noreg og EU vart 24. januar 2004 samde om reguleringane for fisket i Skagerrak og Kattegat i 2004.

Totalkvoten for hyse er auka med 1.605 tonn, medan totalkvotane for torsk og kviting er uendra i forhold til kvotane i 2003. Kvotane for raudspette og sild er redusert med høvesvis 3.780 og 10.000 tonn, rekekvoten har hatt ein liten auke, medan totalkvoten for brisling er uendra samanlikna med 2003.

Etter den tosidige fiskeriatvatala mellom Noreg

Tabell 3.5 Følgjande kvotar gjeld for 2004 (tonn):

Fiskeslag	TAC	Kvotar til Noreg	Kvotar til EU
Torsk	3.900	127	3.773
Hyse	4.755	200	4.555
Kviting	1.500	27	1.473
Raudspette	9.500	190	9.310
Reker	10.710	4.991	5.719
Sild	70.000	9.336	60.664
Brisling	50.000	3.750	46.250

og EU kan visse norske fartøy fiske delar av den norske makrell- og seikvoten avsett for Nordsjøen, også i Skagerrak. Etter same avtala kan svenske fiskarar ta eit kvantum på 1.865 tonn makrell i Skagerrak og i EU-sona av Nordsjøen i 2004.

Det skjer ei utveksling mellom sildebestandane i Nordsjøen og Skagerrak/Kattegat. Det tidlegare høge fisket etter ungsild frå nordsjøsildebestanden i ulike fiskeri med småmaska reiskap i Skagerrak er dei siste åra vesentleg redusert i forhold til tidlegare. Reguleringane av sildefisket i Skagerrak følgjer av reguleringstiltaka for sild i Nordsjøen. Det er fastsett ein bifangstkvote på totalt 21.000 tonn nordsjøsilde i industritrålfisket og i brislingfisket i Skagerrak/Kattegat i 2004. Frå og med 2004 vil norske fiskarar kunne fiske inntil 50 % av den norske Skagerrak-kvoten på sild i norsk sone av Nordsjøen.

Avtalar om einzijdige fangstkquotar

3.2.7 Noreg – EU (Sverige)

Strukturen i avtala med Sverige har vore stabil og det har såleis ikkje blitt opna opp for nye fiskeri.

Kvotavtala om svensk fiske i norsk del av Nordsjøen i 2004 vart underskriven av Noreg og EU i Brussel 24. januar 2004.

Svenske fiskarar fekk følgjande kvoter i norske farvatn i 2004:

I NØS sør for 62°N: 516 tonn torsk, 956 tonn hyse, 1.190 tonn sei, 190 tonn samanlagt av lyr og kviting, 151 tonn reker, 1.076 tonn sild, 214 tonn makrell, 800 tonn industrifisk (av denne kvoten kan inntil 400 tonn vere hestmakrell) og andre fiskeslag på eit tradisjonelt nivå. Kvotene for torsk, hyse, sei, reker og sild er auka frå 2003, medan kvoten for makrell er redusert. Dei øvrige kvotane er ført vidare frå 2003.

3.2.8 Noreg – Polen

Det polske fisket i norske fiskerijurisdiksjonsområde har blitt gjennomført i samsvar med rammeavtala av 28. mars 1977 med etterfølgjande endringar av 24. mai same år. Bakgrunnen for inngåinga av rammeavtala var at Polen, som ei overgangsordning etter Noreg sin innføring av 200 miles økonomisk sone, skulle få fangstrettar i NØS fram til 31. desember 1980. Etter denne dato skulle det polske fisket avgrensast til overskotsbestandar, dvs. til bestandar som norske fiskarar ikkje nyttar fullt ut.

I realiteten finnast det ikkje overskotsbestandar i norske fiskerijurisdiksjonsområde. Like fullt har Noreg fram til no valt å føre vidare ordninga med einzijdige kvotetildelingar til Polen kvart einaste år sidan 1980. Dei seinaste åra har dette omfatta ein avgrensa kvote på konsumfiskartar i Nordsjøen (sei, torsk, hyse og kviting).

Det polske EU-medlemskapet frå 1. mai 2004 har skapt ein ny situasjon. Fra norsk side har ein ikkje funne det rett at Polen skulle kunne ta sin konsumfiskkvote i Nordsjøen med seg inn i EU, og Noreg ga difor Polen eit tilbod om å føre vidare i 2004 kvotavtala frå 2003 mot at rammeavtala vart sagt opp av begge partar innan 30. april 2004. Dette vart ikkje føljt opp av Polen, og rammeavtala vil difor bli ført vidare utan materielt innhald fram til 1. januar 2007, då den kan seiast opp einzijdig av Noreg.

I tillegg til kvotetildelinga i Nordsjøen, har Polen også fram til no hatt ein eigen kvote av norsk arktisk torsk i fiskevernsona ved Svalbard. Ettersom sistnemnde kvote går utanom rammeavtala og blir fastset etter dei same prinsippa som gjeld for utrekning av kvotane til andre land som har hatt eit tradisjonelt torskefiske i sona, vil denne kvoten bli overført til EU frå 2005. I 2004 kan Polen fiske eit kvantum norsk arktisk torsk i Svalbardsona på 1.507 tonn basert på ein totalkvote av torsk på 486.000 tonn.

3.3 Fleirsidig fiskerisamarbeid

3.3.1 Regulering av norsk vårgytande sild i Nordaust-Atlanteren

Det er ikkje kome i stand ei fempartsavtale mellom Noreg, Russland, EU, Færøyane og Island om regulering av fisket etter norsk vårgytande sild i Nordaust-Atlanteren for 2004.

Partane har vore samla fleire gonger for å nå fram til ei semje. Noreg har i forhandlingane om

ei avtale for 2004 lagt fram eit krav om ei auke i den norske delen av totalkvoten. Noreg grunngr kravet sitt ut i frå prinsippet om sonetilhøyre, samt at Noreg fekk urimelig låg del av TAC då den fyrste fempartsavtala blei inngått i 1997.

Noreg har i mangel av ei fempartsavtale underskrive ei førebels bilateral avtale med Russland for 2004. Avtala med Russland inneber at dei kan fiske 80.000 tonn sild i NØS nord om 62°N og i fiskerisona rundt Jan Mayen.

3.3.2 Regulering av lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen

Ei trepartsavtale om loddebestanden ved Island, Grønland og Jan Mayen vart underskriven 12. juni 1989. Rammeavtala om reguleringane i loddefisket er reforhandla tre gonger, 25. juni 1992, 29. juni 1994 og 18. juni 1998. Dei mest sentrale elementa i desse avtalan omhandlar kva prosentdelar dei tre partane skal ha av totalkvoten for lodde og i kva omfang partane kan fiske av sin kvote i dei andre partane sine soner kvar loddese-song.

Island valde 30. oktober 2002 å seie opp trepartsavtala med Noreg om regulering av lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen. Avgjerda hadde verknad frå 1. mai 2003. På denne bakgrunn vart det opna nye forhandlingar mellom partane i juni 2003. Forhandlingane leidde frem til ei ny avtale basert på huvudelementane i den tidligare avtala. Hovudendinga i den nye avtala er at den gjeld for eitt år i gongen, framfor tre år i den gamle avtala. Vidare vart artikkel 10 om satellittsporing teken ut ettersom punktet var forelda. Ingen av partane valde å seie opp avtala innan fristen. Avtala vil dermed gjelde også for 2004.

3.3.3 Forhandlingar om eit forvaltningsregime for kolmule

Sidan 1999 har dei landa som er definert som kyststatar til kolmule – Noreg, EU, Færøyane, Island og Grønland – saman med Russland som spesielt invitert part, arbeida med å etablere eit forvaltningsregime for heile kolmulebestanden.

Desse partane er samde om at ein må sikte seg inn mot eit reguleringssystem med to komponentar, eit kyststatsregime og ei separat NEAFC-regulering av fisket i internasjonalt farvatn. Partane er såleis samde om at for å få til ei NEAFC-regulering av kolmulefisket i internasjonalt farvatn, må ein først etablere eit kyststatsregime. Sidan Russland er ein viktig aktør i kolmulefisket i

internasjonalt farvatn er Russland spesielt invitert til å delta i desse forhandlingane, sjølv om Russland ikkje er tildelt status som kyststat.

Kyststatane hadde sitt første møte i Brussel 9.-10. februar 2000, og ein har førebels hatt tolv slike forhandlingar, utan å kome til ei endeleg løysing.

3.3.4 Regulering av makrell

På bakgrunn av ekspansjonen i det uregulerte makrellfisket i internasjonalt farvatn, fremja Noreg, EU og Færøyane eit felles forslag om regulering av makrellfisket i internasjonalt farvatn på det ekstraordinære årsmøtet i NEAFC 8.-9. februar 1999. Forslaget blei vedteke mot stemmene til Russland og Island.

Med det felles forslaget aksepterte Noreg og EU implisitt at Færøyane er kyststat til makrellbestanden. Dette førte til at dei tre partane kunne begynne forhandlingar om etablering av eit nytt forvaltningsregime for makrell. Drøftingane vart slutført 19. november 1999 då dei tre partane underteikna ei avtale om forvaltninga av makrell i Nordaust-Atlanteren i 2000. Partane har inngått tilsvarande avtalar for 2001, 2002 og 2004. For 2003 inngjekk partane ei ad hoc avtale som gjekk ut på at partane skulle forvalte sitt fiskeri på grunnlag av proporsjonalitet mellom fangstbegrensninga på 586.500 tonn i 2002 og 500.000 tonn i 2003.

Fordelinga mellom Noreg og EU er gjenstand for bilaterale forhandlingar. Dette er følgt opp i den bilaterale kvoteavtala mellom Noreg og EU for 2004 (sjå punkt 3.2.2).


På årsmøtet i NEAFC vedtok partane ei regulering av makrell i internasjonalt farvatn som inneber ein kvote for dette området på 52.192 tonn. Av denne kvoten vart det sett av 24.530 tonn til Russland, 24.530 tonn til kyststatane og 3.132 tonn til tredjeland. Kvoten til kyststatane er fordelt med 15.196 tonn til Noreg og EU og 9.334 tonn til Færøyane. Både Russland og Island har reservert seg mot NEAFC-reguleringa.

3.4 Regionale forvaltningsorganisasjonar

3.4.1 NAFO

Den nordvest-atlantiske fiskerierorganisasjonen, NAFO, fastset kvotar i internasjonalt farvatn i området mellom Grønland, Canada og USA. Konvensjonen som NAFO er grunnlagd på omfattar i prinsippet alle bestandar i området, utanom laks,

Om dei fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003



Figur 3.2 NAFO sitt konvensjonsområde

tunfisk, sverdfisk og kval. For bestandar som vandrar mellom kanadisk sone og NAFO-området fasett NAFO reguleringar og kontrolltiltak i samarbeid med Canada.

Noreg har kvoterettar i NAFO sitt reguleringsområde på 9,26 % av torskekvoten i underområde 3M og 30 % av totalkvoten for lodde i 3NO. Vidare kan Noreg fiske på ein mindre felleskvote av blåkveite i område 3. Noreg har sidan 1993 fiska reker i 3M (Flemish Cap). Grunna den dårlege bestandssituasjonen for torsk og lodde er det sett forbod mot eit direkte fiske av desse artane i NAFO-området. Rekebestanden ved Flemish Cap er ikkje kvoteregulert, men blir regulert med innsatsavgrensningar (tal på fartøy og fiskedøgn).

NAFO sin vitskapskomité gav i 1998 for fyrste gong ei kvotetilråding for rekefisket ved Flemish Cap. Spørsmålet om å innføre kvoteregulering i staden for å regulere talet på deltakande fartøy og fiskedøgn i rekefisket ved Flemish Cap har sidan vore drøfta fleire gonger, utan at partane hittil har klart å kome fram til ei endeleg avklaring. Spørsmålet om ei kvoteregulering av reke i 3M er for tida difor ikkje tema i organisasjonen. På årsmøtet hausten 2003 vedtok partane same regulering som tidlegare år, slik at norske fartøy samanlagt kan fiske i 1.985 fiskedøgn i underområde 3M også i 2004. 32 norske fartøy kan ta del i fangsten. I underområde 3L har Noreg ein kvote på 145 tonn i 2004, som kan fiskast av eit norsk fartøy.

Delar av uerbestanden i Irmingerhavet som vert forvalta av NEAFC har dei seinaste åra vore observert og delvis utnytta i NAFO-området. For 2003 fastsatte NAFO ein eigen kvote på 7.500 tonn uer for dei NAFO-medlemmane som ikkje er medlemmar av NEAFC, mens NEAFC-medlemmane kunne fiske inntil 25.000 tonn av NEAFC-kvoten i NAFO-området. Dette innebar at den norske uerkvoten for 2003, som for 2001 og 2002, var ein totalkvote for begge områdene, og at kvotar teke i eit område vart rekna mot kvotar teke i det andre området. (Sjå pkt. 3.4.2). Denne reguleringen er ført vidare i 2004.

Bestanden av blåkveite er dramatisk endra, og Vitskapskomitéen anbefalte eit uttak av blåkveite på 16.000 tonn i 2004, mot ein kvote på 42.000 i 2003. På årsmøtet hausten 2003 blei ein etter til dels lange og vanskelige forhandlingar einige om at ein over ein fireårsperiode skal trappe ned frå 20.000 tonn i 2004 til 16.000 tonn. Ein vart også enige om ein plan for gjenoppbygging av blåkveitebestanden. Det er særleg Canada og EU, og til ein viss grad Russland og Japan, som desse tiltaka får dei sterkaste følgjane for, i og med at det er

desse statane som har dei største delane av blåkveitekvoten.

Frå 1. januar 2001 vart det innført 100 % satellittovervaking og 100 % observatørdekning i fisket i NAFOs reguleringsområde. På grunn av dei høge kostnadene blei det sett i gang ein prosess for å vurdere om observatørdekninga kan reduserast i enkelte av fiskeria i reguleringsområdet. Det vart i 2003 arbeidd vidare med eit islandsk forslag som vart fremma i 2002, og eit pilotprosjekt vart vedteke på årsmøtet hausten 2003 med verknad for 2004. Pilotprosjektet omfattar 20 fartøy, kor 10 med og 10 utan observatør om bord. Den enkelte NAFO-part kan delta i pilotprosjektet med inntil 8 fartøy. For øvrig er det gjeldende rammeverket for observatørdekning forlenga til å gjelde ut 2004.

I STACFAC (Standing Committee on the Fishing Activities of Non-Contracting Parties in the Regulatory Area) kom ein på årsmøtet hausten 2003 langt i å utarbeide eit system for svartelisting av ikkje-medlemmers fartøy som har delteke i eit IUU-fiske i NAFO-området. Systemet byggjer i stor grad på dei ordningane som allereie er vedteke for CCAMLR og ICCAT. Det vert teke sikte på å slutføre dette arbeidet på eit møte i juni 2004, kor ein også vil søke å få på plass eit tilsvarende system for medlemsstatar.


Meir informasjon finst på NAFO sine heimesider: <http://www.nafo.ca>

3.4.2 NEAFC

Den nordaust-atlantiske fiskerikommisjonen, NEAFC, sitt myndigheitsområde er i utgangspunktet avgrensa til områda utanfor 200-milssonene. Når det gjeld reguleringar av fisket på bestandar som vandrar både innanfor og utanfor 200 n. mil, har kommisjonen i første rekkje ein samordnande funksjon. NEAFC kan likevel gjere vedtak om reguleringstiltak innanfor den økonomiske sona til ein part, dersom vedkomande part ønskjer det og støttar at eit reguleringstiltak blir sett i verk. Av bestandane i Nordaust-Atlanteren, som har eit utbreiingsområde som også omfattar det opne hav, er mellom anna kolmule, makrell, uer og norsk vårgytande sild.

NEAFC gjorde i 1996 for fyrste gong vedtak om eit avgrensa uttak på oseanisk uer i Irmingerhavet. I 2004 er det sett ein totalkvote for uerfisket på 120.000 tonn. Island og Russland har reservert seg mot denne reguleringa i NEAFC. Etter vedtaket i NEAFC har Noreg ein kvote på 4.290 tonn uer i Irmingerhavet i 2004.

Om dei fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003



Figur 3.3 NEAFC sitt konvensjonsområde.

NEAFC har gjort vedtak om å avgrense fangsten av norsk vårgytande sild i områda utanfor nasjonal jurisdiksjon i 2004, men vedtaket vil først tre i kraft når ei kyststatsavtale for norsk vårgytande sild er på plass (sjå punkt 3.3.1). Slik avtale er hittil ikkje kome i stand for 2004.

På NEAFC sitt årsmøte i 2000 vedtok partane for fyrste gong ei regulering av fisket etter makrell i internasjonalt farvatn. Kvoten for dette området vart fastsett til 56.610 tonn makrell i 2003. For 2004 vart denne kvoten redusert til 52.192 tonn. Island og Russland har reservert seg også mot denne reguleringa (sjå punkt 3.3.4).

For 2000 og 2001 vart det fastsett ein totalkvote for kolmule på 650.000 tonn, men utan at denne vart fordelt mellom medlemslanda. På årsmøtet til NEAFC hausten 2001 vart det fleirtal for å utsetje spørsmålet om totalkvote og eventuell fordeling av kolmulebestanden til eit ekstraordinært årsmøte i april 2002. Partane lykkast ikkje under dette møtet og heller ikkje i 2003, å bli samde om ei fordeling av kolmulebestanden, og det er difor ikkje vedteke forvaltningstiltak for kolmule i NEAFC-området for 2004. (sjå punkt 3.3.3).

NEAFC har innleidd ein prosess med sikte på å etablere eit forvaltningsregime for djuphavsressursane utanfor kyststatane sine jurisdiksjonsområde, og har i den samanheng sett ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere forslag til reguleringar for desse bestandane. På møtet i 2002 var det semje om å innføre mellombelse forvaltningstiltak som gjekk ut på at partane skull fryse sin innsats. På eit ekstraordinært møte i mai 2003 drøfta kommisjonen permanente forvaltningstiltak, men partane oppnådde ikkje semje om dette. Partane vedtok på årsmøtet i 2003 å nedsetje eit arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med regulering av djuphavsartar.

Årsmøtet i 2003 vedtok vidare å etablere ei liste over fartøy som driv med IUU-fiske i NEAFC-området (Illegal, Unregulated and Unreported Fishing).

Meir informasjon finst på NEAFC sine heimesider: <http://www.neafc.org/>

3.4.3 IWC, NAMMCO OG CITES

IWC

Noreg er medlem av Den internasjonale kvalfangstkommisjonen, IWC, som regulerer fangst av større kvalartar. IWC vart oppretta for å sikre ei bærekraftig forvaltning av kvalressursane, og Noreg deltek på årsmøter og andre møter om for-

valtning av kval. I 1982 vedtok IWC eit totalforbod mot all kommersiell kvalfangst. Noreg har reservert seg mot dette forbodet, og er difor ikkje bunden av det. For 2004 har Noreg autonomt fastsett ein norsk kvote på 670 dyr. Forskarane i IWC har etablert spesielle prosedyrar for vurderinga av dei ulike kvalbestandane og uttaket av dei. Den norske kvoten er basert på desse prosedyrane.

Meir informasjon finst på IWC sine heimesider: <http://www.iwcoffice.org/>

NAMMCO

Den nord-atlantiske sjøpattedyrkommisjonen, NAMMCO, vart etablert i 1992. Hovudoppgåva var å arbeide for vern og forvaltning av sjøpattedyr i Nord-Atlanteren basert på vitskapelege råd. Arbeidet er konsentrert om småkval, sel og kvalross, men studiane og samarbeidet omfattar óg dei store kvalartane. Noreg er saman med Færøyane, Grønland og Island medlem i kommisjonen. NAMMCOs Vitskapskomité driv forskning på sjøpattedyr i Nord-Atlanteren, blant anna vert det arbeid med å utvikle fleirbestandsmodellar som er viktig for å oppnå ei økosystembasert forvaltning. Noreg arbeider for at NAMMCO skal prioritere arbeidet med økosystembasert tilnærming til forvaltning av sjøpattedyra i våre havområde.

Meir informasjon finst på NAMMCO sine heimesider: <http://www.nammco.no/>

CITES

Konvensjonen om internasjonal handel av trua dyre- og planteartar, CITES («Convention of International Trade on Endangered Species of Fauna and Flora»), regulerer internasjonal handel med artar frå vill fauna som enten er trua av utrydding eller som kan bli det om ikkje handelen blir regulert. I 1983 vart vågekval ført opp på liste I under CITES. Dette inneber eit forbod mot handel med produkt av vågekval. Noreg har reservert seg mot denne listinga fordi vågekvalen ikkje fyller kravet om å vere trua av utrydding. Noreg har arbeid for å få opna for kontrollert handel, ved å fremje forslag om å endre listinga av vågekval. Dette vart for tredje gong søkt oppnådd på CITES sin partskonferanse i april 2000, utan at ein fekk det nødvendige 2/3 fleirtal. Etter ei samla vurdering vart det frå norsk side i januar 2001 likevel gjort vedtak om å åpne for eksport av norske produkt av vågekval under bestemte vilkår. Noreg starta å eksportere vågekval til Island i 2002 og til Færøyane i 2003. På partsmøtet i CITES i 2002 vart det

frå norsk side ikkje fremja nytt forslag om nedlisting. Nedlistingsforslag vil heller ikkje verte fremja for partsmøtet hausten 2004.

Over dei siste 10 åra har det vore ei aukande interesse i CITES for å liste fisk og andre marine artar. FAO har, gjennom fiskerikomiteen, engasjert seg i dette spørsmålet. Frå norsk side har ein hatt innvendingar til at CITES skal ha ei aktiv rolle i fiskeriforvaltinga. Noreg har på prinsipielt grunnlag gått imot listeføring av kommersielle marine artar inntil ein har fått klarlagt kva for konsekvensar slik listeføring kan få for fiskeriforvaltinga, sikra at dei kriterier som CITES legg til grunn for listing er høvelege for marine artar, og ei samarbeidsavtale mellom CITES og FAO er på plass, slik at naudsynt kompetanse er involvert.

Meir informasjon finst på CITES sine heimesider: <http://www.cites.org/>

3.4.4 CCAMLR

Kommisjonen for bevaring av marine levende ressursar i Antarktis, CCAMLR, vedtek årleg tilrådingar av totalkvotar for dei ulike artane i kommisjonen sitt område, som utgjer det meste av Sørishavet. CCAMLR deler ikkje totalkvotane mellom dei enkelte medlemmene. I utgangspunktet er det såleis ope for eit «olympisk» fiske, men til ein viss grad blir kvotane delte etter avtale mellom dei statane som driv det konkrete fisket.

Noreg fastsette den 13. mars 1998 ei føresegn om regulering av fiske med norske fartøy i Antarktis (CCAMLR-området). Føresegna gjeld for norske statsborgarar og personar busett i Noreg og som driv fiske med norske fartøy i havområda på den sørlege halvkula, som er underlagt konvensjonen av 20. mai 1980 for bevaring av levande marine ressursar i Antarktis. Det er forbod mot å drive fiske utan at det er innhenta løyve frå norske styresmakter.

Noreg tok del på CCAMLR sitt årsmøte i 2003. Det har lenge vore fokusert på det ulovlege (innfor dei økonomiske sonene) og uregulerte (på det opne hav innafor konvensjonsområdet) fisket etter Patagonisk tannfisk, såkalla «IUU-fiske». Dette problemet synest ikkje å minke. Fisket blir gjennomført både av fartøy som fører flagg til CCAMLR-medlema og fartøy under framandflagg. Det har i det siste vore rapportert om «nye» initiativ som vert tekne for direkte å fiske ulovleg og uregulert i området. Blant anna er det avdekka at ei rekke fartøy er bygga eller kontrahert med dette for auge. CCAMLR har i løpet av dei siste åra skipa ei rekke tiltak for å motvirke denne akti-

viteten, men problemet med det uregulerte fisket er enno ikkje løyst.

På årsmøtet i 1999 tok Noreg initiativet til ein resolusjon om «svartelisting» av fiskefartøy. Resolusjonen, som blei vedteke av CCAMLR, oppfordrar medlemmar av organisasjonen til ikkje å flagge eller lisensiere fartøy frå ikkje-medlemmar av CCAMLR som har delteke i IUU-fiske. På årsmøtet i 2002 vart det semje om å utbyggje systemet med «svartelisting» til å inkludere medlemmar av CCAMLR, samtidig som resolusjonen blei gjort om til bindande reguleringar.

Det er innført eit fangstdokumentasjonssystem for å overvake internasjonal handel og vise at Patagonisk tannfisk som vert importert til eit medlem av organisasjonen, er teke i samsvar med CCAMLR sitt regelverk eller teke utanfor CCAMLR-området. Det vert gjennomført ei kontinuerleg evaluering for å betre systemet og tette eventuelle smothol. Noreg sette i verk dette systemet i mars 2000. Det er skipa eit eige fond i CCAMLR der medlemslanda kan overføre verdien av fangstar som vert konfiskert i samband med handheving av systemet.

Meir informasjon finst på CCAMLR sine heimesider: <http://www.ccamlr.org/>

3.4.5 ICCAT

ICCAT (Den internasjonale kommisjonen for bevaring av atlantisk tunfisk) blei etablert i 1969. Fiskerierorganisasjonens primære funksjon er bevaring og forvaltning av tunfisk og tunfiskliknande artar i Middelhavet og Atlanterhavet. ICCATs kompetanseområde omfattar ca 30 artar, og av desse er makrellstørje av særleg interesse for Noreg.

Noreg har sida 1998 hatt status som observatør i ICCAT, og blei offisielt medlem i organisasjonen etter at Stortinget ratifiserte konvensjonen 17. desember 2003. Bakgrunnen for den norske interessa er at det igjen kan bli aktuelt med fiske etter makrellstørje i norske farvatn. Noreg hadde eit omfattande fiske etter makrellstørje på femti- og sekstitallet, men fisket tok slutt i 1986. Det er no teikn som tyder på at makrellstørja kan ta opp att sitt gamle beitevandringmønster i norske farvatn.

ICCAT vart lenge dominert av fjernfiske-stata-nes interesser, og opererte inntil nylig med kvotetildelingskriterier som var basert på historisk fiske, og som ikkje tok omsyn til kyststatanes rettar (e.g. sonetilhørighetsprinsippet). På årsmøtet 2001 blei nye kvotetildelingskriterier vedtatt.

Dei nye kriteria for tildeling av kvoter vernar no kyststaten sine interesser slik Noreg har definert dei.

Noreg deltok som observatør på årsmøtet i 2003 og signaliserte då at vi som offisielt medlem frå og med 2004 vil ha krav på å bli tildelt ein kvote på grunnlag av havretten og dei nye kvote-tildelingskriteria.

Totalkvoten for makrellstørje i Nord-Atlantere og Middelhavet i 2004 er sett til 32 000 tonn.

Meir informasjon finst på ICCAT sine heimesider: <http://www.iccat.es/>

3.4.6 SEAFO

Den søraustatlantiske fiskerierorganisasjonen, SEAFO, vart etablert 20. april 2001 og har sitt hovudsete i Namibia.

Den overordna målsetjinga til SEAFO-konvensjonen er langsiktig bevaring og berekraftig bruk av marine ressursar i det søraustlege Atlanterhavet. Partane pliktar å innføre tiltak som skal sikre ein langsiktig berekraftig bruk av fiskeressursane i konvensjonsområdet. Konvensjonsområdet er avgrensa til det opne havet, og omfattar såleis ikkje den økonomiske sona til kyststatane i området.

Noreg ratifiserte konvensjonen 12. februar 2003. I tillegg til Noreg er konvensjonen under-teikna av dei fire kyststatane Angola, Namibia, Storbritannia (på vegner av St.Helena) og Sør-Afrika, samt EU, Island, Sør-Korea og USA. SEAFO-konvensjonen tok til å gjelde 13. april 2003.

Dei norske kommersielle interessene i SEAFO-området er relativt små. Kartlegginga av fiskeripotensialet er mangelfull, og det er såleis vanskeleg å vurdere kva for interesser norske fiskarar kan få i området i framtida. Ein viktig grunn til at Noreg ratifiserte SEAFO-konvensjonen er at Noreg prinsipielt er ein sterk tilhenger av regionalt samarbeid om felles fiskeriresursar, og Noreg deltek aktivt i ein rekkje andre regionale fiskerierorganisasjonar. Norsk deltaking i SEAFO kan både gje innsyn i og høve til å påverke i forhold til statspraksis på området. Vidare vil Noregs bi- og multilaterale bistandsengasjement i regionen kunne styrkjast gjennom deltaking i SEAFO.

Det fyrste årsmøtet i SEAFO vart halde i Namibia 9.-13. mars 2004. Noreg deltok ikkje på dette møtet, av budsjettmessige årsakar.

Meir informasjon finst på SEAFO sine heimesider: <http://www.mfmr.gov.na/seafo/seafo.htm>

4 Bestandsutrekning, rådgjeving, tilstandsrapportar og langsiktige forvaltningsplanar

Her vert det fyrst gjeve ei kort oversikt over metodar for å måle fiskebestandar i felten, utrekningsverktøy (modell), forvaltningsplanar, rådgjeving og dei såkalla referansepunkta. Deretter vert det gjort greie for tilstanden til dei viktigaste fiskebestandane som Noreg deler med andre land, i tillegg til tilrådd TAC, avtalt TAC og fangstar. Til sist vert dei langsiktige forvaltningsplanane som Noreg har vedteke saman med andre land omtala.

4.1 Bestandsutrekning og rådgjeving

4.1.1 Bestandsutrekning

Bestandsutrekning («assessment») inneber å kombinere tilgjengeleg informasjon frå fangststatistikk og data frå vitskaplege tokt. Ved hjelp av ulike matematiske modellar reknar ein ut kor stor bestanden er i dag ved å sjå på kor store årsklassane var i fjor, og så trekkje ifrå dei individa som har døydd p.g.a. fiske og naturleg død (etne av andre, sjukdom, matmangel, alderdom) i løpet av året. Dei viktigaste datakjeldene som blir brukt i slike modellar er:

- fangststatistikk med stikkprøvar av alderssamansetjing (skal fortelje kor mykje som er blitt fiska i løpet av året av dei forskjellige årsklassane)
- toktdata (fortel om endringar i talet på fisk i kvar aldersgruppe, i forhold til året føre)

Fangststatistikk

Det er viktig å halde oversikt over kor mange individ som vert teke ut av ein bestand. I nokon tilfelle kan ein sjå om bestanden veks eller minkar ved å samanlikne kor stor fiskeinnsats det ligg bak kvart tonn med fanga fisk frå år til år. Fisket gjev forskarane opplysningar om når, kva, kor og kor mykje det fiskast, og bringer dermed fram viktig informasjon som matast inn i forskarane sine modellar. Desse opplysningane må difor vere så nøyaktige som mogleg. Fiskarane kan oppnå ein

kortsiktig gevinst ved å gje opp unøyaktige fangstdata. På den andre sida vil dette kunne slå tilbake på fiskarane etter ei tid, i form av unødig stor reduksjon i fiskebestandane, som det så tek lang tid å byggje opp att.

Toktdata

Havforskningsinstituttet brukar vanlegvis fleire ulike metodar for å måle mengden av fisk i havet:

- ekkolodd/akustikk
- trål
- måling av eggproduksjon
- merking

Akustisk mengdemåling

Metoden baserer seg på at objekt i havet reflekterer lyd (ekko). Styrken og tidslengda av ekkoet frå ein fisk eller fiskestim er avhengig av fisken sin art og storleik og av tettleiken og volumet av stimen. Desse samanhengane er etter kvart blitt rimeleg godt fastlagde gjennom eksperimentelle og kontrollerte målingar. Ved å måle og lagre ekkostyrke og ekkotidslengd langs kurslinjene, og observere kva slags artar og storleiker som medverkar til dei akustiske målingane ved å ta prøvar (trålfangstar), kan ein rekne ut kva slags fisketettleikar ekkomålingane svarar til. Dei akustiske målingane og analysane blir utførte i BEI («Bergen Echo Integrator»), eit system som er utvikla av Havforskningsinstituttet, og som er i omfattande bruk rundt om i verda.

Bunntål

Talet på fisk i kvar bunntålfangst blir rekna om til fisketettleik (talet per flateining) ved å dividere på det arealet bunntålen har fiska over. Ved å ta eit stort tal trålstasjonar fordelt i heile utbreiingsområdet til bestanden, får ein fram ei fordeling basert på trålfangst per arealeining.

Måling av eggproduksjonen

Metoden her kan kortfatta skisserast slik: Når ein vet kor mange egg som er gytt og kor mange egg ein hofisk gyt, kan ein finne ut kor mange hofisk som har gytt. Feltdelen, eller eggtafestinga av metodikken, er i hovudsak lik bunnrålmotodikken. Med planktonhåv vert det teke eit stort tal håvtrekk fordelt i heile gyteområdet. Fangstane av egg blir rekna om til eggtefleikar (tal per flateining). Multiplisert med tilhøyrande areal og justert for egga sin alder får vi så totalt tal på egg gytt per dag. Gyteområdet vert dekkja fleire gonger i løpet av gytesesongen. Når eggmengdene frå kvar dekning blir summert over heile gytesesongen, får ein det totale talet på gyttte egg.

Talet på egg som eit individ gyt er avhengig av art og storleik. Store hoer gyt fleire (og større) egg enn små hoer. Samanhengen er fastlagt, og talet på egg per gram hofisk er talfesta. Total mengd gyttte egg, dividert med talet på egg per gram hofisk, gjev til slutt vekta eller biomassen av gytebestanden av hofisk. Prøvetaking syner kor mykje hannfisk og hofisk det er i gytebestanden. Vanlegvis er dette forholdet nær 1:1.

Merkeforsøk

I si aller enklaste form kan formelverket som vert nytta skisserast slik:

Talet på fisk i bestand/talet på merkte fisk =
Talet på fisk i fangst/talet på merkte fisk i fangst

Dersom ein held greie på talet på merker som vert sett ut, talet på merker som vert funne att, og talet på fisk som vert fanga, kan ein ved hjelp av denne formelen rekne ut mengda av fisk i bestanden.

4.1.2 Metodar for utrekning av bestandar

Bestandsutrekning inneber som nemnt å kombinere tilgjengeleg informasjon frå fisket, tokt osv., til ein einskapleg fastsetjing av bestanden sin storleik og utnyttingsgrad. Utfallet er grunnlag for utrekning av tilrådde kvoter, og er elles viktig for meir grunnleggjande forskning omkring forhold som avgjer storleiken på bestanden, rekruttering osv.

For dei fleste bestandar av interesse for Noreg blir desse utrekningane gjort i samarbeid med forskarar frå fleire land i arbeidsgrupper innafor ICES (Det internasjonale råd for havforskning). Utrekningsverktøyet er matematiske modellar. Det finst ei rekkje slike modellar, og dette er eit

forskningsfelt i rask utvikling. Valet av modell vil avhenge av bestanden sine eigenskaper og kva slags data som er tilgjengeleg. I Noreg brukast hovudsakleg modellar kor føresetnaden er at både fangstane og toktdata ligg føre som talet på fisk fordelt på alder. Det gjer at målingane kan knyttast til årsklassar, og at kvar årsklasse kan følgjast over tid.

VPA (Virtuell PopulasjonsAnalyse)

Dette er ein metode til å rekne ut kor stor ein årsklasse må ha vore bakover i tid, og kor høg fiskedøyinga har vore, ved hjelp av opplysningar om fangst ved alder over ein del år. Dette er ikkje nok for ei fullstendig bestandsutrekning, men mange utrekningsverktøy tek utgangspunkt i denne metoden.

Om ein veit kor mange fisk som har vore fanga av ein årsklasse gjennom ein del år, veit ein også at det må ha vore minst så mange fisk i årsklassen frå starten av. Faktisk må det ha vore endå fleire, fordi ein også må rekne med eit fråfall av andre årsaker enn fiske (naturleg døying). Når ein skal sette opp eit slikt rekneskap, startar ein i praksis med det talet på fisk ein trur framleis er til stades, legg til talet som blei fanga siste år og det som gjekk tapt siste år på grunn av naturleg døying. Då får ein talet som må ha vore i årsklassen året føre. Slik held ein fram bakover i tid. Den naturlege døyinga rekner ein som eit fast relativt (prosentvis) tap kvart år. Fiskedøyinga får ein ved å halde saman fangst og bestand år for år.

VPA fortel altså ikkje kor stor bestanden er i augneblinken. Om ein derimot kan gå ut frå at det no er lite igjen av ein årsklasse, kan ein rekne ut ganske presist kor stor årsklassen har vore i tidlegare år. Utrekningen byggjer på fangststatistikken, og blir villeiande om fangsttala ikkje er riktige.

4.1.3 Forvaltningsplan og rådgjeving

Det er naturen som set grenser for kor mykje som kan haustast av ein fiskebestand. Innanfor denne avgrensinga er det like fullt mange alternative måtar å nytta ressursen på, avhengig av kva slags mål ein har. Ein snakker her om ulike forvaltningsplanar. Desse kan vere tidsavgrensa eller permanente. Ein permanent plan kan for eksempel vere å fiske med ein gitt utnyttingsgrad. Ein tidsavgrensa plan kan for eksempel ta sikte på gjenoppbygging av ein bestand til eit visst nivå. I begge tilfelle bør det vere mogleg å revidere planen undervegs.

Tabell 4.1

Døyingstal	0,1	0,2	0,3	0,4	0,5	0,6	0,7	0,8	0,9	1,0	1,5	2,0
%	9,5	18,1	25,9	33,0	39,3	45,1	50,3	55,1	59,3	63,2	77,7	86,5

Dei forvaltningsplanane som har eksistert fram til no har som regel vore enkle og ufullstendige. Det er difor eit langsiktig mål for norske fiskeristyresmakter at forvaltninga skal vere basert på meir heilskaplege forvaltningsplanar enn dagens, kor det ikkje berre vert teke omsyn til biologiske, men også til økonomiske og andre relevante faktorar.

I ein forvaltningsplan vil berekraft vere ei grunnleggjande norm. Optimal ressursutnytting og stabilitet er andre kriterium som det er rimeleg å ta omsyn til. For å kunne vurdere utnyttingsgrad og bestand i forhold til slike kriterium, er det utvikla biologiske referansepunkt. Tradisjonelt har desse vore brukt i forvaltningsrådgjeving både som grenseverdier og målverdier. Nedanfor er det gitt ei oversikt over dei mest vanlege referansepunkt og kva dei betyr, men fyrst er det naudsynt å forklare enkelte vanlege, faglege omgrep.

Døyingstal

Totalt døyingstal (Z) i ein fiskebestand vert delt opp i naturleg døyingstal (M) og fiskedøyingstal (F). Fiskedøyingstalet skal omfatte den del av døyingstalet som skuldast fisket. I praksis vil det like fullt vere vanskeleg å få mål på utkast og døyingstal som skuldast kontakt med fiskereiskap, slik at fiskedøyingstalet i bestandsutrekningar som regel berre omfattar det som blir registrert som ilandført. Naturleg døyingstal omfattar då all annen døying, og er «momentan». Ettersom talverdien som oftast ligg mellom 0 og 1, f.eks. 0,5, oppfattast dette lett som prosent, dvs. at 0,5 skulle bety 50 % døying. I praksis er forholdet annleis, slik at døyingstalet ofte kan overstige 1 utan at dette betyr 100 % døying.

Samanhengen er vist i tabell 4.1

I forvaltningssamanheng er det som regel berre fiskedøyingstalet som blir presentert, og naturleg døying vil kome i tillegg til denne. Ein fordel ved å bruke «momentant» døyingstal er at dette ofte er tilnærma proporsjonalt med fangst-innsatsen. Ein dobling av fangstinnsatsen tilsvarar omtrent ein dobling av fiskedøyingstalet.

Eit utnyttingsmønster syner korleis utnyttinga er fordelt på kvar aldersgruppe. Dette vil mellom anna vere avhengig av reiskapsseleksjon. Som

regel vil utnyttinga vere lågare på ung fisk enn på eldre. Utnyttingsmønsteret er uavhengig av utnyttingsgrad (fiskedøyingstal), og refererer berre til dei relative forhold mellom aldersgruppene. Endringar i utnyttingsmønsteret kan ha stor innverknad på langtidsutbyttet.

Referansepunkt som dannar grunnlag for rådgjeving om fiskekvoter

Føre-var-regelen (eller føre-var-tilnærming) i forvaltning av naturressursar er nedfelt i fleire internasjonale konvensjonar etter Rio-konferansen i 1992. Sidan 1998 har ICES med tida definert og talfesta føre-var-referansepunkt for dei fleste bestandar. Referansepunktta omfattar både utnyttingsgrad (fiskedøyingstal) og storleik på gytebestanden.

Berekraftige fiskeri er eit sentralt omgrep i dei før nemnte internasjonale konvensjonane. Ut frå det langsiktige aspekt som ligg i dette, og ut frå den historiske erfaringa med forvaltning av fiskebestandar, er fiskedøyingstalet rekna som eit viktig kriterium for føre-var-forvaltning. Ein vil sikre seg mot at bestanden vert utsett for ein fiskedøying som på lengre sikt kan føre til samanbrot i bestanden. Ut frå dei historiske bestandsdata og enkle føresetnader om samanhengen i gytebestand/rekruttering, har ein for kvar bestand prøvd å definere ei nedre grense for gytebestand (B_{lim}) der det er stor sjanse for dårleg rekruttering om gytebestanden kjem under denne grensa. Tilsvarande er det definert ei øvre grense for fiskedøyingstalet (F_{lim}) som, dersom det vert overskriden over lengre tid, med stort sannsyn vil bringe bestanden ned på det nivået der rekrutteringa er venta å bli dårleg.

Når ein tek omsyn til uvisse i bestandsvurderinga, vil ei føre-var-forvaltning krevje at det vert lagt inn ein sikkerhetsmargin i forhold til desse «absolutte» grenser. Ei føre-var-grense for gytebestand (B_{pa})¹ må difor vere noko høgare enn B_{lim} , og ei føre-var-grense for fiskedøyingstal (F_{pa}) må vere noko lågare enn F_{lim} . Denne tryggleiksmarginen vil altså avhenge av presisjonen i bestandsutrekninga og graden av naturleg variasjon i


¹ pa = «precautionary approach» = «føre var»

bestanden. F_{pa} kan sjåast som det høgaste fiskedøyingstalet som vil vere i samsvar med føre-varforvaltning, men er også knytta til om den er berekraftig. B_{pa} er fyrst og fremst ei tiltaksgrense. Dersom gytebestanden er lågare enn B_{pa} bør ein ta det som ei åtvaring og setje inn ekstra tiltak for igjen å få bestanden opp på eit tryggare nivå.

ICES har definert dei «absolutte» grensene (B_{lim} og F_{lim}) frå historiske bestandsdata og teori om dynamikken i fiskebestandar. Når det gjeld føre-var-grensene (B_{pa} og F_{pa}) er desse mellom anna avhengig av kor stor risiko forvaltninga er villig til å ta. ICES gir difor kun forslag om desse, og det krevst ein dialog med forvaltninga for å fastsetje føremålstenlege verdjar.

Det er verdt å merke seg at ICES sin definisjon av føre-var-referansepunkta er grenseverdjar som tek sikte på at bestanden med stort sannsyn skal halde seg over det nivået der rekrutteringa kan svikte. Grensene er altså ikkje tenkt å vere mål for forvaltninga. For dei fleste bestander, spesielt av botnfisk, er den føreslegne føre-var-grensa for fiskedøyingstalet høgare enn det fiskedøyingstalet som maksimerer langtidsutbyttet, og forvaltninga kan fritt stila mot eit høgare langtidsutbytte ved å setje eit mål for fiskedøyingstalet som er lågare enn føre-var-grensen.

Bruken av føre-var-tilnærminga er komen gradvis til syne i ICES si rådgjeving. Frå og med hausten 1996 vart det i større grad enn tidlegare argumentert mot høge fiskedøyingstal også for ein del bestandar som var godt innafor trygge biologiske grenser. Hausten 1997 blei det for dei fleste bestandar gitt ei åtvaring om kva slags fangstposisjonar som ikkje blei rekna for å vere føre-var, og frå 1998 blei føre-var-referansepunkta innførte. Ei anna omlegging hausten 1998 var at trygge biologiske grenser vart definert ut frå både storleiken på gytebestanden og fiskedøyingstalet, mens dei tidlegare i hovudsak berre vart definert ut frå storleik på gytebestanden. Denne omlegginga gjorde at mange bestandar som før vart klassifisert som innafor trygge biologiske grenser no havna utanfor, sjølv om det ikkje utan vidare hadde skjedd vesentleg endring i bestandssituasjonen. Etter at dette vart presentert har det blitt reist innvendingar mot ei slik inndeling. Det kan verke ulogisk at ei høg utnytting er uansvarlig så lenge gytebestanden er på eit forsvarlig nivå. ICES har ei meir langsiktig grunngeving for dette: Høgt uttak er ein fare for bestanden på sikt, utan omsyn til noverande storleik på bestanden. Historia stadfestar i høg grad at dette argumentet er relevant.



Figur 4.1 Diagram over fiskedøyingstal og gytebestand (SSB) med referansepunkta F_{lim} , F_{pa} , B_{lim} og B_{pa} teikna inn. Dei farga felte indikerer ulike tiltaksområde. Grønt: Kan utnyttast; Gult: Tiltaksområde; Rødt: Stopp fisket eller andre drastiske tiltak

Frå 1999 har ICES nyansert inndelinga i forhold til sikre biologiske grenser og brukar no omgrepet «hausta ut over sikre biologiske grenser» i dei tilfella kor fiskedøyingstalet er for høgt, mens gytebestanden framleis er tilstrekkeleg. Ei ytterlegare nyansering i forhold til trygge biologiske grenser kan illustrerast i eit diagram over fiskedøyingstal og gytebestand med referansepunkta teikna inn (Figur 4.1). Graden av risiko aukar altså nedover og mot høgare i diagrammet. I det grønne feltet er begge kriterium innafor føre-var-verdjar, og det er rom for ein viss valgfridom i kvotefastsetjing. Innafor det gule feltet vil, i dei fleste tilfelle, ein moderat reduksjon i fisket vere tilstrekkelig for å kome raskt tilbake til ei føre-varforvaltning, mens i det raude feltet krevst kraftige tiltak. For tida går det føre seg ein fagleg diskusjon om å ta i bruk fleire og meir nyanserte formuleringar og dermed også fleire fargenyansar i diagrammet i Figur 4.1.

4.1.4 Rådgjeving frå Det internasjonale råd for havforskning (ICES)

Rådgjevinga frå ICES blir utarbeidd av Den rådgjevande komitéen for fiskeriforvaltning (ACFM). ACFM er sett saman av ein forskar frå kvart av dei 19 medlemslanda i ICES i tillegg til formannen. ACFM møtest to gonger i løpet av året, i juni og oktober. Avhengig av til kva tid dei årlege

bestandsutrekningane vert gjennomført for dei ulike fiskebestandane, blir desse utrekningane kvalitetssjå og råd til forvaltninga gitt enten om våren eller hausten. Dei siste åra har difor dei viktigaste botnfiskbestandane nord for 62°N samt sild og kolmule blitt behandla av ACFM under vårmøtet, mens råda når det gjeld botnfiskbestandane i Nordsjøen, lodde og makrell har kome om hausten. Råda frå ICES inneheld ei skildring av bestanden sin tilstand, forvaltningsmål, opsjonstabell med konsekvensar av ulik utnytting, rådgjeving samt tabellar og figurar som illustrerer bestandshistoria. Råda er offentlege, og kan lesast for kvar bestand på ICES si internettside www.ices.dk. Havforskningsinstituttet omsetjer rådgjevinga frå ICES til norsk, kommenterar og utdjupar der det er naudsynt, og legg alt ut på Havforskningsinstituttet si internettside www.imr.no. Dette for at det ikkje skal vere tvil om kva som er ICES og Havforskningsinstituttet si offisielle vurdering av bestandssituasjonen og råd til dei forvaltande styresmakter.

4.2 Tilstandsrapportar og rådgjeving for dei viktigaste fiskebestandane i norske farvatn

4.2.1 Norsk-arktisk torsk

Bestanden har si utbreiing i heile Barentshavet opp til polarfronten. I fyrste halvår er gytefiskten

(skrei) fordelt langs norskekysten, for det meste sør til Lofoten, men enkelte år finst skrei heilt sør til Stad.


Gjennomsnittleg årsfangst sidan 1946 er 660.000 tonn. Dei siste 5 åra har fangsten vore mellom 400.000 og 500.000 tonn. (Figur 4.2). Norsk fangst har dei siste åra vore omlag 45 % av total internasjonal fangst. Nesten alt utanlandsk fiske på norsk-arktisk torsk skjer med botntrål, mens i det norske fisket vert 65-70 % av fangsten teken med andre reiskap.

Avtalt kvote har dei tre siste åra vore 395.000 tonn (i tillegg til 40.000 tonn norsk kysttorsk). Sidan 1998 har avtalt kvote vore høgare enn det ICES har tilrådd. (Tabell 4.2).

Figur 4.2 syner utviklinga av bestanden sidan 1946. Bestanden minka frå 1993 til 1999, men har sidan vakse noko. Trass i svært høgt fiskedøyingstal på 5-10 år gamal fisk har betra overleving fram til 5 år gjeve vekst i bestanden. Dei viktigaste årsaker til desse betringar er truleg redusert kannibalisme og betre ungfiskvern gjennom stenging av område med småfisk og bruk av sorteringsrist i trålfiskeria.

Tilrådde reguleringar og avtala for 2004

Ved siste bestandsvurdering har ICES klassifisert bestanden til å vere hausta ut over sikre biologiske grenser, men utrekna gytebestand er over føre-var-grensa på 460.000 tonn. ICES tilrådde at



Figur 4.2 Norsk-arktisk torsk. Utvikling av totalbestand (tre år og eldre, søyler), gytebestand (skravert del av søylene) og fangst (heiltrukken linje) frå 1946 til 2003.

Om dei fiskeriatvitalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003

Tabell 4.2 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (1000 tonn) av norsk-arktisk torsk sidan 1995.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1995	Ingen gevinst ved å auke F	681	700	740	501
1996	Ingen gevinst ved å auke F	746	700	732	579
1997	Godt under F_{med}	< 993	850	762	565
1998	$F < F_{med}$	514	654	593	388
1999	Minka F til under F_{pa}	360	480	485	252
2000	Auka SSB til over B_{pa} i 2001	110	390	414	222
2001	Høgt sannsyn for SSB > B_{pa} i 2003	263	395	426	321
2002	Minka F til under 0.25	181	395	445	505
2003	Minka F til under F_{pa}	305	395		653
2004	Minka F til under F_{pa}	398	486		652

fisket i 2004 ikkje bør overskride 398.000 tonn ($F=0,40$).

Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjon vart i 2002 einige om ein ny forvaltningsregel for torsk. Kvoten for 2004 blei i samsvar med denne regelen sett til 486.000 tonn. Ut frå dei tilgjengelege prognosar svarar denne kvoten til ein F større enn F_{pa} i 2004. ICES har kommentert at denne regelen i fleire tilfelle vil gje ein kvote som allereie i prognosen tilseier at fiskedøyingstalet blir større enn F_{pa} , men har ikkje kategorisk avvist at regelen, eventuelt med modifikasjonar, kan gje ei føre-var forvaltning. Om omfattande simuleringar (modell) syner at regelen i det lange løp gir tilstrekkeleg høg tryggleik (ca 95%) for å halde den reelle gytebestanden over B_{lim} , kan regelen reknast for å tilfredsstillе føre-var-kriteria. Det vert arbeidd med slike simuleringar for å ha eit betre grunnlag for rådgjevinga for 2005.

4.2.2 Norsk-arktisk hyse

Norsk-arktisk hyse gyt på djupt vatn nordover langs kysten. Det viktigaste gyteområdet er vestkanten av Tromsøflaket. Andre viktige gytefelt er eggakanten utanfor Møre og Romsdal og utanfor Røstbanken og Vesterålsbankane. Oppvekstområda finst langs kysten og i Barentshavet. Ulike årsklassar har ulik utbreiing og dette må det takast spesielt omsyn til i bestandsutrekningane.


Bestandsrådgjevinga frå mai 2003 syner at bestanden har vore hausta for hardt sidan 1992. Grunnen til dette er todelt: Som for torsk har bestandsprognosane gjennomgåande vore for optimistiske. I tillegg har norske og russiske styresmakter avtala uttak som er over dei tilrådde maksimalgrensene.

I utrekningane av hysebestanden sin storleik har ein brukt same reknemodell som for norsk-arktisk torsk. I utrekningane inngår, forutan fangststatistikken, tre seriar av indeksar (relative mål) frå forskingstokt. Toktindeksane som inngår er botntrålindeks og akustisk indeks frå det norske toktet i Barentshavet i februar, og botntrålindeks frå det russiske toktet i Barentshavet i november/desember. I 2002 vart det utført ei ekstra hysedekning i forlenginga av det norske toktet. Denne undersøkinga avdekkar rikelege mengder av hyse utanfor det tradisjonelle toktområdet. Andre undersøkingar støttar opp om dette, men avdekkar også eit svært interessant fenomen. Det viser seg at denne graden av underdekning varierer frå årsklasse til årsklasse. Konkret gir dette seg utslag i at enkelte årsklassar har ein langt meir vestleg og sørleg (kystnær) fordeling enn andre årsklassar. Denne endringa i fordeling kan også knyttast til årsklassa sin storleik.

Den sterkaste endring i fordeling har vore observert for 1996-årsklassen, og dette blei det tatt spesielt omsyn til ved dei siste bestandsanalysane. Bestandsutrekningane tek også omsyn til den mengde hyse som vert eten av torsk. Dette reknar ein ut frå mageprøvar av torsk. Tendensen til å overvurdere bestanden sin storleik har vore større enn for torsk. Ein mulig årsak til dette kan vere ein varierende grad av utkast og ikkje-bokførte landingar. Ein indikasjon på ein auke i graden av utkast blei observert på seitoktet hausten 2002. Fleire stader langs kysten blei det oppdaga krokskadd hyse som ein reknar med er utkast frå fløylinefisket.

Bestanden av norsk-arktisk hyse var nede på eit svært lågt nivå i 1983-1984. (Figur 4.3). Etter dette gav årsklassane 1982 og 1983 ei auke i

Om dei fiskeriatvane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003



Figur 4.3 Utviklinga av totalbestanden, gytebestanden og fangst av norsk artisk hyse sidan 1950

bestanden, men dei svake årsklassane 1985-1987 førte til ein ny nedgang fram til 1990. Rekrutteringa vart seinare sterkt forbetra. Spesielt var 1990-årsklassen svært sterk, og den er saman med 1950-, 1969- og 1983-årsklassane ein av fire svært sterke årsklassar etter 1945. Frå 1998 ser det ut til at ein har kome i ein ny situasjon med meir stabilt god rekruttering. Når ein i tillegg observerte ein av dei høgaste yngel-indeksane nokosinne i 2002 og om lag middels indeks i 2003, er grunnlaget for ei svært positiv bestandsutvikling til stades.

Dei totalkvotane som har vore avtala av norske og russiske styresmakter har generelt sett vore over tilrådde kvoter heile tida sidan 1990. (Tabell 4.3). Unntaka har vore 1997 og 2003. Anbefalinga

for 2004 er å redusere fisketrykket til under føre-var-nivå. Dette svarar til ein totalkvote lågare enn 120.000 tonn. Den avtalte kvoten for 2004 på 130.000 tonn er ikkje i samsvar med føre-var prinsippet. På den andre sida er gytebestanden over føre-var-nivået på 80.000 tonn.

4.2.3 Norsk arktisk sei

Fisket

Utbyttet av seifisket nord for 62°N var om lag 135.000 tonn i 2000, 136.000 tonn i 2001 og 155.000 tonn i 2002. (Figur 4.4). Kvoten for 2003 blei fastsett til 164.000 tonn. Noreg dominerer fisket (ca. 95 %), og sluttresultatet i 2003 ligg an til å bli vel 145.000 tonn. Det gjennomsnittlege nor-

Tabell 4.3 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (1000 tonn) av norsk-arktisk hyse sidan 1995.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1995	Ingen langtidsgevinst for $F > F_{med}$	122	130	138	97
1996	Ingen langtidsgevinst for $F > F_{med}$	169	170	173	141
1997	Hald F godt under F_{med}	<242	210	149	134
1998	Hald F under F_{med}	120	130	94	108
1999	Minka F til under F_{pa}	<74	78	82	93
2000	Minka F til under F_{pa}	<37	62	61	52
2001	Minka F til under F_{pa}	<66	85	82	91
2002	Minka F til under F_{pa}	<64	85	84	86
2003	Minka F til under F_{pa}	< 101	101		120
2004	Minka F til under F_{pa}	<120	130		133

ske utbyttet i perioden 1960-2002 er på 132.000 tonn.

Bestandsgrunnlaget

I april 2003 gjennomførte ICES-arbeidsgruppa nye bestandsutrekningar. (Figur 4.4). Gytebestanden var på ein topp i 1998 og har sidan blitt litt redusert, men er forventa å stabilisere seg dersom fiskedøyingstalet vert halden på nivået i dag. Analysen viste ein liten auke i fiskedøyingstalet frå 2000 til 2001 og 2002, men det ligg framleis under føre-var-nivået. Dei siste åra har det vore ein tendens til å overvurdere fiskedøyingstalet og undervurdere bestandsstorleiken i siste utrekningssår. På den andre sida har denne trenden avteke noko siste år.


ACFM konkluderte med at bestanden er innfor sikre biologiske grenser. Gytebestanden er godt over føre-var-nivået på 150.000 tonn, og utnyttingsmønsteret er betre enn tidlegare. ACFM tilrår at fiskedøyingstalet vert halden under føre-var-grensa, noko som svarar til ein fangst på under 186.000 tonn i 2004.

Havforskningsinstituttet støtta tilrådinga frå ICES, og var einig i at ein legg seg under eit føre-var fiskedøyingstal også neste år. Med tanke på gytebestandsutvikling og størst mulig stabilitet i

fangst tilrårde Havforskningsinstituttet at ein ikkje sette kvoten for 2004 høgare enn det motsvarande utnyttingsnivået i 2003, dvs. rundt 165.000 tonn. Dette ville i så fall vere på nivå med både gjennomsnittlig totalfangst frå 1960 til 2002 (160.000 tonn), og langtidsutbyttet for gjeldande utnyttingsmønster under føresetnad av gjennomsnittleg rekruttering (161.000 tonn).

Det akustiske seitoktet er i fyrste rekkje retta inn mot aldersgrupper som er i ferd med å rekruttere til fisket (3-5 år) og dekkjer i mindre grad kjønnsmoden fisk. Det er vanskeleg å ha pålitelege mål for rekrutterande årsklassar av sei fordi de fyrst kjem inn i toktutrekninga samstundes med at dei kjem inn i not- og snurrevadfisket. Resultat frå dei siste tokta tyder på at utnyttingsgraden av 4-5 år gamal sei er aukande. Dette er spesielt urovekkjande for 4-åringane fordi det var venta at dei nye minstemålsføresegnene som vart innførte i 1999 i større grad ville verne denne aldersgruppa, som i store delar av året er under minstemålet. Dette tilseier også at ein må vere forsiktig i uttaket.

Norske styresmakter fastsette totalkvoten for 2004 til 169.000 tonn. (Sjå tabell 4.4). Dette svarar til eit fiskedøyingstal på omlag 0.24, som er under føre-var-grensa.



Figur 4.4 Sei nord for 62°N. Utviklinga i totalbestanden (2 år og eldre), gytebestanden og fangst. Tala for 2003 og 2004 er prognoser.

Tabell 4.4 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (1000 tonn) av norsk-arktisk sei sidan 1995.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1995	Ingen auke i F	221	165	168	289
1996	Ingen auke i F	158	163	171	332
1997	Minka F til F_{med} eller lavere	107	125	144	385
1998	Minka F til F_{med} eller lavere	117	145 ¹	154	464
1999	Minka F under F_{pa}	87	144 ²	150	428
2000	Minka F under F_{pa}	<89	125 ³	135	409
2001	Minka F under F_{pa}	<115	135	136	441
2002	Minka F under F_{pa}	<152	162 ⁴	154	447
2003	Halde F under F_{pa}	< 168 ⁴	164		437
2004	Halde F under F_{pa}	< 186	169		411

¹ TAC fyrst satt til 125.000 t, auka i mai 1998 etter ekstraordinære bestandsanalysar.

² TAC satt etter ekstraordinære bestandsanalysar i desember 1998.

³ TAC satt etter ekstraordinære bestandsanalysar i desember 1999.

⁴ TAC først satt til 152.000 t, auka til 162.000 t etter bestandsanalysane i april 2002, opphavg råd frå ICES for 2003 på 168.000 t føleleg redusert til 164.000 t

4.2.4 Lodde i Barentshavet

Utrekningsmetodar

Totalbestanden av lodde vert målt akustisk kvar haust. Toktet er eit samarbeid mellom Noreg og Russland. Desse undersøkingane gjev eit overslag over mengda av lodde som er eit år og eldre. Eit loddelarvetokt i juni og eit 0-gruppetokt i august gjev tilleggsinformasjon om rekruttering.

Bestandsutrekningane for lodda i Barentshavet vert utarbeidde av ei undergruppe av «Northern Pelagic and Blue Whiting Fisheries Working Group» i ICES, som møttest etter hausttoktet. Bestandsestimater frå det årlege hausttoktet vert brukt direkte som mål for bestandsstorleiken, og prognosar og kvotetilrådingar vert rekna ut i spesielle modeller der også modning, vekst og naturleg døyingstal inngår. Estimata for naturleg døyingstal tek omsyn til mellom anna mengda og storleikssamansetjinga av torsk i Barentshavet, og kor mykje av loddebestanden ein meiner at denne torsken kjem til å eta. I prognosane blir det teke omsyn til uvisse i dei ulike målingane og i føresetnadane som inngår.

Bestandsgrunnlaget


Figur 4.5 viser utviklinga i bestand og fangst frå 1973 til 2003. Loddebestanden sin biomasse vart monaleg redusert frå 2002 til 2003, og situasjonen må kallast eit bestandssamanbrot. Dette skuldast først og fremst at årsklassane 2000 og 2001 i 2003

berre var 0.2 og 0.1 gonger så talrike som tilsvarende aldersgrupper var i 2002. Dette kom både av at desse årsklassane var svakare i utgangspunktet, og at dei har hatt eit auka naturleg døyingstal. Den rekrutterande 2002-årsklassen var noko meir talrik enn den føregåande årsklassen, men hadde vesentleg lågare gjennomsnittsvekt.

Samanbrotet i bestanden skuldast tre faktorar; svake rekrutterande årsklassar (trass i stor larveproduksjon kvart år), auka naturlege døyingstal og redusert individuell vekst (særleg på 1-åringane). Samanbrotet skuldast ikkje fisket. Hausten 2003 vart det målt store sildmengder (hovudsakleg 2002-årsklassen) i det sørlege og austlege Barentshavet. Det er difor grunn til å tru at den dårlege overlevinga av loddelarver i denne perioden kan ha samband med dette. Den auka naturlege døyingstalet på eldre lodde kan, i alle fall langt på veg, skuldast at ein veksande torskebestand beitlar på ein sterkt minkande loddebestand. Nedgangen i vekst på 1-åringane var uventa; vanlegvis plar svake årsklassar ha god individuell vekst.

I 2004 og i 2005 vil bestanden vera på eit svært lågt nivå. Den vidare utviklinga i bestanden er i stor grad avhengig av rekrutteringa frå 2003-årsklassen. Som nemnt er denne årsklassen talrik på larve- og 0-gruppestadiet. Den sterke 2002-årsklassen av sild vil vera i Barentshavet enno eit par år, og kan påverke rekrutteringstilhøva for lodde negativt.

Om dei fiskeritavtalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003



Figur 4.5 Utvikling i totalbestand (mørk + lys søyle), gytebestand (lys søyle) og fangst (kurve) av lodde 1973-2003

Reguleringar

Med den uvissa ACFM reknar med knyter seg til prognosen, vil det, sjølv utan eit fiske vinteren 2004, vera svært stor risiko for at gytebestanden vert mindre enn 200.000 tonn, som ACFM har valt å nytta som B_{lim} . Med bakgrunn i bestandssituasjonen og desse utrekningane, rådde ACFM hausten 2003 til at det ikkje burde opnast for eit loddefiske i Barentshavet vinteren 2004. Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen vedtok på sitt møte i november 2003 å forby fiske på Barentshavslodde vinteren 2004. (Sjå tabell 4.5).

4.2.5 Norsk vårgytande sild


Den vaksne bestanden av norsk vårgytande (NVG) sild gjennomfører årlege vandringar som dekkjer store deler av det nordlege Atlanterhav. Gytinga i februar går føre seg på Norskekysten frå Stad til Vesterålen, beitevandringa frå mai til august er i havområda mellom Noreg, Færøyane, Island, Jan Mayen og Svalbard, medan overvinteringa frå september til januar har skjedd i Vestfjorden, Ofotfjorden og Tysfjord frå tidleg på 90-talet. Dei siste to åra har ein stor del av bestanden overvintra i havet vest og nord for Vesterålen. Silde-

Tabell 4.5 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (1000 tonn) av lodde i Barentshavet sidan 1998.

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1998	Ikkje fiske	0	0	1	931,8
1999	SSB > 500,000 t	<79	80	105	1718
2000	5% sannsyn for SSB < 200 000 t	<435	435	410	2097
2001	5% sannsyn for SSB < 200 000 t	<630	630	575	2019
2002	5% sannsyn for SSB < 200 000 t	<650	650	643	1291
2003	5% sannsyn for SSB < 200 000 t	<310	310	281 ¹	279
2004	Ikkje fiske	0	0		

¹ Førebels tal.

Om dei fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003




Figur 4.6 Utviklinga i gytebestanden av NVG sild sidan 1950.

bestanden fiskast av Noreg, Island, Færøyane, EU og Russland. Silda oppheld seg for det meste i norske farvatn og Noreg er også største fiskerinasjon.

Etter det totale bestandssamanbrotet på slutten av 60-tallet blei bestanden bygd opp att til det som kan kallast historiske nivå. (Figur 4.6). Oppbygginga gjekk sakte og fyrst rundt 1997 var fangsten tilbake på nivå som likna situasjonen før samanbrotet. I 2004 er gytebestanden utrekna å vere om lag 6 millionar tonn og forventast å vekse

noko til neste år. Deretter følgjer ein nedgang før det igjen er forventa at gytebestanden vil vekse frå rundt 2006 då den sterke 2002-årsklassen vil byrje å rekruttere.

Dei norske fangstane (figur 4.7 og tabell 4.6) vert tekne i overvintringsområda og på gytefeltet, med varierende fordeling mellom dei to områda frå år til år. Vinteren 2004 blei det fiska ein relativt stor del i fjordane medan lite blei teke på gytefeltet. Russland fiskar det meste av sin kvote i norske farvatn; på gytefeltet i februar og i havet vest



Figur 4.7 Utviklinga i total og norsk fangst av NVG sild sidan 1950.

Om dei fiskeriatvitalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalanane i 2002 og 2003

Tabell 4.6 Fangst (tusen tonn) av norsk vårgytende sild 1993-2003.

	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003 ¹
Færøyane		2,9	57,1	52,8	60,0	68,1	55,5	64,2	34,4	54,8	23,0
Island		21,1	174,1	165,0	220,2	197,8	203,4	186,4	77,6	126,3	102,6
Noreg	199,8	380,8	529,8	699,2	861,0	743,9	740,6	716,6	495,0	485,0	433,1
Russland	32,6	74,4	102,0	119,3	168,9	124,0	157,3	158,3	110,9	109,7	100,6
EU			40,1	180,4	116,4	89,2	78,5	93,4	67,9	54,8	29,1
Total	232,4	479,2	903,1	1216,7	1426,5	1223,0	1235,3	1218,9	785,8	830,6	688,3
Fastsett kvote	200,0	2	2	2	1500,0	1300,0	1300,0	1250,0	850,0	850,0	710,0 ²

¹ Førebels tal² Ikkje internasjonalt semje om totalkvote

og nord av Troms og Nordland i august-september. Island fiskar i mai og juni i internasjonalt farvatn i Norskehavet, med enkelte fangstar i eige havområde når bestanden er tilgjengeleg der. I år kor ei sildeavtale er inngått har Island også fiska i Jan Mayen og Svalbardsonen. EU og Færøyane har fiska på gytefeltet og i Norskehavet.

I dei internasjonale sildeavtalanane som er inngått mellom dei fem partane dei seinare år, er Noreg sin del av fangsten sett til 57 %. Noreg sin del har i praksis lege rundt 60 % med i overkant av 62 % av rapporterte fangstar i 2003. (Tabell 4.6). Dei totale rapporterte fangstane har alle år lege noko under tilrådd TAC. (Tabell 4.7).

Situasjonen våren 2004

ICES har tilrådd eit fiske på 825 000 tonn for 2004. Grunnlaget for kvotetilrådinga er ein utnyttings-

grad som kyststatane (EU, Færøyane, Island, Noreg og Russland) vart einige om i 1999. Det er derimot ikkje oppnådd semje om å føre vidare denne fordelinga i 2004, og det er i skrivande stund difor usikkert om kor mykje den enkelte kyststat kjem til å fiske dette året. Noreg har sett ein kvote for det norske fisket som motsvarar 57%, i samsvar med dei tidlegare fempartsavtalanane.

4.2.6 Nordsjøsild

Nordsjøsild er ein fellesbestand for Noreg og EU. Ein finn nordsjøsild i Nordsjøen og Skagerrak-Kattegat (ungfisk). Den norske kvoten blir fiska av ringnotfartøy, trålarar og kystfartøy, dels i eit direkte fiske og dels som bifangst i industritrålfisket. Utviklinga i fisket frå 1960, er vist i figur 4.8 Fangsttala er henta frå ICES si sildearbeidsgruppe 2003, og vil ikkje alltid vere i samsvar med

Tabell 4.7 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestanden sin storleik (1000 tonn) av norsk vårgytande sild sidan 1995.

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
1995	Ingen auke i F	513	Ikkje avtalt	906	4873
1996	Hald SSB over 2.5 millionar tonn	1	Ikkje avtalt	1217	6522
1997	Hald SSB over 2.5 millionar tonn	1	1500	1420	7778
1998	Ikkje gå over haustingssregelen	2	1300	1223	7038
1999	Ikkje gå over haustingssregelen	1263	1300	1235	6525
2000	Ikkje gå over haustingssregelen	1500	1250	1207	5259
2001	Ikkje gå over haustingssregelen	753	850	770	4773
2002	Ikkje gå over haustingssregelen	1588	850	809	5098
2003	Ikkje gå over haustingssregelen	710	Ikkje avtalt		5200
2004	Ikkje gå over haustingssregelen	825	Ikkje avtalt		5655

¹ Gytebestanden må haldast større enn 2.5 millionar tonn² Må haustast innfor haustingssregelen

offisielle tal. Etter kollaps i bestanden, og stopp i fisket på midten av 1970-tallet, auka fangstane jamt utover 1980-talet og nådde ein topp på 770.000 tonn i 1989. Tidleg på 1990-talet var årleg oppfiska kvantum på 500.000-600.000 tonn. Dette førte til ei negativ utvikling i bestanden, og vart tilrådd å avgrense fisket. Kvoten vart difor redusert. I 1996 blei det teke vel 265.000 tonn, og av dette vart ca. 38.000 tonn ungsild fiska som bifangst i industritrålfisket. I 2002 var fangstane auka til vel 350.000 tonn og uttaket av småsild var redusert.


EU-Noreg-avtala om forvaltning av nordsjø-silda, vart innført i 1998. I følgje avtala har Noreg 29% av totalkvoten for direktefiske av sild. Eventuelle bifangstar i det norske industritrålfisket blir trekte frå denne kvoten. EU innførte i 1997 ein eigen bifangstkvote for industrifisket. Denne bifangstkvoten har ikkje blitt oppfiska i åra etter 1997.

Den avtalte kvoten for sild i Nordsjøen (tabell 4.8) har lenge vore lågare enn kvantumet som blir fiska. Dette skuldast hovudsakleg to forhold: a) utstrekt bruk av feilrapportering. Det vil seie at det blir fiska nordsjø-sild som blir rapporterte som fangstar teke i andre område, b) fisket etter småsild. Bifangstane av småsild var tidlegare på eit svært høgt nivå (100-200.000 tonn). Dette fisket var i prinsippet uregulert. Etter den nye ordninga vart innført vart bifangstane av småsild i 2000-2002 redusert til 20.000 tonn årleg. Feilrapporte-

ring i 2002 vart estimert til ca. 31.000 tonn og utsleppa vart estimerte til ca 17.000 tonn. Det er med andre ord framleis stor usikkerheit i fangststatistikken og dette planter seg vidare til usikkerheit i bestandsvurderinga.

Bestandsgrunnlag

Hardt fiskepress gjennom fleire år førte til at gytebestanden av nordsjø-sild vart kraftig redusert i åra 1989-1993, frå ca. 1,2 million tonn til ca. 470.000 tonn. (Figur 4.8). Fiskepresset på den vaksne delen av bestanden auka kraftig utover i 90-åra og det vart fiska store mengder småsild i industrifisket. Kvotene vart helde på eit jamt nivå, samtidig som bestandsnivået var i kraftig nedgang. Dette førte til at rekrutteringa til den vaksne bestanden vart dårleg og vesentleg dårlegare enn det som skulle til for å oppretthalde storleiken på bestanden med eit slik fiskepress. Strenge reguleringar av både bifangstfisket, og på fangstar av vaksen sild, vart innført på midten av 1990-årene (EU-Noreg avtala). Dette førte til ein auke av gytebestanden, til ca 800.000 tonn i 1998-2000. I dei to neste åra steig gytebestanden til ca. 1,3 million tonn i 2001 og ca. 1,6 million tonn i 2002. Gytebiomassen har auka som følgje av reduserte fangstar, sterk rekruttering og oppfølging av strenge forvaltningstiltak som har redusert uttaket av både ungsild og vaksen sild.



Figur 4.8 Utviklinga i gytebestand og fangst av nordsjø-sild sidan 1960.

Om dei fiskeriatvitalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003

Tabell 4.8 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (1000 tonn) av Nordsjøsild sidan 1995.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
1995	Langsiktig gevinst forventa med lågare F	429	440	566	482
1996	50 % reduksjon av avtalt TAC	200	200	265	463
1997	F = 0.2	186	186	234	557
1998	F(vaksen) = 0.2, F(ungfisk) < 0.1	276	276	329	736
1999	F(vaksen) = 0.2, F(ungfisk) < 0.1	296	296	336	850
2000	F(vaksen) = 0.2, F(ungfisk) < 0.1	301	301	329	829
2001	F(vaksen) = 0.2, F(ungfisk) < 0.1	301	301	323	1271
2002	F(vaksen) = 0.2, F(ungfisk) < 0.1	301	301	353	1588
2003	F(vaksen) = 0.25, F(ungfisk) = 0.12	452	452		2231
2004	F(vaksen) = 0.25, F(ungfisk) = 0.1	552	552		2491

Rådgjeving

Etter innføringa av eit strengt forvaltningsregime (Noreg-EU) i 1998, er bestanden av Nordsjøsild no i god vekst. Fyrst i 2002 vart den estimerte gytebestanden (biomassen) klassifisert til å vere innafor sikre biologiske grenser. Forvaltningsstrategien som Noreg og EU er einige om seier at F for vaksen sild ikkje skal overstige 0,25, og for ungsild skal F ikkje overstige 0,12. EU og Noreg har dei siste åra vedteke kvoter som tilsvarar ein F på 0,2. I 2004 er den avtalte kvoten 500.000 tonn for vaksen sild og 52.000 tonn for ungsild.

Rådgjevinga for 2004 var i stor grad basert på to sterke årsklasser (1998 og 2000) på veg inn i fisket. Observasjonar frå ulike tokt indikerer at desse årsklassane er av dei sterkaste for perioden 1960-2002. Sterke årsklassar har tidlegare vist tendens til lågare modningsrate enn gjennomsnittleg og dette vil kunne føre til negativ effekt på den estimert gytebiomassen. Det er indikasjonar på 2002-årsklassen er svært svak. Bestandsestimata er i stor grad avhengig av kvaliteten på fangsttala (feilrapportering, utslepp) og at kvotene ikkje blir overfiska. Dette påverkar i stor grad om forvaltningsstrategien for nordsjøsild lukkast.

4.2.7 Makrell

Den nordaustatlantiske makrellbestanden består av tre gytekomponentar, sørleg-, vestleg- og nordsjømakrell. Vestleg og sørleg makrell er på eit høgt nivå, medan Nordsjø-komponenten framleis er på eit lågt nivå. Bestandsmålingar vert gjort kvart tredje år og i 2002 blei det observert teikn til vekst i Nordsjøbestanden for fyrste gong på meir enn 25 år. Sidan 2001 har makrellfisket vore regulert i heile utbreiingsområdet.

Fisket

Fisket etter makrell føregår hovudsakleg i direkte fiskeri med snurpenot og trål. I Biscaya og utanfor Portugal vert makrell stort sett teke som bifangst av trålarar. Det norske fisket føregår hovudsakleg med snurpenot, men trål og tradisjonelle reiskapar som garn og snøre vert også brukt.


I byrjinga av 90-åra auka dei internasjonale makrellfangstane frå ein stabil årsfangst på 600.000-650.000 tonn til over 800.000 tonn i 1993 og 1994. Dette førte til nedgang i bestanden, og fangstnivået måtte ned. Strengje reguleringar med lågare kvoter førte til at fangstane fall til 563.000 og 570.000 tonn i 1996 og 1997. (Figur 4.9). Dei viktigaste fangstområda er Nordsjøen (område IV), Norskehavet (område IIa) og vest av 4° vest (områda VI og VII).

I 2002 hadde Noreg ein disponibel kvote på 182.637 tonn makrell. Totalt blei det fiska 184.300 tonn, og over 99 % av landingane gjekk til konsum. Fangstfordelinga gjennom året fordelte seg på vanleg måte med mindre enn 1% fyrste halvår, 83 % i tredje kvartal og resten i fjerde kvartal. I 2003 var den norske kvoten på 159.556 tonn. Mellombels norsk fangststatistikk viser at kvoten blei teken, og at nesten alt blei levert til konsum. Den internasjonale fangststatistikken for 2003 er enno ikkje klar.

Uttaket frå bestanden er større enn det som vert landa, i og med at det vert dumpa og sleppt makrell på feltet. Dette påfører bestanden ekstra døying. I og med at det nesten ikkje finst data for dette, kan det ikkje gis gode overslag på kor stort utkastet er.

Makrellen som vert fiska i Nordsjøen, Skagerak og Norskehavet stammar frå tre gyteområde: 1) Nordsjøen, 2) sør og vest av Irland og 3) utan-

Om dei fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003



Figur 4.9 Gytebestand og fangst av nordaustatlantisk makrell 1972-2003. Fangst i 2003 estimert til 646.000 tonn

for Portugal og Spania. Makrell frå det sørlegaste gyteområdet blei inntil 1994 behandla som ei eiga eining. Norske og internasjonale merkeforsøk viser at også makrell som gyter i dei sørlege og vestlege områda etter gyting vandrar til Norskehavet og Nordsjøen for å beite. Makrellens vandringer er altså så omfattande at fisk frå alle tre gyteområda vert blanda og fiska på i Nordsjøen, Skagerrak og Norskehavet i andre halvår. Det er umulig å skilja desse tre komponentane i fangstane. Difor vert makrellen forvalta som ein bestand, den nordaustatlantiske makrellbestand. Utviklinga av bestanden og oppfiska kvantum sidan 1972 er vist i figur 4.9. Gytebestanden er no utrekna til vel 3 millionar tonn. Den vestlege kom-

ponenten utgjør ca 85% og Nordsjøkomponenten har vore lav (1-5%) heilt sidan den blei fiska ned på byrjinga av 1970-talet.

Noreg, EU og Færøyane har sidan 1999 vore einige om at uttaket av bestanden skal tilsvare eit fiskedøyingstal på 0,15-0,2. ICES tilrår ein kvote for 2004 på inntil 545.000 tonn som tilsvare $F_{pa} = 0,17$. Dette er same kvote som blei tilrådd for 2003. I forhandlingane mellom dei tre partane blei totalkvoten sett til 545.000 tonn og Noreg disponerer ca 145.000 tonn.

For å verne makrellen i Nordsjøen vert det framleis tilrådd å stenge den sørlege delen for makrellfiske heile året og den nordlege delen i perioden februar-juli.

Tabell 4.9 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (1000 tonn) av nordaustatlantisk makrell sidan 1995

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
1995	Råd gitt for kvar gytekomponent		645	756	2729
1996	Monaleg reduksjon av F		452	564	2729
1997	Monaleg reduksjon av F		470	570	2851
1998	$F = 0,15-0,2$ (Noreg-EU avtala)	498	549	667	2875
1999	$F = 0,15$	437	562	609	3147
2000	$F_{pa} = 0,17$	642	612	667	3117
2001	$F_{pa} = 0,17$	665	670	678	3428
2002	$F_{pa} = 0,17$	694	683	718	3147
2003	$F_{pa} = 0,17$	542	593		3091
2004	$F_{pa} = 0,17$	545	590		3070

Tabell 4.9 viser at fangstuttaket ligg til dels godt over både tilrådd og avtalt fangst. At fangsten har vore høgare enn avtalt skuldast hovedsakleg fisket i internasjonalt område og i Færøysona, i tillegg til eit generelt overfiske i andre område. I 2001, som var fyrste året med avtale også for den internasjonale sona, er fangstkvantumet meir i samsvar med avtalt kvote.

4.2.8 Sei i Nordsjøen og vest av Skottland

I dei siste åra har landingane lege rundt 110.000 tonn bortsett frå i 2000 og 2001 då landingane var rundt 95.000 tonn. (Figur 4.10). Fangstane frå vest av Skottland har i dei seinere år utgjort ca. 9 % av totalfangstane. Ein reknar med at landingane frå Nordsjøen for 2002 er 117.000 tonn som er 18.000 tonn mindre enn avtalt TAC. På grunn av lave kvoter og utkastpåbudet i EU-sona var det i 2000 og 2001 eit omfattande utkast av sei. For 2000 reknar ein med eit utkast på meir enn 20.000 tonn, og for 2001 på 15.000 tonn. Den norske delen av totalfangsten i denne perioden har vore over 48 %. Mellombelse oppgåver for 2003 tyder på at norsk fangst, inkludert bifangst til oppmaling, vil bli ca. 60.000 tonn. Dette er ca. 21.000 tonn mindre enn kvoten på 80.800 tonn. Av det norske fisket er det trålarflåten som tek mesteparten (ca. 80 %). Notfisket inkluderar også ungsei nær kysten. Noreg disponerer 52 % av totalkvoten.

Frå og med 1999 er det laga ei felles utrekning


for seibestandene i Nordsjøen og vest av Skottland. Ein kan difor ikkje samanlikne tala frå tidlegare år med noverande utrekningar. Nordsjøbestanden er i alle høve svært stor i forhold til bestanden vest av Skottland, så alle utrekningar vert styrt av data frå nordsjøbestanden. Eit av dei største problema ved bestandsutrekninga er manglande rekrutteringsdata. Det blei sett i gang 0-gruppetokt på sei i 1999, men denne tidsserien er hittil for kort til å kunne brukast.

I byrjinga av 1970-åra var totalbestanden av sei i Nordsjøen og vest av Skottland på nesten 1,3 millioner tonn, men den blei så redusert til ca. 718.000 tonn i 1999, for så å auke opp mot ein million tonn i 2002. (Figur 4.10). Gytebestanden som i 1974 var på 555.000 tonn, nådde eit minimum på 93.000 tonn i 1991, men er no utrekna til 430.000 tonn i byrjinga av 2004. 1998- og 1999-årsklassen ser ut til å vere over middels, medan mellombelse data indikerer at 1995-1997-årsklassane er rundt eller under middels. Fiskedøyingstala har vist ein synkende trend sidan 1986, og er utrekna til å ha vore 0,21 i 2002.

Det er gjort framlegg om at for sei i Nordsjøen og vest av Skottland er B_{pa} 200.000 tonn (under dette nivået er det hovedsakleg produsert midlare og dårlegare årsklassar), og F_{pa} er sett til 0,40.

Gytebestanden har sidan 1999 vore innafor biologisk sikre grenser.

ACFM har tilrådd at fiskedøyingstala i 2004 bør vere lågare enn F_{pa} (0,40), som tilsvarar ein



Figur 4.10 Sei i Nordsjøen og vest av Skottland. Utvikling av gytebestand (SSB) og landingar sidan 1967. Tala for 2004 og 2005 er prognosar.

Om dei fiskeriatvatalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003

Tabell 4.10 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (1000 tonn) av sei i Nordsjøen sidan 1995

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
1995	No increase in F	107	107	113	135
1996	No increase in F	111	111	110	157
1997	No increase in F	113	115	103	196
1998	Reduce F by 20%	97	97	100	196
1999	Reduce F to F_{pa}	104	110	107	209
2000	Reduce F by 30 %	75	85	87	201
2001	Reduce F by 20 %	87	87	90	230
2002	$F < F_{pa}$	135	135	117	240
2003	$F < F_{pa}$	<176	165		364
2004	$F < F_{pa}$	<232	190		436

fangst i Nordsjøen på 232.000 tonn. Dei fastslår samtidig at det ikkje er noko langsiktig gevinst i å auke fiskedøyingstala over dagens nivå. Ein vil auke stabiliteten i fangst over ein tiårsperiode ved å oppretthalde dagens fiskedøyingstal og avgrense uttaket til 162.000 tonn i Nordsjøen. Noreg og EU blei enige om ein totalkvote på 190.000 tonn for 2004. (Sjå tabell 4.10). Av dette kan Noreg disponere 98.800 tonn, kor alt kan fiskast i EU-sona.


4.2.9 Torsk, hyse og kviting i Nordsjøen

Bunntål- og snurrevadfisket til konsum fiskar torsk, hyse og kviting i blanding. Industritål-fisket

og bomtrålfisket etter flatfisk medfører ei auke i døyingstala særleg for dei yngre årsklassane.


Torskelandingane har falle frå 300.000 tonn i 1981 til ca 54.000 tonn i 2002. (Figur 4.11). Norsk fiske i 2002 var på 5.200 tonn, og landingane i 2003 ser ut til å bli på ca 4.200. Dette er ca 450 tonn mindre enn den norske kvoten på 4.641 tonn. Noreg disponerer 17 % av total TAC.

Årsfangstane (inkludert utkast) av hyse låg på omkring 200.000 tonn i åra 1980-1987 og fall gradvis til 86.700 tonn i 1990. (Figur 4.12). I 2001 blei det fanga 165.200 tonn kor 118.000 tonn blei kasta ut. Berre 24 % av fangsten i 2001 blei brukt til konsum, medan det i 2002 blei fanga 101.000 tonn kor



Figur 4.11 Gytebestand og fangst av torsk i Nordsjøen, Skagerrak og Kanalen.

Om dei fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003




Figur 4.12 Gytebestand og fangst av hyse i Nordsjøen og Skagerrak.

44.700 tonn blei kasta ut. Norsk fangst i 2002 var 3.941 tonn inkludert bifangst i industritrålfisket. Prognosen for 2003 er vel 2.700 tonn, medan norsk kvote var 9.580 tonn. Noreg disponerer 23 % av total TAC.

Fangstane av kviting er vist i figur 4.13. Utby-

tet har vore stabilt dei siste ti år, medan det er monaleg lågare enn i perioden 1960-1980. Skottland tek om lag ein tredjedel av totalfangsten. Dei norske landingane er hovudsakleg bifangst i industritrålfisket. Noreg hadde ein kvote på 1.600 tonn i 2003. Mellombelse fangsttall indikerer at



Figur 4.13 Gytebestand og fangst av kviting i Nordsjøen og Kanalen.

Tabell 4.11 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (1000 tonn) av torsk i Nordsjøen sidan 1995

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst	Gytebestand
1995	Monaleg reduksjon i innsatsen		120	120	73
1996	80% av F(94) = 0.7	141	130	107	77
1997	80% av F(95) = 0.65	135	115	102	83
1998	F(98) burde ikkje overstige F(96)	153	140	122	72
1999	F = 0.60 for å byggje opp att SSB	125	132	78	59
2000	F mindre enn 0.55	< 79	81	59	45
2001	Lågast mogleg fangst	0	48,6	41	33
2002	Lågast mogleg fangst	0	49,3	43,9	39
2003	Ikkje fiske	0	27,3		
2004	Ikkje fiske	0	27,3		

fangsten vil bli rundt 54 % av dette. Noreg disponerer 10 % av total TAC.

Bestandsutrekningane er basert på ein kombinasjon av fiskeriavhengige data og toktdata. Noreg medverkar med totalfangst og toktdata. Frå og med 1996 vert det laga ei felles utrekning for torskebestandane i Nordsjøen, Skagerrak og Kanalen, for hysebestandane i Nordsjøen og Skagerrak og for kvitingbestandene i Nordsjøen og Kanalen. Ein kan difor ikkje samanlikne tala frå tidlegere år med noverande utrekningar. Bestandane i Nordsjøen er i alle høve svært store i forhold til dei to andre områda, slik at alle utrekningar vert styrt av data frå Nordsjøen. I 2003 hadde alle tre bestandene såkalla «benchmark assessment» som tyder at ein går gjennom alle data og nyttar mange forskjellige utrekningmetodar.

Gytebestanden av torsk blei redusert frå ca. 277.000 tonn i 1970 til langt under B_{lim} i 2001 som er 70.000 tonn. (Figur 4.11). ICES var ikkje i stand til å rekne ut storleiken på bestanden fordi fangst-

tala for dei seinere åra er svært usikre, men alle metodar tilseier at gytebestanden framleis er godt under B_{lim} . Den sikre biologiske grensa (B_{pa}) er vurdert å vere 150.000 tonn. Dagens fiskemønster medfører høg døying på eitt- og toåringar, slik at berre ca. 15 % av eittåringane overlever til dei er tre år. 1996-årsklassen har vore sterk, men på grunn av stort fiskepress har den ikkje fått bygd opp gytebestanden. Sidan 1997 har alle årsklassar vore svake eller middels, og års-klassane 1997, 2000 og 2002 er dei svakeste årsklassane som er registrert. Det er difor ikkje venta at gytebestanden vil auke over 150.000 tonn i næraste framtid sjølv om fiskedøyingstala vert kraftig redusert.

På tross av stort fiskepress har hysebestanden produsert fleire gode årsklassar sidan 1990, særleg er 1999-årsklassen svært sterk. Gytebestanden er i 2004 vurdert til å vere mellom 250.000 og 380.000 tonn, og soleis over B_{pa} på 140.000 tonn. På grunn av unøyaktige fangststal fastslår arbeidsgruppa i ICES at fiskepressnivået er usikkert. Alle

Tabell 4.12 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (1000 tonn) av hyse i Nordsjøen sidan 1995

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst m/ utkast	Gytebestand
1995	Monaleg reduksjon i innsats; blanda fiskeri		120	140	147
1996	Må ta omsyn til blanda fiskeri		120	154	176
1997	Må ta omsyn til blanda fiskeri		114	138	190
1998	Ingen auke i F	100,3	115	128	160
1999	Redusér F(95–97) med 10 %	72	88,6	111	112
2000	F mindre enn F_{pa}	< 51,7	73	100	88
2001	F mindre enn F_{pa}	< 58	61	165	241
2002	F mindre enn F_{pa}	< 94	104	101	399
2003	Ingen fangst av torsk	0 torsk	55		
2004	Ingen fangst av torsk	0 torsk	77		

Tabell 4.13 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (1000 tonn) av kviting i Nordsjøen sidan 1995

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst m/ utkast	Gyte- bestand
1995	Monaleg reduksjon i innsats; blanda fiskeri			81	249
1996	Blanda fiskeri; ta omsyn til rådet for torsk			67	222
1997	Blanda fiskeri; ta omsyn til rådet for torsk			74	194
1998	Ingen auke frå 1996-nivået	54	60	40	163
1999	Minst 20% reduksjon av F(95–97)	40,4	44	55	162
2000	Lågast mogleg fangst	0	30	55	200
2001	60 % reduksjon av F(97–99)	19,4	30	43	218
2002	F ikkje større enn 0.37	<33	32	40	210
2003	Ingen fangst av torsk	0 torsk	16		
2004	Ingen fangst av torsk	0 torsk			

årsklassane etter 1999 er under middels, og årsklassane 2001 – 2003 ser ut til å vere svært svake, så dersom fiskepresset ikkje vert minka vil gytebestanden ganske snart havne under B_{pa} .

Kvitingbestanden vert no rekna for å vere utanfor sikre biologiske grenser ($B_{pa}=315.000$ tonn). Gytebestanden har avteke dei siste 20 åra, og var på det lågaste nivå som er observert i 1998. (Figur 4.13). Det er vanskeleg å sei noko om trendane i gytebestand og fiskedøying for dei siste åra, men alt tyder på at desse går i riktig retning.

ACFM tilrår at fisket etter torsk vert stoppa. Sidan torsk vert teke i eit blandingsfiske, tilrår ICES at alle fiskeri som fangar torsk vert stoppa eller regulert slik at det blir minimale bifangstar av torsk. Ein gjenoppbyggingsplan bør lagast og iverksettast for at gytebestanden av torsk kan vekse til over B_{pa} . Ein kan ikkje oppnå den nødvendige reduksjon i fiskedøying berre ved å redusere TAC. Gjenoppbyggingsplanen må innehalde tiltak for å hindre direkte fiske av torsk, redusere bifangst av torsk i fisket etter andre artar og hindre utkast og feilrapportering av torsk i alle fiskeri. Fiskedøyinga på hyse må vere under F_{pa} i 2004. For kvitingen vil eit tilsvarande tal vere i underkant av 26.000 tonn.

Noreg og EU er blitt einige om følgjande totalkvoter for 2004: 27.300 tonn torsk, 77.000 tonn hyse og 16.000 tonn kviting. (Sjå tabell 4.11, 4.12 og 4.13). Noreg disponerer 4.641 tonn torsk, 15.391 tonn hyse og 1.600 tonn kviting. Alt kan fiskast i EU-sona.

4.3 Langsiktige forvaltningsplanar

Det er eit sentralt mål for norske fiskeristyres-

makter å få til ei berekraftig forvaltning av alle dei kommersielle fiskebestandane som Noreg deler med andre land. Ein viktig føresetnad for å oppnå dette målet, er at ei langsiktig forvaltningsplan med konkrete mål- og grenseverdier er på plass for den aktuelle bestand. Hittil har Noreg vore med på å vedta langsiktige forvaltningsplanar for alle fellesbestandane i Barentshavet saman med Russland, dei viktigaste botnfiskbestandane og sild i Nordsjøen saman med EU, makrell i Nordaust-Atlanteren saman med EU og Færøyane, og norsk vårgytande sild saman med EU, Russland, Island og Færøyane.

4.3.1 Presentasjon av dei ulike forvaltningsplanane

4.3.1.1 Fellesbestandane i Barentshavet

Norsk arktisk torsk

Den 8. november 2002, i samband med 31. sesjon i Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen i Kabelvåg, vedtok Noreg og Russland følgjande forvaltningsplan for norsk arktisk torsk som skal gjelde for den årlege kvotefastsettinga frå og med 2004:

- Rekn ut gjennomsnittlig TAC-nivå for dei 3 komande år basert på F_{pa}^2 . TAC for neste år fastsettast til denne utgangsværdien av TAC for desse 3 åra
- påfølgjande år gjentakast utrekninga av TAC for dei neste 3 år basert på oppdatert informasjon om bestandsutviklinga, like fullt såleis at

² Førvar-grensen for fiskedøyingstalet for norsk arktisk torsk er no 0.40.

TAC ikkje skal endrast med meir enn +/- 10 % av TAC for føregåande år

- dersom gytebestanden faller under B_{pa} ³ vil partane måtte vurdere lågare TAC enn det planen tilseiar

Forvaltningsplanen for torsk skal ta vare på omsynet til:

- å leggja til rette for eit langsiktig høgt utbytte
- ynskje om stor grad av stabilitet i TAC frå år til år
- full utnytting av den til einkvar tid tilgjengelege informasjon om bestandsutviklinga

Norsk arktisk hyse

Same dag som Noreg og Russland vedtok forvaltningsplanen for norsk arktisk torsk vedtok dei ein tilsvarende forvaltningsplan for norsk arktisk hyse som også skal gjelde for den årlege kvotefastsettinga frå og med 2004:

- Rekn ut gjennomsnittlig TAC-nivå for dei 3 komande år basert på F_{pa} ⁴. TAC for neste år fastsetjast til denne utgangsverdien av TAC for desse 3 åra
- påfølgjande år gjentakast utrekninga av TAC for dei neste 3 år basert på oppdatert informasjon om bestandsutviklinga, like fullt såleis at TAC ikkje skal endrast med meir enn +/- 25 % av TAC for føregåande år⁵
- dersom gytebestanden faller under B_{pa} ⁶ vil partane måtte vurdere lågare TAC enn det planen tilseiar

Også forvaltningsplanen for hyse skal ta vare på omsynet til:

- å leggja til rette for eit langsiktig høgt utbytte
- ynskje om stor grad av stabilitet i TAC frå år til år
- full utnytting av den til einkvar tid tilgjengelege informasjon om bestandsutviklinga

Lodde i Barentshavet

Samtidig med forvaltningsplanane for torsk og

hyse, vedtok Noreg og Russland også følgjande forvaltningsplan for lodde:

TAC skal ikkje setjast høgare enn at, med 95 % sannsyn, minst 200.000 tonn lodde får høve til å gyte.

4.3.1.2 Botnfisk og sild i Nordsjøen

Noreg og EU vedtok forvaltningsplanar for torsk, hyse, sei og raudspette i Nordsjøen fyrste gong 2. desember 1999. Desse forvaltningsplanane har sidan blitt ført vidare kvart einaste år, seinast 24. januar 2004 i samband med fiskeriforhandlingane med EU for 2004.

Torsk i Nordsjøen

Forvaltningsplanen for torsk i Nordsjøen består av følgjande delar:

1. Alle forsøk skal gjerast på å oppretthalde eit minimumsnivå på gytebestanden større enn 70.000 tonn (B_{lim}).
2. For 2000 og følgjande år vart Partane einige om å avgrense fisket sitt på basis av ein TAC i samsvar med eit fiskedøyingstal på 0.65 for aktuelle aldersgrupper som definert av ICES.
3. Om gytebestanden skulle falle under eit referansepunkt på 150.000 tonn (B_{pa}), skal fiskedøyingstalet nemnt under pkt. 2 bli justert i lys av dei vitenskaplege vurderingane av forholda som rår då. Ei slik justering skal sikre ein sikker og rask atterreiseing av gytebestanden til eit nivå langt over 150.000 tonn.
4. For å redusere utkast og for å auke gytebiomassen av torsk, vart Partane einige om at fiskemønsteret skal, samstundes som ein hugsar at også anna botnfisk blir hausta i desse fiskerier, bli forbetra i lys av ny vitenskapleg rådgjeving frå mellom anna ICES.
5. Partane skal, som det passar seg, vurdere og revidere desse forvaltningstiltaka og strategiane på basis av eventuelle nye råd frå ICES.

Hyse i Nordsjøen

Forvaltningsplanen for hyse i Nordsjøen består av følgjande delar:

1. Alle forsøk skal gjerast på å oppretthalde eit minimumsnivå på gytebestanden større enn 100.000 tonn (B_{lim}).
2. For 2000 og følgjande år vart Partane einige om å avgrense fisket sitt på basis av ein TAC i samsvar med eit fiskedøyingstal på 0.70 for aktuelle aldersgrupper som definert av ICES.

³ Føre-var grensen for gytebestanden av norsk arktisk torsk er no satt til 460.000 tonn.

⁴ Føre-var-grensen for fiskedøyingstalet for norsk arktisk hyse har hittil vore satt til 0.35.

⁵ På grunn av dei større naturlege fluktusjonane i hysebestanden enn i torskbestanden, vart Noreg og Russland den 14. november 2003, i samband med 32. sesjon i Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen i St. Petersburg, samde om å vurdere prosentsetsen for dei årlege endringane i TAC for hyse på ny fram mot 33. sesjon i fiskerikommisjonen.

⁶ Føre-var-grensen for gytebestanden av norsk arktisk hyse har hittil vore satt til 80.000 tonn.

Om dei fiskeriatvane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003

3. Om gytebestanden skulle falle under eit referansepunkt på 140.000 tonn (B_{pa}), skal fiskedøyingstalet nemnt under pkt. 2 bli justert i lys av dei vitenskaplege vurderingane av forholda som rår då. Ei slik justering skal sikre ein sikker og rask atterreisning av gytebestanden til eit nivå langt over 140.000 tonn.
4. For å redusere utkast og for å auke gytebiomassen av hyse, vart Partane einige om at fiskemønsteret skal, samstundes som ein hugsar at også anna botnfisk blir hausta i desse fiskeria, bli forbetra i lys av ny vitenskapleg rådgjeving frå *mellom anna* ICES.
5. Partane skal, som det passar seg, vurdere og revidere desse forvaltningstiltaka og strategi-ane på basis av eventuelle nye råd frå ICES.

Sei i Nordsjøen

Forvaltningsplanen for sei i Nordsjøen består av følgjande delar:

1. Alle forsøk skal gjerast på å oppretthalde eit minimumsnivå på gytebestanden større enn 106.000 tonn (B_{lim}).
2. For 2000 og følgjande år vart Partane einige om å avgrense fisket sitt på basis av ein TAC i samsvar med eit fiskedøyingstal på 0.40 for aktuelle aldersgrupper som definert av ICES.
3. Om gytebestanden skulle falle under eit referansepunkt på 200.000 tonn (B_{pa}), skal fiskedøyingstalet nemnt under pkt. 2 bli justert i lys av dei vitenskaplege vurderingane av forholda som rår då. Ei slik justering skal sikre ein sikker og rask atterreisning av gytebestanden til eit nivå langt over 200.000 tonn.
4. Partane skal, som det passar seg, vurdere og revidere desse forvaltningstiltaka og strategi-ane på basis av eventuelle nye råd frå ICES.

Raudspette i Nordsjøen

Forvaltningsplanen for raudspette i Nordsjøen består av følgjande delar:

1. Alle forsøk skal gjerast på å oppretthalde eit minimumsnivå på gytebestanden større enn 210.000 tonn (B_{lim}).
2. For 2000 og følgjande år vart Partane einige om å avgrense fisket sitt på basis av ein TAC i samsvar med eit fiskedøyingstal på 0.30 for aktuelle aldersgrupper som definert av ICES.
3. Om gytebestanden skulle falle under eit referansepunkt på 300.000 tonn (B_{pa}), skal fiskedøyingstalet nemnt under pkt. 2 bli justert i lys av dei vitenskaplege vurderingane av forholda

som rår då. Ei slik justering skal sikre ein sikker og rask atterreisning av gytebestanden til eit nivå langt over 300.000 tonn.

4. For å redusere utkast og for å auke gytebiomassen av raudspette, vart Partane einige om at fiskemønsteret skal, samstundes som ein hugsar at også andre demersale artar blir hausta i desse fiskeria, bli forbetra i lys av ny vitenskapleg rådgjeving frå *mellom anna* ICES.
5. Partane skal, som det passar seg, vurdere og revidere desse forvaltningstiltaka og strategi-ane på basis av eventuelle nye råd frå ICES.

Sild i Nordsjøen

Noreg og EU vedtok ein forvaltningsplan for sild i Nordsjøen fyrste gong 2. desember 1997. Denne har sidan blitt ført vidare kvart einaste år, seinast 20. desember 2002 i samband med fiskeriforhandlinane med EU for 2003. I tillegg til å fastsette fordelinga av bestanden, inneheld forvaltningsplanen følgjande delar:

1. Alle forsøk skal gjerast på å oppretthalde eit nivå på gytebestanden som er større enn det lågaste biologisk aksepterte nivå (MBAL) på 800.000 tonn.
2. Ein forvaltningsstrategi for mellomlang sikt, kor årlege kvoter skal bli satt for det direkte fisket og for bifangstar i andre fiskerier som definert av ICES, som skal reflektere eit fiskedøyingstal på 0.25 for 2-åringar og eldre og 0.12 for 0-1-åringar, skal setjast i verk.
3. Om gytebestanden skulle falle under eit referansepunkt på 1.3 millionar tonn, vil fiskedøyingstala nemnt under pkt. 2 bli justert i lys av dei vitenskaplege vurderingane av dei presise forholda som rår då for å sikre rask atterreisning av gytebestanden til nivåer langt over 1.3 millionar tonn.

Atterreisningsplanen nemnt ovanfor kan, *mellom anna*, inkludere ytterlegare avgrensingar av innsatsen i form av spesielle lisensar for fartøy, regulering av fiskedøgn, stenging av område og/eller periodar, spesielle meldingskrav eller andre passande kontrolltiltak.

4. Bifangst av sild kan berre landast i havnar kor passande prøvetakingsordningar for effektivt å kunne overvake landingane har blitt etablert. Alle landa fangstar skal trekkast frå dei respektive kvotane som er sett, og fiskeria skal stoppast omgåande når kvotane er oppfiska.
5. Partane skal, om det passar seg, konsultere og justere forvaltningstiltak og strategiar på basis av eventuelle nye råd frå ICES inkludert råd

basert på vurderinga av talrikdommen til den yngste årsklassen.

4.3.1.3 Makrell i Nordaust-Atlanteren

Noreg, EU og Færøyane vedtok ein forvaltningsplan for makrell i Nordaust-Atlanteren fyrste gong 19. november 1999. Denne har sidan blitt ført vidare kvart einaste år, seinast 4. november 2003. Forvaltningsplanen består av følgjande delar:

1. For 2001 og følgjande år vart Partane einige om å avgrense fisket sitt på basis av ein TAC i samsvar med eit fiskedøyingstal i området 0.15 – 0.20 for aktuelle aldersgrupper som definert av ICES, om ikkje framtidig vitskapleg rådgeving krev endring av fiskedøyingstalet.
2. Om gytebestanden skulle falle under eit referansepunkt på 2.300.000 tonn (B_{pa}), skal fiskedøyingstalet nemnt under pkt. 1 bli justert i lys av dei vitskaplege vurderingane av forholda som rår då. Ei slik justering skal sikre ein sikker og rask atterreising av gytebestanden til eit nivå langt over 2.300.000 tonn.
3. Partane skal, som det passar seg, vurdere og revidere desse forvaltningstiltaka og strategiane på basis av eventuelle nye råd frå ICES.

4.3.1.4 Norsk vårgytande sild

Noreg, EU, Russland, Island og Færøyane vedtok ein forvaltningsplan for norsk vårgytande sild saman med fyrste gong 20. oktober 1999. Denne vart ført vidare seinast 9. november 2001.⁷ Forvaltningsplanen består av følgjande delar:

1. Alle forsøk skal gjerast på å oppretthalde eit nivå på gytebestanden som er større enn det kritiske nivået (B_{lim}) på 2.500.000 tonn.
2. For 2002 og følgjande år vart Partane einige om å avgrense fisket sitt på basis av ein TAC i samsvar med eit fiskedøyingstal mindre enn

0.125 for aktuelle aldersgrupper som definert av ICES, om ikkje framtidig vitskapleg rådgeving krev endring av dette fiskedøyingstalet.

3. Om gytebestanden skulle falle under eit referansepunkt på 5.000.000 tonn (B_{pa}), skal fiskedøyingstalet nemnt under pkt. 2 bli justert i lys av dei vitskaplege vurderingane av forholda som rår då for å sikre ein sikker og rask atterreising av gytebestanden til eit nivå langt over 5.000.000 tonn. Basisen for ei slik justering skal som eit minimum vere ein lineær reduksjon av fiskedøyingstalet frå 0.125 ved B_{pa} (5.000.000 tonn) til 0.05 ved B_{lim} (2.500.000 tonn).
4. Partane skal, som det passar seg, vurdere og revidere desse forvaltningstiltaka og strategiane på basis av eventuelle nye råd frå ICES.

4.3.2 Generelle merknader

Med enkelte få unntak⁸ er det no på plass langsiktige forvaltningsplanar for samtlige av dei viktigaste kommersielle fiskebestandane som Noreg deler med andre land. Som nemnt i innleiinga er dette ein viktig føresetnad for å oppnå målet om ei berekraftig forvaltning av desse bestandane. På den andre sida vil ikkje ein forvaltningsplan nødvendigvis alltid vere tilstrekkelig for å bringe opp/halda dei aktuelle bestandane på eit berekraftig nivå. Torskebestanden i Nordsjøen er til dømes eit eksempel på dette. Det er mellom anna også viktig å ha eit beskatningsmønster som er tilpassa den enkelte art og ein effektiv kontroll med fiskeuttaket. Norske styresmakter arbeider difor også aktivt med dette. Ein må vidare rekne med at det kan ta ei viss tid fra ein forvaltningsplan er vedtatt for å bygge opp att ein bestand, til denne bestanden faktisk kan seiast å vere på eit berekraftig nivå. Uavhengig av om alle dei føresetnadene forvaltarane kan påverke er oppfylt, kan det dessutan vere vanskeleg å bygge opp att ein bestand om dei naturlege tilhøva ikkje ligg til rette for det.

⁷ I mangel av ein fempartsavtale for 2004 er også forvaltningsplanen sett ut av kraft inntil vidare. I 2003 var totalfangsten i samsvar med forvaltningsplanen.

⁸ Kviting i Nordsjøen og kolmule.

5 Kontrollordningar

5.1 Kontroll av fiske i norske jurisdiksjonsområde

I St prp nr 1 (1996-97) heiter det: «Innen området ressursforvaltning er hovedmålet å legge til rette for et forsvarlig ressursuttak som sikrer et høyt varig utbytte fra ressursene». For å kunne nå denne målsettinga for ressursforvaltninga, trengst det informasjon om og kontroll med alt ressursuttak i norske jurisdiksjonsområde. Ein sentral del av det norske systemet for kontroll og handheving er fysisk kontroll med all fiskeaktivitet. Dette inneber kontroll på alle nivå, til havs, under landing og ved omsetjing av fiskefangstar.

I Noreg har Fiskeridirektoratet ansvaret for ressurskontrollen. Kontrollen blir utøvd av Kontrollseksjonen i Fiskeridirektoratet og direktoratet sin Ytre Etat med 7 regionkontor, inklusive eit inspektørkorps langs kysten.

Kystvakta, inklusive bruksvakttenesta, er underlagt Forsvarsdepartementet. Kystvakta har ansvaret for kontrollen på havet, i første rekkje utanfor 4 n. mil. Frå 1996 er Kystvakta utvida med ei Indre Kystvakt som skal gjennomføra fiskerioppsynet innanfor 4. n. mils grensa. Fiskerioppsynstenesta til Den indre kystvakta skal etter planen kombinerast med ei rekkje andre oppgåver, bla. for politi-, toll- og miljøstyresmakter.

Fiskeridirektoratet står for kontroll ved landing av fangstar, og har også ein viss kontroll på sjøen i spesielle område og i spesielle fiskeri. Det er etablert lokale fiskerioppsyn langsmed kysten i regi av Fiskeridirektoratet. Direktoratet har også ansvar for kvotekontrollsystemet både for utanlandske og norske fartøy. Dei ulike salslaga har eit kontrollansvar i samband med omsetjing og eksport av fisk. Utanlandske styresmakter har kontrollansvaret når norske fartøy leverer fangst i utanlandske hamner og når norske fartøy fiskar i desse landa sine jurisdiksjonsområde.

Ein viktig del av kontrollen går føre seg under utøvinga av fisket. I denne fasen blir det kontrollert at fisket skjer med riktig reiskap, til rett tid og på rett område. Ein kontrollerer også fangst-samansettinga og at det ikkje går føre seg dumping eller neddreping av fisk. Når det gjeld fangst

av sjøpattedyr (sel og kval) var det til og med 2003 inspektørar på alle fartøy under heile fangstperioden. Med virkning fra 2004 er inspektørordningen på hvalfangstfartøya halvert. På sel- og kvalfartøya kontrollerer inspektørane om bord i fartøya også at avlivinga skjer i tråd med regelverket. I andre fiskeri har Fiskeridirektoratet iverksett ei ordning med å ha inspektørar og observatørar om bord på enkelte norske- og utanlandske fartøy i kortare eller lengre periodar.

På enkelte artar går det føre seg eit omfattande fiske i indre norske farvatn, det vil seie innanfor 4 n. mil. Det er derfor sett i verk ei ordning der inspeksjonsfartøy frå Kontrollverket er til stades på desse fiskefelta. Ved landing blir fangst-samansettinga kontrollert og oppfiska kvantum blir belasta kvoterekneskapen.

For å føre kontroll med utanlandsk fiske i NØS etablerte Fiskeridirektoratet i 1977 eit kvotekontrollsystem som er basert på bruk av edb. Databasen inneheld opplysningar om fiske- og fangstaktiviteten til utanlandske fartøy og er ein viktig reiskap for kontroll i norske jurisdiksjonsområde.

Utanlandske fartøy som får løyve til fiske i norske jurisdiksjonsområde er pålagde å rapportere fangstane til Fiskeridirektoratet. Denne rapporteringsplikta inneber at når fartøya kjem inn i norsk sone skal dei melde frå om kor mykje fangst fartøyet har om bord (aktivmelding). Fangstane skal oppgjevast i kg rund vekt og i dei enkelte fiske-slag. I tillegg må fartøyet kvar veke rapportere kor mykje som er fanga i sona av dei ulike fiske-slaga (fangstmelding). Når fartøyet avsluttar fisket i NØS, må det før det seglar ut sende melding om dette til Fiskeridirektoratet og oppgi kor mykje fisk som er teken sidan siste fangstmeldinga vart sendt (passivmelding). Alle dei meldingstypane som er nemnt ovanfor blir kontinuerleg lagt inn i kvotekontrollsystemet og gir dermed Fiskeridirektoratet ei oppdatert oversikt over det utanlandske fisket i norske jurisdiksjonsområde, både om kor mange fartøy som deltek i fiske, kvar dei fiskar og opplysningar om fangst per fartøy og per nasjon. Systemet inneheld såleis også dei opplysningane som er kravd for å stanse utanlandsk fiske når dei tildelte kvotane er oppfiska.

Frå 2000 har Fiskeridirektoratet gjennom satellittsporing også kunnskap om kor fartøya oppheld seg i norsk jurisdiksjonsområde og kan difor iverksette meir målretta kontroll.

Kystvakta har direkte tilgang til dei opplysningane som er lagra på databasen i kvotekontrollsystemet og satellittsporingsdatabasen. Opplysningane vil under kontroll på feltet bli halde opp mot opplysningane som går fram av fartøyet si fangstdagbok, eventuelle sluttsetlar og innhaldet i lasterommet eller lastetankane på fartøyet. Når desse opplysningane ikkje er i samsvar med kvarandre, kan Kystvakta reagere med åtvaring, fartøyet kan haldast tilbake eller saka kan meldast til politiet, alt etter kor grov krenkinga er. Kvotekontrollsystemet og satellittsporingsopplysningane er såleis særskilte viktige reiskap i det kontrollarbeidet Kystvakta gjennomfører.

For å sikre generelt betre kontroll med fangstuttaket i NØS nord om 62°N og fordi ein var kjent med at det gjekk føre seg kvoteunndragingar frå utanlandske fartøy som fiska i NØS nord om 62°N, vart det innført ei ordning i desse områda, der utanlandske fartøy skal melde seg til Kystvakta for kontroll på eit av sju kontrollpunkt ved avslutning av fiske. Ordninga tok til å gjelde fra 1994. Som ein del av rapporteringsordninga i NØS nord om 62°N skal fartøya sende melding om framstilling for kontroll (kontrollpunktmelding) tolv timar før ankomsten til kontrollpunktet. For ringnotfartøy er fristen 4 timar.

På grunn av behovet for betre kontroll med makrellfisket i NØS sør om 62°N, vart ei tilsvarende ordning sett i verk 19. juli 1995 for makrellfisket i Nordsjøen. Av omsyn til råstoffet må eit kontrollregime i Nordsjøen utformast noko annleis enn ordninga nord om 62°N. Etter regelverket skal utanlandske fartøy med makrellisens melde seg for kontroll i eit av tre nærmare definerte område, med ei varslingsstid på fire timar før fartøyet kjem til kontrollområdet, eller før fartøyet kjem til landingsstad i Noreg. Ordninga gjeld også når eit fartøy med makrellisens fiska annan pelagisk fisk, så som nordsjøisild.

Erfaringane syner at ordningane med sjekkpunkt sør og nord om 62°N i NØS har medverka positivt til å redusere kvoteunndragingane frå utanlandske fartøy.

Det er også gitt høve til å kunne påby at fartøy skal ha observatørar ombord i fiskefartøy. Bruk av observatørar ombord i fiskefartøy vil kunne effektivisere kontrollen med fisket.

5.2 Kontrollsamarbeid

Kontroll med ressursuttaket på felles fiskebestandar krev eit nært samarbeid mellom dei landa som deler ressursane. Eit slikt samarbeid er inngått med begge dei to partane som Noreg deler viktige fiskeressursar med, Russland og EU. Noreg har også inngått avtalar om kontroll direkte med enkelte medlemsland i EU og fleire andre statar. Noreg har kontrollavtalar med Irland, Danmark, Sverige, Nederland, Storbritannia, Frankrike, og Tyskland. I tillegg har Noreg inngått kontrollavtalar med Russland, Færøyane, Island, Canada og Polen.

Eit viktig nytt framsteg i kontrollsamanheng er etablering av satellittsporing av fiskefartøy.

Det føreligg no satellittsporingsavtalar mellom dei landa som har felles fiskeriinteresser i Nord-Aust Atlanteren. Plikta til å spore er gjennomgåande knytta til fartøy over 24 meter største lengde.

Fiskeridepartementet har frå 1. juli 2000 innført satellittovervaking av alle norske fiske- og fangstfartøy over 24 m. Slike fartøy vil vere underlagt sporing i område både under norsk og utenlandsk fiskerijurisdiksjon. Vidare vil alle norske fartøy, uansett storleik, sporast ved fiske i internasjonalt farvatn. Det er også sett krav til satellittsporing av alle fartøy i NEAFC-området. I NAFO-området er det krav om 100 % dekning av satellittsporing og bruk av observatørar på alle fartøy.

5.3 Tiltak mot uregulert fiske

I avtalen mellom Noreg og Russland er partane samde om å setje visse vilkår til dei kvotane dei gir til tredjeland. Som vist til i avtalan med Færøyane og Grønland, har dei to landa plikta å avgrense sitt totale fiske i Barentshavet til dei artar og kvotar tildelte av Noreg og Russland, utan omsyn til om fisket skjer i eller utanom Noreg og Russland sitt jurisdiksjonsområde i Barentshavet. Også Island har plikt til å halde seg til den kvoten som går fram av «Smottholavtalen». I avtale har også Polen forplikta seg til ikkje å fiske norsk arktisk torsk i Barentshavet utanom dei kvotane som er sette for bestanden.

Noreg og Canada underteikna 30. juni 1995 ein avtale om bevaring og handheving på fiskeriområdet, jfr. Ot prp nr 3 (1995-96). Både for Noreg og Canada som kyststatar er spørsmålet om effektiv regulering av fiskebestandar som vandrar mellom nasjonale soner og det opne hav særskilt viktig.

Avtalen føregreip på mange måtar FN-avtalen om fiske på det opne hav, av 4. august 1995. Etter avtalen kan Noreg og Canada borde, inspisere og ransake eit fartøy som fører flagget til den andre parten, i nærmare avgrensa område på det opne hav. Partane kan også bringe opp fartøy og innleie rettsforfølging dersom det ligg føre prov på at fartøy har teke del i fiskeri aktivitetar som undergrev gjeldande verne- og forvaltningstiltak.

Det kan nemnast at norske myndigheiter dei seinare åra har innført ei rekkje tiltak for å angripe ulovleg, urapportert og uregulert fiske. Eit sentralt tiltak har vore den såkalla “svarte-

listinga» av fartøy som har drive uønska aktivitet i område utanfor norsk jurisdiksjon. Dette gjeld fartøy som fører utanlandsk flagg, då det i forhold til norske fartøy finst andre moglegheiter for sanksjonar. Fiskeridirektoratet ser til at fartøy som har delteke i uregulert fiske i internasjonalt farvatn blir nekta lisens i Noregs økonomiske sone. Vidare kan slike fartøy nektast å føre norsk flagg og ein kan nekte landing av fangst i Noreg. Også når det gjeld brot på regelverket som har vore gjort av utanlandske fartøy i norske farvatn, har ein klare moglegheiter for sanksjonar.

6 Fisket etter avtalane i 2002 og 2003

I omtalen av fisket etter avtalane for 2002 og 2003 har ein lagt hovudvekt på i kva grad Noreg og dei partane som blir tildelt kvotar i norske område, faktisk utnyttar desse kvotane. Først blir norske kvotar i andre statar sine soner og utnyttinga av desse presenterte, jamfør punkt 6.1 nedanfor. Deretter, i punkt 6.2, blir andre statar sine kvotar i norske område og utnyttinga av desse kvotane presenterte. Kommentaranane med omsyn på kvoteutnytting omfattar berre åra 2002 og 2003.

I det følgjande blir omgrepet «fellesforvaltning» nytta om ein del sentrale artar. Fellesforvaltning tyder at to eller fleire land/samanslutningar av land har avtala å forvalte ein art saman fordi arten opptre i sonene til fleire land. Dette inneber at det i dei årlege kvoteforhandlingane blir avtalt totalkvote for arten, og total tilleten fangst (TAC) blir fordelt på dei aktuelle avtalepartane.

6.1 Norsk utnytting av kvotar

I avsnitt 6.1 og 6.2 er kvotane henta frå dei årlege kvoteavtalane, med eventuelle oppdateringar. Med mindre noko anna er sagt, er fangsttala baserte på kva fartøya har rapportert fiska frå dei ulike jurisdiksjonsområda, anten til Fiskeridirektoratet eller til ansvarlege i 3. land, dvs. styresmaktene i kyststaten. Desse rapporterte fangsttala frå fartøy på fiskefelt kan avvike frå dei tala i sluttsetelstatistikken som viser utlossa kvanta. Symbolet (–) i tabellane tyder anten ingen fangst eller ingen kvote.

Tabell 6.1 Oversikt over norske kvotar (etter overføring til 3. land) og fangst på fellesbestandane i Barentshavet

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
Torsk	195.335	195.435	221.559	207.727
Hyse	50.835	57.500	51.430	56.426
Lodde	384.000	183.000	397.736	179.375

6.1.1 Noreg – Russland

6.1.1.1 Fellesbestandane

Noreg og Russland har felles forvaltning for artane torsk, hyse og lodde. Noreg sine kvotar (etter overføringar til 3. land) og fangstar¹ av desse bestandane går fram av tabell 6.1. Delar av dei norske kvotane for desse bestandane kan fiskast i russisk økonomisk sone, sjå tabell 6.2.

Forskningsfangst er inkluderte i fangsttala, men ikkje i kvotetala.

6.1.1.2 Kommenterarar til oversikta

Noreg sine kvotar og fangstar i russisk økonomisk sone går fram av tabell 6.2. Av dei norske fangstane nord for 62°N i 2002 fiska Noreg 0,5 % av torskefangstane og 3,2 % av hysefangstane i RØS. Tilsvarende tal for 2003 var 1,7 % for torsk og 9,4 % for hyse. Noreg tek altså små fangstar av torsk og hyse i RØS, sett i høve til dei totale norske fangstane.

I 2002 deltok ingen reke-trålarar i fisket etter reker i RØS, medan 19 deltok i 2003. Noreg sin haneskjellkvote var ikkje talfesta i 2002 og 2003. Fisket skal vere eit prøvofiske i eit nærmare

Tabell 6.2 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i russisk økonomisk sone

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
RØS:				
Torsk	140.000	140.000	1.061	3.468
Hyse	20.000	20.000	1.606	5.282
Haneskjel	-	-	-	-
Reker	3.000	3.000	0	2.492
Grønlandssel	5.000	10.000	-	-
Lodde	390.000	186.000	129.042	66.715
Steinbit	1.500	1.500	435	593
Flyndre	1.000	1.000	0	0
Bifangstkvote	500	500	84	483

¹ Desse fangstane er frå sluttsetelstatistikken til Fiskeridirektoratet.

Om dei fiskeriatvitalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003

avgrensa område. Vilkåra for dette fisket skal avtalast nærmare mellom Noreg og Russland. Slike vilkår blei ikkje fastlagde korkje i 2002 eller 2003, grunna manglande interesse frå næringa.

6.1.2 Noreg – EU

6.1.2.1 Fellesbestandane

Noreg og EU har felles forvaltning for artane torsk, hyse, sei, kviting, raudspette, sild og makrell sør for 62°N, sjå tabell 6.3. Delar av dei norske kvotane for konsumfiskbestandane kan fiskast i EU si sone av Nordsjøen, sjå tabell 6.4.

Kvotane og fangstane av sei og makrell omfatta Skagerrak i tillegg til Nordsjøen.

Noreg sine kvotar av sei, makrell og sild blei godt utnytta dei to åra. Dei store makrellfangstane i Nordsjø-området må sjåast i samanheng med at Noreg hadde høve til å overføre inntil 100.000 tonn av makrellkvoten nord for 62°N i 2002 og i 2003 til fiske i Nordsjøen (ICES-område IVa). Likeins kunne makrellkvoten vest av 4°V på 14.100 tonn i 2002 og 12.020 tonn i 2003, fiskast i den nordlege delen av Nordsjøen. Dette forklarar også den låge utnyttinga av Noreg sin makrellkvote vest av 4°V (sjå tabell 6.4).

Noreg fiskar også norsk vårgytande sild (NVG-sild) i Nordsjøen i perioden januar til mai. Totaltala i Nordsjøen for alle sortar sild for åra 2002 og 2003 er 79.888 tonn og 114.612 tonn.

Makrell- og sildekvotane blir fordelte mellom ringnotfartøya, trålarane og kystfartøya. Fangsttala inneheld ikkje norske bifangstar frå industri-trålfisket. Bifangstane varierer frå år til år i storleik og art. Frå slutten av 1980-talet har sild utgjort det største innslaget av bifangst i leveransane til oppmaling.

Tabell 6.3 Norske kvotar (etter overføringar til EU og 3. land) og fangstar¹ på fellesbestandane i Nordsjøen

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
Torsk	7.880	4.114	4.971	4.441
Hyse	21.725	6.291	2.338	2.144
Sei	66.000	80.800	58.794	61.561
Kviting	4.100	1.600	45	38
Raudspette	2.390	2.469	1.987	1.961
Makrell	161.246	159.556	161.529	150.756
Nordsjøsild	74.800	114.930	77.377	114.204

¹ Disse fangstane er førebels statistikk frå sluttsetelstatistikken til Fiskeridirektoratet.

6.1.2.2 Norske kvotar i EU sine farvatn (EUF), og inkludert kvotane tildelt Noreg frå EU i grønlandske farvatn (EUGRL), med tilhøyrande fangstar

Noreg fekk tildelt kvotar av blåkveite, kveite og uer for fiske i grønlandsk sone både av EU og Grønland. For desse artane gjer ein den føresetnaden at EU-kvoten først blir utnytta. Noreg nyttar desse kvotane i så stor grad, at med denne føresetnaden kan talet for fangst i enkelte tilfelle vere lik kvotetala slik dei vert viste i tabell 6.4. Eventuelle fangstar ut over EU-kvotane blir avrekna mot Noreg sine kvotar tildelt av Grønland (sjå tabell 6.6).

6.1.2.3 Kommenterar til oversikta

Noreg sine kvotar i EU sine farvatn og tildelte kvotar frå EU i Grønlandske farvatn, med tilhøyrande fangstar, går fram av tabell 6.4. I EU-sona i Nordsjøen kunne norske fartøy til saman fiske 55.000 tonn av industriartane augepål og tobis i 2002 og 80.000 tonn i 2003. Det er den norske industritrålarflåten (omlag 60-70 fartøy) som fiskar på denne kvoten. Inntil 5.000 tonn augepål kunne fiskast i EU-farvatn vest av 4°V i 2002 og 2003. Dette skulle avreknast den samla industrikvoten for augepål og tobis. Det vart ikkje fiska augepål vest av 4°V korkje i 2002 og 2003.

Norske fartøy kunne i tillegg fiske på desse artane utan avgrensingar i norsk økonomisk sone. Samla fiska dei norske industritrålarane i følge sluttsetelstatistikken 128.300 tonn augepål/kolmule og 176.000 tonn tobis i Nordsjøen i 2002. Tilsvarende sluttseteltal for 2003 var 145.342 tonn augepål/kolmule og 29.641 tonn tobis. Fisket i EU-sona utgjorde altså for tobis ein mindre del av totalfangsten av tobis enn fjoråret, medan det ikkje vart fiska augepål/kolmule i EU-sona av norske industritrålarar korkje i 2002 eller i 2003.

Av Noreg sin kolmulekvote vest av 4°V kunne opptil 40.000 tonn fiskast i den nordlege delen av Nordsjøen (ICES område IVa) både i 2002 og 2003. Innanfor den samla kolmulekvoten kunne norske fartøy fiske inntil 9.000 tonn vassild i 2002 og inntil 500 tonn vassild i 2003. I tillegg fiska norske fartøy desse åra kolmule i internasjonalt farvatn vest av dei britiske øyane, i færøysk sone og i eit direkte fiske i NØS nord for 62°N av mindre omfang. I følge norske sluttseteltal fiska dei norske fartøya totalt 558.100 tonn i 2002 og 851.395 tonn i 2003 i desse områda. Fangsttala inkluderer

Om dei fiskeriatvatalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalan i 2002 og 2003

Tabell 6.4 Oversikt over Noreg sine kvotar (etter overføringar til EU og 3. land) og fangstar i EU sine farvatn og tildelte kvotar frå EU i Grønlandske farvatn

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
EUF, Nordsjøen:				
Torsk ¹	7.580	4.114	1.655	1.329
Hyse ¹	20.845	6.291	426	470
Sei ¹	65.700	80.800	23.552	19.896
Kviting ¹	4.100	1.410	10	1
Raudspette ¹	2.390	2.469	1.655	1.584
Makrell ¹	47.386 ²	40.135	9.758	210
Sild ¹	50.000	50.000	10.958	45.782
Augepål	5.000	5.000	-	3
Tobis	50.000	75.000	54.768	5.696
Brisling	35.000	15.000	28	-
Reke	100	100	-	-
Hestmakrell	1.600	1.600	20	130
Andre artar	5.000	5.000	2.723	3.753
EUF, Vest om 4°V:				
Makrell	14.100	12.020	-	210
Kolmule	120.000	120.000	121.736	120.350
Blålange	500	300	101	116
Lange	9.500	9.500	5.313	5.452
Brosme	5.000	5.000	2.940	2.315
Pigghå	200	200	0	2
Håbrann	100	100	6	2
Kombinert kvote	600	600	-	-
Blåkveite	950	950	243	80
Andre artar	3.000	3.000	1.709	2.159
EUGRL, Vestgrønland:				
Blåkveite	920	800	920	800
Kveite	200	200	10	26
Skolest/Isgalt o.a.	715	315	11	25
EUGRL, Austgrønland:				
Reker	2.500	2.500	1.453	2.372
Blåkveite	1.055	800	1.055	800
Kveite	200	200	194	192
Uer	1.000	3.575	1.000	3.405
Lodde	6.700	6.700	6.700	6.700
Skolest/igalt o.a.	285	285	57	89

¹ For disse fellesbestandane avtalar EU og Noreg storleiken på TAC for kvar bestand, fordeling av TAC på dei to partane, eventuelle kvotebyte og kor mykje partane kan fiske i dei respektive sonene.

² Omfattar ikkje overføringar til Nordsjøen frå andre område. Overføringar til 3. land er heller ikkje trekte frå.

også kolmule som er fiska av industritrålarane i Nordsjøen.

Det var høve til å overføre 2.000 tonn mellom kvotane for lange, brosme og blålange i 2002. I 2003 var det høve til å overføre 2.000 tonn mellom kvotane for lange og brosme. Desse kvotane kunne berre fiskast med line vest av 4°V (ICES område Vb, VI og VII). I dette fisket kunne norske fartøy ha bifangst av andre fiskeslag med inntil 25% til kvar tid. Den totale bifangsten av andre fiskeslag var i 2002 og 2003 avgrensa til 3.000 tonn, og den blei rekna mot den totale kvoten av lange, blålange og brosme som var på 15.000 tonn i 2002 og mot den totale kvoten av lange og brosme som var på 14.500 tonn i 2003.

Blålange, lange, brosme, pigghå, brugde og håbrann kunne også fiskast i Nordsjøen. Kombi-nerkvoten galdt linefiske etter havmus, mora, skjelbrosme, isgalt og skolest.

Kvoten «andre artar» i Nordsjøen omfattar fiske på artar der det ikkje er fastsett kvotar for Noreg i EU-sona. Eit unntak er sjøtunge som norske fartøy berre kunne ha som bifangst.

Blåkveitekvoten kunne fiskast i EU sine farvatn nord for 62°N og vest av 4°V. Fisket vest av 4°V kunne berre utøvast med line. Norske fartøy fiska 240 tonn i 2002, og 80 tonn i 2003.

Loddefisket ved Jan Mayen/Island/Grønland blir nærmare omtala i punkt 6.1.6.

6.1.3 Noreg – Færøyane

6.1.3.1 Kommenterarar til oversikta

Noreg sine kvotar og fangstar i færøysk sone går fram av tabell 6.5. I 2002 hadde Noreg ein botnfiskkvote for lange, brosme, sei og blålange på til saman 5.222 tonn i færøysk sone, men maksimalt 1.000 tonn sei. I tabell 6.5 står botnfiskkvoten oppført under lange og sei. Kvoten for botnfisk omfatta også bifangst av andre botnfiskartar, til saman opp til 1.200 tonn for 2002. Fisket kunne drivast med seigarn og bankline, men sei kunne også fiskast med trål. Samla vart det fiska 5.124 tonn botnfisk i færøysk sone i 2002. Direkte fiske etter blåkveite og breiflabb skal ikkje avreknast kvotane for botnfisk.

I 2003 vart botnfiskkvoten splitta på dei enkelte artane. Noreg blei tildelt ei kvote på 2.350 tonn lange/blålange. I tabell 6.5 er kvoten og fangsten av lange/ blålange ført på lange. Kvoten av andre artar kunne berre bli fiska som bifangst. Fisket etter desse artane vart elles drive på same måte som i 2002. Samla vart det fiska 5.147 tonn botnfisk i 2003.

Tabell 6.5 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i færøysk sone

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
Lange		2.350	2.114	2.350
Brosme	4.222	1.950	1.946	1.919
Blålange			112	
Sei	1.000	100	64	56
Blåkveite	75	75	12	6
Håbrann/Pigghå	300	300	-	-
Breiflabb	25	25	0	1
Makrell	6.600	6.100	-	6.100
Hestmakrell	250	230	-	-
Kolmule	35.000	36.200	35.000	36.200
Andre artar	-	822	888	822

Norske fartøy hadde høve til å fiske 75 tonn blåkveite og 25 tonn breiflabb i 2002 og 2003 med garn i eit prøvefiske i færøysk sone. Eit fartøy var lisensiert i 2002 men starta ikkje prøvefisket. Ingen fartøy var lisensiert for dette fisket i 2003. I 2002 vart det til saman fiska 12 tonn blåkveite og i 2003 vart det fiska seks tonn. Norske fartøy starta ikkje fiske etter breiflabb i 2002, men fiska eitt tonn breiflabb som bifangst i 2003. Det vart heller ikkje starta prøvefiske etter håbrann/pigghå i desse åra slik det er løyve til.

Norske ringnotfartøy plar fiske kolmule i færøysk sone mot slutten av kolmulesesongen, det vil seie i april/mai. Norske fartøy fiska 35.000 tonn kolmule i 2002 og 36.200 tonn i 2003.

6.1.4 Noreg – Grønland

6.1.4.1 Kommenterarar til oversikta

Noreg sine kvotar og fangstar i grønlandsk sone går fram av tabell 6.6. Fisket etter blåkveite med trål ved Vestgrønland måtte skje sør om 64°30' N eller nord for 68°N og med ei avgrensing på 6 fartøy i fiske samstundes i sona. Det deltok 5 trålarar i fisket i 2002 og 2003. I fisket etter blåkveite ved Austgrønland deltok 8 linefartøy og 4 trålarar i 2002, medan 2 linefartøy og 5 trålarar deltok i 2003.

I 2002 var det 18 og i 2003 var det 17 reke-trålarar som tilfredsstilte krava til deltaking i dette fisket ved Austgrønland (kvoten er tildelt av EU, sjå tabell 6.4). Maksimalt 15 fartøy kunne fiske etter reker samstundes i grønlandsk sone. Totalt 11 fartøy deltok i rekefisket i 2002 mot 13 fartøy i 2003.

I 2002 vart det fiska 1.227 tonn uer av ei kvote

Om dei fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003

Tabell 6.6 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i grønlandsk sone

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
Vestgrønland:				
Blåkveite	600	600	600	580
Austgrønland:				
Blåkveite	525	525	452	124
Kveite	393	393	-	-
Uer	400	400	227	-
Vest- og Austgrønland:				
Torsk	600	600	2	114

på til saman 1.400 tonn (samansett av 1.000 tonn uer tildelt Noreg for eit fiske i grønlandsk sone etter den bilaterale avtala med EU og 300/100 tonn frå Grønland). I 2003 vart det fiska 3.405 tonn uer av ei kvote på til saman 3.975 tonn.

I fisket etter kveite ved Austgrønland er det berre høve til å fiske med line. I 2002 fiska 2 linefartøy, og i 2003 fiska 7 linefartøy. I 2002 og 2003 fekk dei fritt fiske innanfor totalkvoten.

I dei siste åra har det ikkje vore mogleg å utnytte torskeknoten som følgje av den dårlege bestandssituasjonen for torsk ved Grønland (Aust- og Vestgrønland). I 2003 har det vore eit betre fiske enn tidlegare år. Om situasjonen for bestanden betrar seg, vil dette kunne bli ein viktig kvote for norske fartøy. Noreg hadde også høve til å ha inntil 10 % samla bifangst av andre artar i 2002. I 2003 vart bifangstknoten avgrensa til 150 tonn av andre artar.

6.1.5 Noreg – Island, om fisket etter botnfisk ved Island, og fisket etter lodde

6.1.5.1 Kommenterarar til oversikta

Noreg sine kvotar og fangstar i islandsk sone går fram av tabell 6.7. I tillegg til kvoten på 500 tonn botnfisk hadde norske fartøy også høve til å ha inntil 25% bifangst av andre artar. Loddekvotane er inkludert i dei norske loddekvotane for sesongane 2001/2002 og 2002/2003.

Tabell 6.7 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i islandsk sone

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
Brosme, lange, blålange	500	500	491	490
Kveite	-	-	18	12
Uer	-	-	16	21
Anna	-	-	81	84
Lodde	13.982	13.982	13.982	13.982

6.1.6 Noreg-Grønland-Island; lodde ved Jan Mayen, Grønland og Island

I følgje den gjeldande trepartsavtalen (fiskeriavtalen) for lodde, varar sesongen for loddefisket frå 20. juni til 30. april. Det er likevel ikkje tillete for norske fartøy å drive fiske etter 15. februar i islandsk sone. I sesongen 2002/03 fiska ikkje norske fartøy om vinteren, i motsetnad til sesongen 2003/2004 då 10 fartøy fiska om vinteren.

6.1.6.1 Kommenterarar til oversikta

Noreg sine kvotar og fangstar på lodde i sesongane 2002/03 og 2003/04 går fram av tabell 6.8.

Noreg hadde ein førebels kvote frå starten av sesongen 2002/03 på ((1.040.000 tonn x 8%) + 6.700 tonn (EU) + 13.980 tonn («Smottholavtala»)) + 15.674 tonn (kompensasjon frå Island) = 119.554 tonn. TAC vart først redusert i løpet av sesongen til 910.000 tonn, slik at norsk kvote etter trepartsavtala for sesongen 2002/2003 blei 109.154 tonn. TAC vart deretter justert opp til 990.000 tonn, slik at endeleg norsk kvote for sesongen 2002/2003 vart 115.556 tonn.

På grunn av at endeleg TAC for sesongen 2002/2003 vart justert ned frå 1.040.000 tonn til 990.000 tonn vart det trekt frå 50.000 tonn lodde frå TAC for å balansere overfisket frå fjoråret mellom forhandlingspartane før fordeling av loddekvoten for sesongen 2003/2004. For sesongen 2003/2004 vart det fastsett ein førebels kvote på 83.282 tonn (((832.500 tonn – 50.000 tonn) x 8%) +

Tabell 6.8 versikt over Noreg sine kvotar og fangstar på lodde i sesongane 2002/03 og 2003/04

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002/2003	2003/2004	2002/2003	2003/2004
Lodde	115.556	86.682	124.612	84.212

Om dei fiskeriatvatalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003

6.700 tonn (EU) + 13.982 tonn («Smottholavtala»). TAC vart i løpet av sesongen auka til 875.000 tonn, slik at norsk kvote etter trepartsavtala for sesongen 2003/2004 blei 86.682 tonn.

Til saman blei det fiska 124.612 tonn i sesongen 2002/03 av totalt 78 ringnotfartøy. Dei tilsvarende tala for 2003/04 sesongen var 84.212 tonn og 70 deltakande ringnotfartøy. Trepartsavtala gjeld sesongen 2002/03, medan 13.870 tonn frå «Smottholavtala» gjeld kalendaråret 2002. Det same gjeld EU-kvoten på 6.700 tonn. Tilsvarende gjeld for 2003. Mellom anna på bakgrunn av dette er det postulert at det først blir fiska på «smottholkvoten», så EU-kvoten og til sist kvoten etter trepartsavtala.

6.1.7 Noreg – EU (Sverige – Danmark), om fisket i Skagerrak/Kattegat.

Torsk, raudspette og reker kan fiskast i Skagerrak. Dei andre artane i Skagerrakavtalen kan fiskast både i Skagerrak og Kattegat.

6.1.7.1 Kommenterarar til oversikta

Noreg sine kvotar og fangstar i Skagerrak/Kattegat går fram av tabell 6.9. Dei viktigaste fiskeria for Noreg i Skagerrak er fisket etter reker og sild. Fangstane av torsk i tabellen omfattar berre fiske utanfor grunnlinja. I 2002 blei det fiska 498 tonn innanfor grunnlinja, mens det tilsvarende talet for 2003 var 569 tonn.

For sei og makrell blei kvotane fastsette i den bilaterale kvoteavtala mellom Noreg og EU. I 2002 og 2003 var det høve for norske fartøy til å fiske inntil 3.000 tonn makrell i Skagerrak. Det var norske kystfartøy som fiska makrell i Skagerrak.

Tabell 6.9 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar¹ i Skagerrak/Kattegat

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
Torsk	230	127	145	193
Hyse	265	133	146	183
Kviting	36	27	23	20
Raudspette	128	266	58	71
Sild	10.670	10.670	6.967	8.461
Makrell	-	-	289	188
Brisling	3.750	3.750	1.151	861
Reker	4.730	4.730	3.709	3.733

¹ Fangsttala er førebels tal frå sluttsetelstatistikken til Fiskeridirektoratet.

I 2002 blei sildekvoten delt med 3.000 tonn til kystgruppa og det resterande kvantumet til ringnotgruppa. Same fordelinga galdt i 2003. Brisling blei fiska av kystbrislingflåten, mens rekekvoten blei fiska av kystreketrålarane.

6.1.8 Norsk fiske i det nordvestlege Atlanterhavet.

6.1.8.1 Kommenterarar til oversikta

Noreg sine kvotar og fangstar i det nordvestlege Atlanterhavet går fram av tabell 6.10. Det har ikkje vore fastsett loddekvote i NAFO-underområde 3NO sidan 1992. Då hadde Noreg ein loddekvote på 9.000 tonn. Dei seinaste åra har det også vore forbod mot torskefiske. I 2000 var fyrste gong norske fartøy fiska uer i NAFO-underområde 1F. Det er ikkje fastsett uerkvoten i dette området. Noreg har og høve til å fiske mellom anna blåkveite i NAFO-underområde 3LMNO under «others-kvoten».

Rekefisket i NAFO tok til våren 1993, då norske reketrålarar saman med reketrålarar frå Færøyane og Grønland starta fiske på rekefeltet ved Flemish Cap. Rekefisket ved Flemish Cap har utvikla seg til å bli eit viktig driftsalternativ for rekeflåten ved sidan av fisket ved Grønland. Dette til tross for at fangstkvantumet er redusert samanlikna med fangstnivået dei første åra etter at dette fisket tok til. Rekefisket vart innsatsregulert i 1996. Både i 2002 og 2003 hadde norske fartøy høve til å fiske reker i 1.985 døgn i NAFO området. Dette fisket kunne utøvast med opptil 32 fartøy. I 2002 hadde eitt norsk fartøy i tillegg høve til å fiske 67 tonn reker i NAFO-underområde 3L, men denne kvoten vart ikkje nytta. I 2003 hadde eit norsk fartøy høve til å fiske 145 tonn i dette området. Kvoten vart oppfiska. Totalt fiska 11 reketrålarar i 2002 med til saman 1.317 fangstdøgn. Totalfangsten blei då 11.554 tonn. Tilsva-

Tabell 6.10 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar¹ i det nordvestlege Atlanterhavet

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
Torsk	-	-	-	-
Lodde	-	-	-	-
Uer	-	-	-	-
Reker	-	-	11.554	22.925

¹ Fangsttala er innmeldte tal til Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet.

Om dei fiskeriatvatalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalan i 2002 og 2003

Tabell 6.11 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i Irmingerhavet

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
Uer	3.596	4.261	4.581	3.199

rande tal for 2003 var 11 fartøy som fiska til saman 22.925 tonn i løpet av 1.855 døgn.

6.1.9 Norsk fiske i Irmingerhavet.

6.1.9.1 Kommenterar til oversikta

Noreg sine kvotar og fangstar i Irmingerhavet går fram av tabell 6.11. Fisket etter uer i Irmingerhavet var ikkje kvoteregulert før 1996. I 2002 og 2003 deltok høvesvis 4 fartøy og 8 fartøy i uerfisket.

6.1.10 Norsk vårgytande sild – Fempartsavtala

Frå og med 1997 vart firepartsavtala frå 1996 (Færøyane, Island, Russland og Noreg) ei fempartsavtala ved at EU også vart delaktig i prosessen med å fastsetje totalkvote, fordele denne og delta i fisket saman med dei fire andre partane.

Tabell 6.12 Oversikt over kvotar og fangstar i fempartsavtala etter overføringar.

Nasjon	Kvote (tonn)		Fangst (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
EU	73.840	48.493	50.974	40.336
Færøyane	45.140	30.609	33.137	28.922
Grønland ¹			2.406	2.795
Island	132.080	103.234	127.195	90.795
Noreg	484.500	433.100	495.992	436.399
Russland	114.400	96.702	116.486	122.846
Totalt	850.000	712.138	826.190	732.086

¹ Grønland er i 2002 og 2003 i bilateral avtale med Færøyane gitt kvotar på høvesvis 2.406 og 2.800 tonn

6.1.10.1 Kommenterar til oversikta (tabellane 6.12, 6.13 og 6.14):

Noreg har i dei siste åra nytta kvoten sin fullt ut. Både i 2002 og 2003 vart kvoten stort sett fiska i NØS, medan eit lite kvantum vart fiska i internasjonalt farvatn.

Det russiske fisket etter norsk vårgytande sild føregjekk i hovudsak i norsk økonomisk sone i 2002 og 2003. I tillegg fiska Russland ein del sild i inter-

Tabell 6.13 Oversikt over fangstar av norsk vårgytande sild i ulike soner i 2002

Nasjon/Soner	Int. farvatn	EU	Færøyane	Island	Jan Mayen	Svalbard	NØS	Totalt
EU	22.892	10.101			5.645	4.921	12.543	56.102
Færøyane	12.446				835	4.346	14.674	32.301
Grønland	2.406							2.406
Island	36.277				21.123	63.975	5.822	127.197
Noreg	793						488.786	489.579
Russland	26.658				575	21.420	65.689	114.342
Totalt	102.738	10.101			28.178	96.662	596.173	823.193

Tabell 6.14 Oversikt over fangstar¹ av norsk vårgytande sild i ulike soner i 2003

Nasjon/Soner	Int. farvatn	EU	Færøyane	Island	Jan Mayen	Svalbard	NØS	Totalt
EU	8.713	1.489			9.514	2.243	21.666	40.366
Færøyane	4.187	938	370		5.296	3.620	14.511	28.922
Grønland	2.795							2.795
Island	78.567		893	7.713	3.622	8.344	3.598	102.737
Noreg	160						436.239	436.399
Russland	16.873		74			22.019	83.880	122.846
Totalt	111.295	2.427	1.337	7.713	18.432	36.226	559.776	737.206

¹ Fangsttala er innrapporterte frå deltakende land under kvoteforhandlingane i København i 2003.

Om dei fiskeriatvatalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003

nasjonalt farvatn og i Svalbardsona. Russland hadde tilsaman eit kraftig overfiske av NVG-sild i 2003.

Island fiska meir i internasjonalt havområde i 2003 enn i 2002. I følgje innrapporterte tal til norske styresmakter vart dei islandske fangstane i Jan Mayen sona redusert frå vel 21.100 tonn i 2002 til ca. 3.600 tonn i 2003. I 2002 fiska ikkje islandske fartøy NVG-sild i si eiga sone. I 2003 fiska dei derimot ca. 7.700 tonn.

Det færøyske fisket har føregått i dei fleste sonene i 2002 og 2003.

EU utnytta ca. 76% av kvoten i 2002 og hadde ca. 90 % utnytting av kvoten i 2003.

6.2 Utanlandsk utnytting av kvotar i norske havområde i 2002 og 2003

6.2.1 Russland – Noreg

6.2.1.1 Fellesbestandane

Noreg og Russland har som nemnt felles forvaltning for artane torsk, hyse og lodde. Følgjande oversikt for 2002 og 2003 viser Russland sine kvotar og fangstar av desse artane etter overføring frå Russland til Noreg, men før kvotetildeling frå Russland til 3. land. (Sjå tabell 6.15). Russisk forskingsfangst går ikkje fram av tala.

6.2.1.2 Kommenterar til oversikta

Russland sine kvotar og fangstar i norske havområde går fram av tabell 6.16. Av torskekvoten i NØS i 2002 blei 38 % fiska. Tilsvarende tal for 2003 var 40 %. Russland hadde ei utnytting av sin kvote av hyse i NØS på 23 % i 2002 og på 31 % i 2003.

Sei- og uerkvotane kunne berre nyttast til bifangst i 2002, medan steinbit- og snabeluerkvotane skulle dekkja både direkte fiske og bifangst. I 2003 var det i tillegg ikkje lovleg å drive eit direkte fiske etter snabeluer. Kolmulekvoten kan også fiskast i fiskerisona ved Jan Mayen. Russland fiska

Tabell 6.15 Russiske kvotar og fangstar¹ på fellesbestandane i Barentshavet, etter overføring til Noreg og før overføring til tredjeland

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
Torsk	143.550	143.550	163.815	163.119
Hyse	34.300	43.500	33.737	35.263
Lodde	260.000	124.000	219.446	92.794

¹ Tala er førebelse tal rapporterte frå russiske styresmakter til norske styresmakter.

Tabell 6.16 Oversikt over Russland sine kvotar og fangstar i norske havområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
NØS N 62°N:				
Torsk	140.000	140.000	53.396	56.088
Hyse	20.000	20.000	4.698	6.146
Sei	5.000	5.000	3.189	3.108
Blåkveite	-	-	431	169
Steinbit	2.000	2.000	1.083	1.120
Uer	750	1.000	547	367
Snabeluer	2.750	1.000	2.516	386
Kolmule	41.542	41.542	24.423	17.486
Lodde	253.000	124.000	10.628	55.755
Andre artar	3.000	3.000	244	192
Fiskerisona ved Jan Mayen:				
Reker	-	-	-	-
Sild	7.200	-	545	-

ikkje kolmule i fiskerisona ved Jan Mayen korkje i 2002 eller 2003.

Kvoten av andre artar for 2002 og 2003 er ikkje spesifisert.

6.2.2 EU – Noreg

6.2.2.1 Fellesbestandane

I Nordsjøen har Noreg og EU som nemnt felles forvaltning for artane torsk, hyse, sei, kviting, raudspette, sild og makrell. Delar av EU sine kvotar for konsumartane kan fiskast i NØS, sjå tabell 6.18. EU sine kvotar og fangstar² av desse bestandane etter overføring frå Noreg til EU, men før kvotetildeling frå EU til 3. land i 2002 og 2003 går fram av tabell 6.17.

Kvotane for sei og makrell omfattar Nordsjøen og Skagerrak. I 2002 og 2003 vart makrellkvoten fullt utnytta. Også sildekvoten vart godt utnytta i 2002. EU sine fangstar av makrell blir kommentert i punkt 6.2.2.2.

Som nemnt i punkt 6.1.2.2 om norske kvotar på fellesbestandane merka (*) i EU-sona syner tabell 6.18 på tilsvarende måte kor mykje EU og Noreg er samde om at EU-fartøy kan fiske i NØS.

² Fangsttala er frå EU-kommisjonen.

Om dei fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003

Tabell 6.17 EU sine kvotar og fangstar på fellesbestandane i Nordsjøen etter overføring frå Noreg til EU og før overføring til tredjeland

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
Torsk	41.420	22.659	38.677	20.984
Hyse	82.275	44.655	50.417	39.222
Sei	64.800	79.200	53.248	38.822
Kviting	36.900	14.400	15.098	10.887
Raudspette	74.610	70.782	66.998	63.095
Makrell	23.693	22.063	25.060	26.184
Nordsjøsild	146.327	284.000	148.808	224.592

6.2.2.2 Kommenterar til oversikta

EU sine kvotar og fangstar i norske jurisdiksjonsområde går fram av tabell 6.18. Frå og med 1998 har EU ein kvote av torsk nord om 62°N som tilsvare 4,14% av TAC for norsk-arktisk torsk. I åra 2002 og 2003 har EU nytta torsk-, sei-, hyse- og blåkveitekquotane nord om 62° N svært godt.

EU sin makrellkvote nord om 62°N kunne også fiskast sør om 62°N i ICES-område IVa i 2002 og 2003. Dette forklarar avvika mellom kvote og fangsttal for Nordsjøen. EU sin kvote av blåkveite og samleknoten for andre artar nord for 62°N er bifangstkvotar.

EU sine fangstar i NØS sør for 62° N som del av EU sine samla fangstar utgjer i 2002 og 2003 følgjande prosent, for torsk 25% og 29%, for hyse 21% og 27%, for sei 23% og 28%, for kviting 6% og 3% og for raudspette 4% og 4%.

EU sin samla makrellkvote i NØS var 38.033 tonn i 2002 og 34.343 tonn i 2003. EU utnytta 77% av denne kvoten i 2002 og 70% i 2003. EU sine fangstar av sild i NØS i Nordsjøen av samla fangstar utgjer 10% i 2002 og 5% i 2003.

Augepålkvoten gjeld augepål og kolmule i 2002. Ved fiske etter augepål/kolmule og/eller tobis i 2002 kunne den einskilde kvoten overskridast med inntil 40.000 tonn under føresetnad av at samla fangst av augepål/kolmule og tobis ikkje oversteig 200.800 tonn. EU si utnytting av industrikvoten på 200.800 tonn i 2002 var 25%.

I 2003 fekk EU ei eiga kvote på kolmule i NØS sør om 62°N. EU fekk samstundes rett til å fiske 40.000 tonn av kvoten av augepål som tobis. EU utnytta kvoten av kolmule særst godt, og utnyttingsprosenten var 94 % i 2003. Kvoten av augepål og kvoten av tobis vart utnytta med 7% og 5%.

Tabell 6.18 Oversikt over EU sine kvotar og fangstar i norske jurisdiksjonsområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
NØS, N 62°N:				
Torsk	16.355	16.355	16.416	16.188
Hyse	1.850	2.200	998	1.386
Sei	3.240	3.600	3.134	3.556
Blåkveite	100	100	48	27
Uer	1.500	500	78	142
Snabeluer	1.500	500	294	70
Makrell	14.100	12.020	-	-
Andre artar	450	450	187	54
NØS, Nordsjøen ¹ :				
Torsk ²	36.200	20.120	9.783	6.001
Hyse ²	62.080	32.146	10.653	10.528
Sei ²	66.150	80.182	12.166	10.995
Kviting ²	25.190	9.946	925	340
Raudspette ²	31.500	30.000	2.859	2.429
Makrell ²	23.933	22.323	29.324	24.178
Nordsjøsild ²	50.850	50.910	14.992	9.998
Augepål	50.800	50.800 ³	16.825	3.712
Kolmule	- ⁴	19.000	18.781	17.877
Tobis	150.000	131.000	13.621	6.090
Reke	1.040	1.040	727	829
Andre artar	11.000	11.000	9.057	8.302
Fiskerisona ved Jan Mayen:				
Kolmule	1.000	1.000	-	21

¹ EU sine kvotar i NØS i Nordsjøen, er både i 2001 og 2002 sett saman av to kvoteavtaler; avtala mellom EU-Noreg og avtala mellom Sverige-Noreg. Avtala mellom Sverige og Noreg er dessutan presentert under 6.2.7.

² For disse fellesbestandane avtalar EU og Noreg storleiken på TAC for kvar bestand, fordeling av TAC på dei to partane, eventuelle kvotebyte og kor mykje partane kan fiske i dei respektive sonene.

³ EU kan fiske 40.000 tonn av denne kvoten som tobis

⁴ Bifangst i augepålfisket

EU hadde ei utnytting på 82% av kvoten andre artar i Nordsjøen i 2002 og 76% i 2003.

6.2.3 Færøyane – Noreg

6.2.3.1 Kommenterar til oversikta

Færøyane sine kvotar og fangstar i norske havområde går fram av tabell 6.19. Færøyane sine kvotar av torsk, hyse og uer nord om 62°N var samansett av kvotane frå Noreg og tildelingar frå Russland.

Om dei fiskeriatvitalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003

Tabell 6.19 Oversikt over Færøyane sine kvotar og fangstar i norske havområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
NØS, N 62°N:				
Torsk	4.300	4.300	4.277	4.310
Hyse	452	528	452	528
Sei	350	450	520	561
Blåkveite	-	-	12	6
Uer	-	-	17	8
Kolmule	500	500	-	1
Lodde	13.000	9.000	11.270	8.760
Makrell	9.590	11.175	-	-
Andre artar	170	180	14	9
NØS, Nordsjøen:				
Sei	1.400	1.400	1.021	487
Nordsjøsil	1.200	700	1.418	770
Augepål	19.500	19.500	4.537	8.332
Makrell	-	-	9.770	11.248
Hestmakrell	400	1.000	441	59
Håbrann/pigghå	300	300	1	-
Andre artar	280	280	347	74
Fiskerisona ved Jan Mayen:				
Kolmule	100	100	-	-
Reker	50	50	13	-

Etter avtale med Noreg kan delar av Færøyane sine kvotar i russisk økonomisk sone (RØS) fiskast i NØS. I 2002 utgjorde kvotane frå Noreg 1.700 tonn torsk, 350 tonn hyse, 350 tonn sei og 40 tonn andre artar, medan kvotane frå Noreg i 2003 representerte 1.700 tonn torsk, 400 tonn hyse, 450 tonn sei og 50 tonn andre artar. Differansen mellom kvotane i oversikta i tabell 6.19 og kvotane frå Noreg syner altså det kvantum Færøyane kunne fiske av russisk tildelte kvotar i NØS.

Makrellkvoten til Færøyane kunne også fiskast i NØS i den nordlege delen av Nordsjøen (ICES område IVa). I praksis har kvoten dei siste åra vorte fiska i Nordsjøen.

Færøyane sin seikvote sør for 62°N inkluderer bifangst av sei i andre fiskeri. Det same gjeld for sildekvoten. Augepålkvoten på 19.500 tonn i 2002 og 2003 omfattar også tobis, kolmule og brisling. I tabellen er fangstane av augepål, kolmule, tobis og brisling samla under augepål. Færøyane fiska

ikkje brisling i NØS i 2002. Dei fiska 130 tonn brisling i 2003.

Kvotane på hestmakrell og håbrann/pigghå kan også fiskast nord for 62°N.

Både i 2002 og 2003 har Færøyane fiska kvotane av torsk og hyse i NØS nord om 62°N. Makrellkvoten vart nytta fullt ut både i 2002 og 2003. Det stod att ein del av seikvoten sør for 62°N både i 2002 og 2003.

6.2.4 Grønland – Noreg

6.2.4.1 Kommenterarar til oversikta

Grønland sine kvotar og fangstar i norske havområde går fram av tabell 6.20. Grønland har nytta torske-, hyse- og seikvotane godt i 2002 og 2003. I 2002 overførte Grønland torske- og hysekvote tildelt frå Russland til NØS på høvesvis 2.360 tonn og 520 tonn. I 2003 var netto overføringar høvesvis 2.660 tonn torsk og 520 tonn hyse frå RØS til NØS.

I NØS sør for 62°N hadde Grønland i 2002 og 2003 ein kvote på 1.100 tonn torsk, hyse og sei samla. Av dette kunne torsk og sei utgjere høvesvis maksimalt 100 tonn og 1000 tonn. I 2002 og 2003 fiska eitt fartøy botnfisk i NØS i Nordsjøen. Sjå tabell 6.20.

6.2.5 Island – Noreg

Island fekk ein torskekvote i NØS nord for 62° N på 3.660 tonn både i 2002 og 2003 som eit resultat av «Smottholavtala». Sjå tabell 6.21.

6.2.6 EU (Sverige – Danmark) – Noreg, om fisket i Skagerrak/Kattegat

Torsk, raudspette og reker kan fiskast berre i Ska-

Tabell 6.20 Oversikt over Grønland sine kvotar og fangstar i norske havområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
NØS, N 62°N:				
Torsk	4.060	4.360	4.059	4.363
Hyse	850	850	593	847
Sei	950	950	823	939
Andre artar	150	150	79	68
NØS, Nordsjøen:				
Torsk	100	100	31	19
Sei	1.000	1000	694	736
Andre artar	-	-	30	25

Om dei fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003

Tabell 6.21 Oversikt over Island sine kvotar og fangstar i 2002 og 2003.

Art	Kvotar (tonn)		Fangst (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
Torsk	3.660	3.660	3.637	3.561
Hyse ¹	-	-	355	274
Sei ¹	-	-	68	76
Anna ¹	-	-	66	57

¹ Bifangst inntil 30 %

gerrak. For dei andre artane gjeld kvotane både Skagerrak og Kattegat.

6.2.6.1 Kommenterar til oversikta

EU sine kvotar og fangstar i Skagerrak/Kattegat går fram av tabell 6.22. Det er i hovudsak Danmark og Sverige som fiskar på desse kvotane, men for enkelte artar har også andre EU-land mindre kvotar.

Tabell 6.22 syner at EU nyttar dei fleste kvotane i Skagerrak/Kattegat godt. På autonomt grunnlag kvoteregulerar EU også andre bestandar enn dei som det er fastsett kvotar på gjennom avtala om regulering av fiskebestandane i Skagerrak/Kattegat. Desse er tunge, lysing og sjøkreps.

6.2.7 Sverige – Noreg

6.2.7.1 Kommenterar til oversikta

Sverige sine kvotar og fangstar i norske havområde går fram av tabell 6.23. I oversikta er fangstane av kviting og lyr samla under kviting. Fangstane av lyr utgjorde 59 tonn i 2002 og 31 tonn i 2003. Industrifiskkvoten til Sverige omfattar kolmule, augepål, tobis, brisling og hestmakrell, av dette kunne det fiskast maksimalt 400 tonn hestmakrell. I tabellen er fangstane av augepål,

Tabell 6.22 Oversikt over EU sine kvotar og fangstar i Skagerrak/Kattegat

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
Torsk	6.870	3.773	6.568	3.726
Hyse	6.035	3.017	4.495	2.101
Kviting	1.964	1.473	229	164
Raudspette	8.279	13.014	6.643	6.344
Nordsjøsild	69.330	69.330	66.327	66.955
Brisling	46.250	46.250	30.808	33.630
Reker	5.420	5.420	3.901	4.826

Tabell 6.23 Oversikt over Sverige sine kvotar og fangstar i norske havområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
NØS, Nordsjøen:				
Torsk	200	426	370	211
Hyse	880	789	287	249
Sei	1.350	982	1.295	944
Kviting	190	190	65	38
Industrifisk	800	800	458	781
Makrell	240	260	2.566	2.760
Nordsjøsild	850	910	572	2.346
Reke	140	140	142	134
Andre artar	-	-	705	104

kolmule, tobis og hestmakrell samla under industrifisk. I 2002 fiska svenske fartøy 43 tonn industrifisk og i 2003 fiska dei 781 tonn. Svenske fartøy fiska 415 tonn hestmakrell i NØS i 2002. I 2003 vart det ikkje fiska hestmakrell i NØS.

I samband med at Sverige blei medlem i EU frå 1. januar 1995, fekk svenske fartøy høve til å fiske i NØS i Nordsjøen på EU sine kvotar av torsk, hyse, sei, kviting, makrell og sild i medhald av avtala mellom EU og Sverige. Sverige sine kvotar tildelt av EU forklarar kvifor Sverige tilsynelatande har overfiska nokre av kvotane som er presenterte i tabell 6.23.

I hovudsak er det svenske fisket retta mot kvotane deira av torsk, sei, makrell, sild og reke.

Tabell 6.24 Oversikt over Polen sine kvotar og fangstar i norske jurisdiksjonsområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2002	2003	2002	2003
NØS, N 62°N:				
Kolmule	-	-	-	-
Andre artar	-	-	-	-
NØS, Nordsjøen:				
Torsk	-	-	33	33
Sei	750	750	748	717
Andre artar	75	75	57	42
Fiskerisona ved Jan Mayen:				
Kolmule	-	-	-	-

6.2.8 Polen – Noreg

6.2.8.1 *Kommentarar til oversikta*

Polen sine kvotar og fangstar i norske jurisdiksjonsområde går fram av tabell 6.24. Kvoten av andre artar nord for 62°N gjeld bifangst i fiske etter kolmule. Grunna den uavklarte situasjonen for kolmule vart det ikkje gitt kolmulekvote til Polen i 2003.

Frå og med 1995 blei Polen sitt kvotearrangement i Nordsjøen endra. Botnfiskkvoten blei då omgjort til ein seikvote, der det var tillate med inntil 10 % bifangst av andre artar i fisket etter sei.

Polske fartøy er primært interesserte i sei. Polakane har utnytta seikvoten godt både i 2002 og 2003.

Fiskeridepartementet

tilrår:

Tilråding frå Fiskeridepartementet av 18. juni 2004 om dei fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2004 og fisket etter avtalane i 2002 og 2003, blir send Stortinget.
